

Forpliktande frivillighet

Når tradisjonell og moderne organisering
møtast i dei frivilliges praksis

Gunnhild Nag



Masteroppgåve

Hausten 2012

Sosiologisk institutt, Universitetet i Bergen

Samandrag

Oppgåvas hovudmål er å forstå den individuelle frivilligheita som eit situasjonelt og kontekstuel fenomen. Ut frå dette perspektivet vil eg drøfte spenningsforholdet mellom frivillig og organisasjon i dei frivillige organisasjonane Miljø Noreg og Misjonsforeininga. Miljø Noreg visar til ein av dei nyare organisasjonane, medan Misjonsforeininga visar til ein tradisjonell frivillig organisasjon. Bakgrunn for studien er endringsprosessar i den frivillige sektor og korleis desse gjer seg gjeldande i ulike kontekstar. Den overordna problemstillinga er: Kva betydning har det frivillige arbeidet for dei som deltek i dette arbeidet, og korleis er spenningsforholdet mellom organisasjonen og den einkilde slik det kjem til uttrykk i den frivillige praksis?

Oppgåva er ein fleirnivåstudie av frivilligheit analysert og drøfta opp mot sosiale teoriar som beskriver djuptgåande samfunnsmessige endringsprosessar i forholdet mellom individ og samfunn, og som visar korleis ulike typar av band kjenneteiknar ulike typar fellesskap. Eg nyttar intervju, observasjon og dokument- og webanalyse som ulike datainnsamlingstypar og ei institusjonell etnografisk tilnærming der eg tek utgangspunkt i det frivillige arbeidet slik det er i praksis, gjennom faktisk frivillig aktivitet. I tråd med institusjonell etnografi har eg vald eit eige standpunkt for analysen ved å ta utgangspunkt i dei frivillige sjølv.

Oppgåva visar, med utgangspunkt i dei frivilliges erfaringar, at dei individuelle motiv for deltaking er mange og samansette i begge organisasjonskontekstar, og at frivilligheita har ulike tyding for den einkilde. Motiva er likevel knytt opp til institusjonelle diskursar, noko som gjer at hovudmotivasjonen til å delta er sams innanfor dei ulike organisasjonskontekstane: Altruisme er den viktigaste motivasjonen for deltaking hjå Misjonsforeininga, medan egoisme er det viktigaste motiv for deltaking hjå Miljø Noreg. Desse sams forståingsrammer for arbeidet som visar seg i dei frivillige sine motiv, vel eg å kalle institusjonelle diskursar. Dette visar at handlinga i det partikulære må forståast i ein større kontekst.

Dei institusjonelle diskursane kan undersøkjast som forståingsrammer som er forhandla fram i det frivillige arbeidet, men diskursane er likefult skapt utanfor den lokale konteksten. Av den grunn har eg studert diskursane slik dei gjer seg gjeldande i praksis, men har også studert nettsidene til organisasjonane der diskursane blir tekstleg formidla. Vidare har eg altså sett korleis og i kva grad desse institusjonelle diskursar kjem til uttrykk i faktisk praksis – i det frivillige arbeidet med brukt- og loppemarknad – og samordnar handling.

I analyse av organisasjonenes nettpresentasjonar fann eg fram til to dominerande institusjonelle diskursar som fortel korleis organisasjonen ser individet i høve til fellesskapet. Individet hjå Misjonsforeininga er forstått som uløyselig knytt til fellesskapet, medan individet hjå Miljø Noreg er individuelt forankra. Dette gjev ulike utgangspunkt for korleis organisasjonen går i møte med dei frivillige.

Det interessante i denne samanheng har først og fremst vore korleis og i kva grad dei institusjonelle diskursar gjer seg gjeldande i faktisk praksis. I møte med frivillig praksis visar dei institusjonelle diskursar seg å skape spenning i forholdet mellom frivillige og tilsette. Hjå Misjonsforeininga fann eg ein misjonsdiskurs som i praksis viste seg som ein hjelpediskurs. Det er organisasjonen som skal hjelpast. Sjølv om dei frivillige støttar opp om denne diskursen, erfarer dei at diskursen kan ta for mykje styring og at deira egne behov må vike plass. At dei likefult held fram som frivillige skuldast ei sterk forplikting til fellesskapet. Miljødiskursen hjå Miljø Noreg visar tvert om ein sjølvrealiseringsdiskurs der individets situasjon og behov er vektlagt. Dei arbeidar inn under denne diskursen, men skulle ønskje dei kunne ha knytt seg tettare til både organisasjonen og kvarandre.

Eit viktig funn er korleis dei frivillige hjå dei ulike organisasjonane trekk mot einannan og kvarandre sine diskursar; Dei frivillige i Miljø Noreg skulle ønskje at deira engasjement i større grad var motivert av altruisme, medan dei frivillige hjå Misjonsforeininga skulle ønskje dei fekk utløp for fleire av sine egoistiske verdiar. Dei frivillige står likevel i ei underordna rolle til organisasjonane og må velje om dei vil ta del i organiseringa slik den er, eller om dei vil avslutte engasjementet. Konsekvensane av dette er ulik for dei ulike organisasjonskontekstar.

Slik organiseringa av frivilligheit er hjå Miljø Noreg og Misjonsforeininga anno 2013, sett med utgangspunkt i spesifikke kontekstar, er det organisasjonen ved dei tilsette som i stor grad styrar utforminga av engasjementet. Hjå Misjonsforeininga er ein som frivillig forplikta til å ta del, men ønskjer helst å vere litt mindre forplikta. Den frivillige prøvar å ordne seg på best mogleg måte innan desse rammene for engasjementet. Hjå Miljø Noreg er ikkje den frivillige forplikta med utgangspunkt i organisasjonsfellesskapet, men forpliktar slik seg sjølv ved å ta del. Alt i alt er frivilligheita forpliktande, om det er ein sjølv eller organisasjonsfellesskapet som forpliktar.

Hovudteksten er på 29 700 ord.

Føreord

I denne oppgåva har eg undersøkt frivilligheita i møte med ei ny tid. Prosjektidéen skriv seg frå mi eiga erfaring med frivillig innsats gjennom eige arbeid, og av ei beundring for mor mi, Åslaug Leiknes Nag, sitt frivillige engasjement over mange år.

Ein stor takk går til alle mine informantar som har delt sine erfaringar med meg, og som har ønska meg velkomen inn som deltakande observatør i det frivillige arbeidet.

Takk til rettleiar Karen Christensen for oppfølging, faglege innspel og for rom til læring.

Takk også til Magnus Nag Hatløy som stilte opp til prøveintervju, og til to av mine systre, Elisabeth Nag Hatløy og Sigrid Byre, som var med då eg observerte høvesvis loppe- og bruktmarknad.

Takk til mine medstudentar Mari Sverdrup Drageset, Thomas Davidsen og Anders Ekelund for verdifull korrektur av oppgåveteksten.

Til alle mine kjære på loftet i Sofie Lindsstrøms hus: Takk for alt!

Bergen, 21.12.12

Gunnhild Nag

Innholdsliste

Samandrag	i
Føreord	iii
Innholdsliste.....	iv
Kapittel 1: Innleiing	1
Innfallsvinkel.....	1
Frivilligheit som sosiologisk tema.....	2
Tematisk avgrensing og problemstilling.....	4
Oppgåvas disposisjon.....	6
Kapittel 2: Frivillig organisering i Noreg.....	8
Omfang og utbreiing.....	8
Eit historisk tilbakeblikk.....	9
Det frivillige engasjementets forankring.....	11
Frivilligheit i ei ny tid.....	12
Kapittel 3: Teoretisk rammeverk.....	14
Gemeinschaft og Gesellschaft.....	14
Individualisering og forbrukarsamfunnet	16
Ulike formar fellesskap.....	17
Gåve-relasjonen i det moderne	19
Avslutning	21
Kapittel 4: Forskingsopplegg og metode	22
Innleiing.....	22
Ståstad – egne erfaringar frå frivillig arbeid.....	23
Institusjonell etnografi.....	24
Undersøkingas utval.....	25
Oversikt over studiens datamateriale.....	26
Rekruttering av informantar og tilgang til felta.....	27
Kvalitative intervju med frivillige og tilsette.....	29

Gjennomføring av intervju og andre feltsamtalar.....	30
Deltakande observasjon av frivillig aktivitet.....	31
Gjennomføring av deltakande observasjon.....	32
Forholdet mellom intervju og deltakande observasjon.....	33
Tekstens rolle som datamateriale.....	33
Etiske problemstillingar.....	34
Analyse av data.....	35
Kapittel 5: Organisasjonsbakgrunn.....	36
Introduksjon.....	36
Organisasjonsbakgrunn: Misjonsforeininga.....	36
Organisasjonsbakgrunn: Miljø Noreg.....	38
Konklusjon.....	41
Kapittel 6: Organisasjonenes sjølvpresentasjon.....	42
Introduksjon.....	42
Misjonsforeiningas sjølvpresentasjon.....	43
Aktivitet og oppleving; tradisjon og historie.....	44
Iscenesetjing av kristenliv i fellesskap.....	45
Miljø Noreg sin sjølvpresentasjon.....	46
Aktivitet og oppleving; natur og miljøvern.....	47
Iscenesetjing av miljøetikk.....	48
Konklusjon.....	50
Kapittel 7: Å gi og få gjennom tradisjonelt frivillig arbeid.....	52
Introduksjon.....	52
Den tilsette si rolle i organiseringa.....	53
Loppekomitéen.....	55
Marknaden som arena for frivillig engasjement.....	56
Frivilliges motiv for å delta med frivillig innsats.....	57
Ei sams forståing – ein kvinneleg hjelpediskurs?.....	59

Er det balanse i byte-forholdet mellom frivillige og organisasjon?.....	62
Kapittel 8: Å gi og få gjennom moderne frivillig arbeid.....	64
Introduksjon.....	64
Den tilsette si rolle i organiseringa	65
Bruktmarknadsgjengen	67
Marknaden som arena for frivillig engasjement	69
Frivilliges motiv for å delta med frivillig innsats.....	69
Ei sams forståing – ein sjølvrealiseringsdiskurs?.....	71
Er det balanse i byte-forholdet mellom frivillige og organisasjon?.....	72
Kapittel 9: Avslutning og diskusjon.....	73
Samanfatning av oppgåvas hovudfunn.....	73
Organisering av frivilligheit.....	74
Misjonsforeiningas misjonsdiskurs.....	75
Miljø Noregs miljødiskurs.....	76
Maktubalanse.....	77
Forpliktande frivilligheit.....	78
Litteraturliste.....	80
Vedlegg 1: Førespurnad om deltaking.....	82
Vedlegg 2: Intervjuguide.....	83
Vedlegg 3: Observasjonsguide.....	86
Vedlegg 4: Rettingar.....	89

Kapittel 1: Innleiing

Innfallsvinkel

Utgangspunktet for denne studien er den individuelle frivilligheita som berebjelke for det frivillige organisasjonsliv. Den frivillige innsatsen var starten på det som i dag er ein eigen sektor med eit mangfald av ulike samanslutningar. Sjølv om det frivillige arbeidet har endra seg, har det også i dag ein sentral plass i samfunnet. Det norske folk bidrar med si tid og sine ressursar inn i arbeidet til organisasjonane i stort monn: Gjennomsnittleg har annan kva nordmann arbeidd som ulønt frivillig (Wollebæk og Sivesind 2010:22). Dette omfattande bidraget frå frivillige saman med eit lågt tal på tilsette betyr i praksis at den frivillige innsatsen er drivkrafta i det frivillige arbeidet innan organisasjonane i norsk frivillig sektor.

Det frivillige arbeidet er til og blir skapt i møtet mellom frivillige, tilsette og organisasjon. Kva motiv dei frivillige har for å ta del i arbeidet, og korleis organisasjonen møter desse motiva gjennom sine overordna mål og måtar å organisere frivilligheita på, er heilt sentralt for ei forståing av dagens frivilligheit. I ei tid der individualisme og forbrukarmentalitet i aukande grad pregar individets handlingsval, står organiseringa av frivilligheit overfor nye utfordringar. Det ser ut for at individet i aukande grad etterspør autonomi, og derfor i større grad til er tiltrekt av frivillig arbeid som byggjer opp under særinteresser og individuelle behov (Wollebæk og Sivesind 2010; Gulbrandsen og Ødegård 2011). Dette endringstendensane er viktige for det som skjer med den frivillige innsatsen framover, og eit interessant spørsmål i denne samanheng er korleis organisasjonane møter med denne typen endringar.

Min studie stillar spørsmål om korleis og i kva grad organisering av frivillig innsats er influert av den auka individualiseringa i dagens samfunn, og om korleis dette kjem til uttrykk i den frivillige praksis. Eg vil sjå nærare på dei individuelle motiva som ligg til grunn for frivillig innsats, og forstå desse på bakgrunn av dei band som finst mellom frivillig og organisasjon, men også mellom dei frivillige seg imellom. Typen av band, og kva styrke det er i desse banda, vil gje eit innblikk i korleis og i kva grad frivilligheit inndrar individet og på kva vilkår.

Frivillighet som sosiologisk tema

Frivillige organisasjonar og sivilsamfunnet kom til som eige forskingsfelt i Noreg rundt 1980 (Lorentzen 2007; Nicolaysen 2007, Habermann 2007). Forskinga var lenge retta mot kva dei frivillige organisasjonane kunne bidra med i relasjon til staten som velferdsprodusentar og interesseforkjemparar. Bygd på ei forståing av stat og organisasjon som to åtskilte sektorar, har forskninga i særleg grad retta seg etter desse to ulike innfallsvinklane: Statens interesse av organisasjonane som grunnlag for demokrati og politikk, og organisasjonens rolle som interesseforkjempar opp mot staten. Dei frivillige organisasjonar er bygd opp om demokratiet som interesseforkjempar, og har fungert som ”skular i demokrati” gjennom den demokratiske strukturen i organisasjonane (St. melding nr 2006-2007:51). Forstått som interesseforkjempar i møte med staten, har dei frivillige organisasjonane hatt rolle som kritisk samfunnsaktør og motpart til staten.

Med stadig større statleg styring, kan statens interesser gå på kostnad av dei til organisasjonen. Dette har gitt forskning retta mot spørsmålet om mogleg ubalanse mellom stat og sivilsamfunn, og ei statleg ”kolonisering”, og botnar i forståinga av sivilsamfunn og stat som to åtskilte sektorar (Nicolaysen 2007). Denne forståinga møter likevel stor motbør i dagens samfunn der stat og sivilsamfunn i større og større grad overlappar. Med velferdsstatens framvekst tok staten over fleire av dei oppgåver dei frivillige organisasjonane tidlegare hadde sytt for, og eit samarbeid kom til på tverr av sektorgrensene. I rolla som velferdsprodusent har sivilsamfunnet vist seg som innovativ samarbeidspartnar heller enn motstandslaus part overfor stat og statleg styring.

Eit styringsperspektiv har like fullt følgd forskninga på frivillig sektor. Dette perspektivet har ikkje berre gjort seg gjeldande innan forskning på forholdet stat – organisasjon, men har også fått tyding innanfor forskning på forholdet frivillig – organisasjon i form av at strukturforståinga gjer seg gjeldande også her. Forsking på forholdet frivillig – organisasjon kom til på midten av 1980- talet og følgde opp om dei strukturelle perspektiv ved å fokusere på formelle strukturar og dei ulike måtar å gjere frivilligheita på innan ulike kontekstar. Eit døme er Lorentzen og Rogstad (1994) sin studie ”Hvorfor frivillig. Begrunnelser for frivillig sosialt arbeid”. Studien handlar om individuelle motiv for frivillig arbeid, og om korleis desse blir styrt av formelle strukturar. Forskarane støttar seg til organisasjonsteori, og legg til grunn at frivillig handling må forståas på bakgrunn av samanfall mellom individuelle motiv og organisasjonens ideologi. Det gjer at dei individuelle motiv kan manipulerast av

organisasjonen ved endringar i intensivsystem retta mot dei frivillige.

Dette organisasjonsteoretiske synet på frivillig handling gjev forskning som kan fange inn frivilligheita i den grad den er knytt opp til organisasjonen. Men i den grad frivilligheita er lausrive frå organisasjonen, evnar ikkje denne typen forskning å fange inn kva som motiverer dei frivillige til frivillig innsats. Endringar i relasjonen mellom frivillig og organisasjon med utgangspunkt i den frivillige fell med det utanfor tidlegare forskings problemområde.

Det frivillige engasjementet og motiva til deltaking har endra seg den seinare tida (Wollebæk og Sivesind 2010; Gulbrandsen og Ødegård 2011). Dei frivillige organisasjonar har i dag ei tosidig rolle; Organisasjonane er berarar av samfunnsverdiar, men også formidlarar av særinteresser. Denne utviklinga meiner forskarar skriv seg frå ei aukande tendens til individualisering og avideologisering i samfunnet (Gulbrandsen og Ødegård 2011). Nye organisasjonar som kjem til vel gjerne andre typar strukturar enn det som har vore vanleg tidlegare for å kunne møte desse endringsprosessane. Men endringane kan tenkjast å ha innverknad på frivilligheita uavhengig av organisasjonsstruktur. Det vil av den grunn vere fruktbart å sjå nærare på relasjonen mellom frivillig og organisasjon.

Eg vil i denne oppgåva nytte ei tilnærming som visar samanhengen mellom mikro- og meso-forhold, ved å ha fram dei individuelle motiv gjennom dei frivilliges erfaringar og opplevingar. Med dette ønskjer eg å opne for ei forståing av frivilligheita som er rotfesta i den frivillige praksis heller enn i system og struktur. Mitt mål er å studere frivilligheit ut frå dei frivillige sine motiver, men med ei kontekstuell forståing av desse motiv.

Gjennomgang av tidlegare forskning visar at to *grunn*motiv har dominert i forskning på frivilliges motiv til deltaking. Dette er dei altruistiske motiv knytt opp mot ueigennytte og dei egoistiske motiv knytt opp til eigennytte (Nicolaysen 2007; Habermann 2007). Denne inndelinga er likevel for snever; Nyare forskning visar at motiva for å delta er mange og langt meir samansett (Nicolaysen 2007; Wollebæk og Sivesind 2010). Motiva kan med andre ord vere rasjonelle, men samstundes normstyrte. Eg ser på dette slik som Habermann (2007:47) som argumenterer for at motiver i eit sosiologisk perspektiv best er forstått som ein blanding av normative, instrumentelle og strukturelle val. Dette gjer at motiva ikkje kan forståas psykologisk, men situasjonelt og kontekstuellt.

Ved å forstå motiva ut frå den kontekst og ulike kontekstuelle nivå motiva inngår i, kan ein fange inn dei endringsprosessane som gjer seg gjeldande innan det frivillige og forstå frivilligheita som eit samansett fenomen. Nicolaysen (2007) argumenterer i "Giving, Receiving, Rendering" for at gåve-teori kan nyttast til å fange inn kompleksiteten i dei

frivilliges motiv. Ho nyttar gáva som eit sensitiverande omgrep (Blumer 1969) og visar korleis frivilligheit ikkje berre handlar om eit rasjonelt byte mellom frivillig og organisasjon, men om ein sosial relasjon som forpliktar.

Eg vil i denne studien forstå gáva som eit kretsloop der det å gje, det å få og det å yte tilbake kan forståas gjennom sosial praksis og handlingar erfart av dei involverte innan dei kontekstar dei arbeidar innanfor. Gåve-teori som sensitivt omgrep vil kunne opne for det empirien kan vise; Dei sensitive omgrep er meint å gi ein guide inn i empirien som synar kva ein kan sjå etter, motsett frå definitive omgrepa som er bestemt på førehand, forut for analyse (Blumer 1969). Med utgangspunkt i dei frivilliges erfaringar får dei frivillige sjølv ei sentral og aktiv rolle i forståinga av frivilligheita, og studien kan med det gje eit bilete på frivilligheit slik den er erfart i praksis, men innan ulike kontekstar.

Tematisk avgrensing og problemstilling

Slik utfordringa er framstilt av forskinga på dette feltet, er det viktig å fokusere på aktuelle endringar. Eg vil betrakte dette som endringar som handlar om både det ein kan kalle den tradisjonelle og det ein kan kalle den moderne frivilligheit, og eg har derfor vald å samanlikne to ulike organisasjonane frå frivilligfeltet som kan representere dei ulike typar frivilligheit.

Organisasjonane i utvalet har eg vald å kalle Norsk Foreining for Misjon, heretter Misjonsforeininga, og Miljø Noreg. Dei representerer høvesvis ein tradisjonell og ein moderne organisasjon; Mens den frivillige innsatsen har aktivitet i begge organisasjonane, er det likevel snakk om ei annleis rolle i dei moderne organisasjonane samanlikna med dei tradisjonelle. Det set frivilligheita innan to ulike rammer, og vil kunne vise korleis frivilligheita står overfor ulike utfordringar i dag alt etter korleis den er organisert og møter deltakarane sine.

Med tradisjonelle organisasjonar meiner eg eldre organisasjonar med ei hierarkisk oppbygging med lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Aktiviteten er i stor grad medlemsbasert og grunnfesta i lokale foreiningar og lag, noko som gjev ein desentralisert organisasjonsstruktur der styringa er med prega av ein dobbel informasjonsassymetri. Informasjon om aktivitet på lokalnivå blir formidla nedanfrå og opp, men informasjon blir også formidla ovanfrå og ned.

Med moderne organisasjonar meiner eg organisasjonar av nyare tid som har vald ein to

nivås oppbygging med nasjonalt og regionalt nivå der lokalt nivå er teke bort for å styrkje det nasjonale. Også tal på regionar blir heldt nede. Gjennom nasjonalt og regionalt nivå skal folk engasjerast som deltakarar heller enn medlemmar. Det gjer at makt, ansvar og oppgåver er tettare knytt saman som igjen gjev ei styrka bottom-up styring og mindre top-down styring.

Organisasjonane representerer ulike felt innanfor den frivillige sektor. Misjonsforeininga representerer religion- og livsynsfeltet av frivilligheita, medan Miljø Noreg fell innunder eit felt som handlar om politikk og humanitære problemstillingar og ikkje minst utviklinga av eit miljøvenleg samfunn.

Misjonsforeininga, som er med i denne studien, er ei av dei eldste misjonsorganisasjonane etablert på slutten av 1800-talet. Organisasjonen arbeidar i inn og utland, og har eit breidt aktivitetsspekter. Arbeidet ute er i stor grad bistandsretta, medan arbeidet heime er prega av institusjonsdrift med skular og leirstader, men også mediaverksemd og forkynning for å nå ut med det kristne budskap.

Miljø Noreg i denne studien er ein ung organisasjon stifta rundt 1990. Organisasjonen er aktiv politisk interessekjempar og arbeidar for ei meir berekraftig framtid. Arbeidet har Noreg som hovudarena, men er også knytt opp til nettverk rundt om i verda og har funksjon som talsmann for desse her i Noreg. Aktiviteten er i stor grad knytt til nettverkskaping og til haldningsskapande arbeid blant befolkninga. Organisasjonen driv blant anna opplysningsarbeid, skolering og kampanjar.

Ved å studere dei to organisasjonane som representantar for ein tradisjonell og ein moderne organisasjon, vil eg sjå nærare på korleis det frivillige arbeidet blir organisert innan dei to ulike organisatoriske rammer. For å undersøkje møte mellom frivillig og organisasjon, vil eg ta utgangspunkt i dei frivillige sine erfaringar og opplevingar kring det frivillige arbeidet og sjå korleis og i kva grad desse er knytt opp til det eg vil kalle institusjonelle diskursar. Dei institusjonelle diskursar vert her forstått som dei forståingsrammer individet heldt seg til hjå den aktuelle organisasjonen og som handlar om denne organisasjonens organisering, koordinering og tilrettelegging av det frivilligheita.

Formulert som spørsmål blir problemstillinga dermed:

Kva betydning har det frivillige arbeidet for dei som deltek i dette arbeidet, og korleis er spenningsforholdet mellom organisasjonen og den einskilde slik det kjem til uttrykk i den frivillige praksis?

Oppgåvas disposisjon

Ettersom endringsprosessar i den frivillige sektor ligg til grunn for oppgåvas problematikk, vil eg i kapittel 2 byrje med ei framstilling av dei frivillige organisasjonane i møte med ei ny tid. Tidlegare forskning visar ein frivillig sektor i stadig endring. Desse endringane har utslag for verksemda til organisasjonane og utgjer viktige kontekstuelle rammer for den frivillige praksis.

Kapittel 3 er ein presentasjon av oppgåvas teoretiske rammeverk og er delt i tre delar. Den første delen presenterer eg individualiseringa som ei djuptgåande samfunnsmessig endringsprosess. Den neste delen visar til ulike idealtypiske fellesskap i samfunnet, og til kva som kjenneteiknar desse. Den siste delen omhandlar ideen om gáva som teoretisk perspektiv på handling. Kvar av dei ulike delane er relevante for den seinare drøftinga av oppgåvas datamateriale.

Studiens metodegjennomgang og -drøfting er lagt til kapittel 4. Her presenterer eg institusjonell etnografi som studiens metodiske hovudtilnærming – inspirert av Dorothy Smith. Denne tilnærminga er vald fordi den opnar opp for å forstå frivilligheita på bakgrunn av folks aktivitetar i kvardagen, men innan kontekstuelle rammer som også inkluderer diskursar. Studien inkluderer tre datainnsamlingstypar: Intervju for å hente fram erfaringar og opplevingar frå det frivillige arbeidet, observasjon for å få innsikt i den frivillige organiseringa gjennom faktisk praksis samt dokument- og webanalyse for å få innblikk i organisasjonanes sjølvpresentasjonar og dei institusjonelle diskursar for det frivillige arbeidet slik dei kjem til uttrykk i materiell tekst.

I kapittel 5 gjev eg eit overblikk av organisasjonanes struktur, målsetjing og ideologi og visar korleis organisasjonane representerer ulike typar organisering.

Kapittel 6 er det første analysekapittelet. Her analyserer eg organisasjonanes sjølvrepresentasjon på nett, og visar frivilligheita forstått ut frå den organisatoriske konteksta. Dette kapittelet dannar utgangspunkt for dei påfølgjande analysekapitla fordi det gir eit innblikk i ulike institusjonelle diskursar i kvar av organisasjonane som eg i dei neste kapitla vil sjå om kjem til uttrykk i frivillig praksis.

Kapittel 7 og 8 er empiriske analysekapittel av kvar av organisasjonanes arbeid lokalt i samband med marknad. Eg gjev i desse kapitla ein heilskapleg framstilling av kva som motiverer dei frivillige i arbeidet innan dei ulike gitte kontekstar. Eg ser på kva band dei har til kvarandre og til organisasjonen, og undersøker kva frivilligheita betyr for dei som er med.

Dette opnar for ei drøfting av korleis frivilligheita er organisert og heldt ved like.

Til sist, i det avsluttande kapittel 9, drøftar eg korleis organiseringa av frivilligheita i dei to organisasjonskontekstane skil seg frå einannan, og korleis dei likefullt møtast i den frivillige praksis.

Kapittel 2: Frivillig organisering i Noreg

Dei frivillige organisasjonane i Noreg består av eit mangfald av organisasjonar med ulike breidde, historie og kontekst (Selle og Øymyr 1995). Kva som kjenneteiknar frivillig organisering i Noreg er av den grunn eit samansett spørsmål. Eg vil i det følgjande presentere eit overblikk over omfang og utbreiing av frivillig arbeid generelt og innan ulike organisasjonstypar. Heilskapsbiletet presentert gjennom tidlegare forskning samt Stortingsmeldinga ”Frivillighet for alle” (St. melding nr 39 2006-2007) visar det norske organisasjonssamfunn som vitalt og framgangsrikt. Oversikta er like fullt eit statistisk augneblinksbilete og evnar ikkje å fange inn mangfaldet av ulike formar for frivillighet.

For å få eit nærare innblikk i frivilligheitas ulike formar, vil eg sjå på den historiske utviklinga som ligg til grunn for det frivillige engasjement i Noreg. Utviklinga kan i tråd med Lorentzen (2007) forklarast med utgangspunkt i den norske tradisjonen for frivillig engasjement. Den norske tradisjonen visar til ulike måtar å organisere etter det ein trur på og vil kjempe for (Lorentzen 2007:51); Der frivilligheita tidlegare var egalitær og knytt opp mot felles kamp for fellesskapet, vert den i dag utfordra av den framveksande individualiseringa der individet ønskjer å realisere eige liv på eigne premisser. Denne djuptgåande endringsprosessen har innverknad for korleis dagens organisering blir forma. Som vi vil sjå av presentasjonen, peikar dagens frivillige praksis i retning av ei frivillig organisering som går på tverr av tidlegare skilje med omsyn til type, struktur og omfang.

Omfang og utbreiing

Stortingsmeldinga ”Frivillighet for alle” (St. melding nr 39 2006-2007) held fram frivillig sektor som ein viktig del av verdiskapinga, og stadfestar ei positiv utvikling for sektoren. Forutan å vere kjenneteikna av eit mangfald av organisasjonar, er sektoren særprega av stor oppslutning blant folket. Det finst 115 000 frivillige organisasjonar i Noreg (St. melding nr 39 2006-2007:11), delt inn i idrett, kulturliv, barne- og ungdomsorganisasjonar, religion- og livssyn, velferdsorganisasjonar, solidaritet og bistand, minoritetsorganisasjonar, politiske parti og interesseorganisasjonar samt beredskapsorganisasjonar.

Frivillig sektor i Noreg er kjenneteikna av organisasjonar med små medlemsmassar;

Gjennomsnittleg har kvar organisasjon 88 registrerte medlem. Seksti tusen av organisasjonane er utan tilsette og har om lag 50 medlem (St. melding nr 39 2006-2007:38), men til gjengjeld er den frivillig og ubetalte arbeidsinnsatsen stor (Wollebæk og Sivesind 2010:15). Wollebæk og Sivesind (2010:22) sin rapport "Frå folkebevegelse til filantropi" visar at heile 48 % av befolkninga har bidrege med frivillig arbeid i ein av 14 ulike organisasjonstypar. Rapporten deira byggjer på ein representativ befolkningsundersøking "Undersøkelse om frivillig innsats 2009", gjennomført av Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor. Rapporten visar vidare at det i perioden 2004 til 2009 var vekst i frivilligheit innan dei fleste frivilligheitsfelt (Wollebæk og Sivesind 2010:30). Berre tradisjonelle organisasjonar med politisk og religiøs orientert arbeid, slik som Misjonsforeininga og Miljø Noreg, opplever ei svak nedgang i frivillig innsats i dette tidsrommet.

Ei nedgang i dei tradisjonelle organisasjonar kan vise til ei endring i det frivillige engasjementet. Dei tradisjonelle organisasjonane vore kjenneteikna av ei aktiv medlemsmasse, og ein demokratisk struktur som legg til rette for direkte deltaking (Wollebæk og Sivesind 2010). Men om dagens trend der deltaking som frivillig er lausrive frå medlemskap også gjer seg gjeldande innan dei tradisjonelle organisasjonane, kjem den medlemsbaserte strukturen til kort. Nye formar for frivillig deltaking vert kopla opp til dei "nye" organisasjonane. Desse har ei annleis oppbygging og struktur, slik som til dømes ad hoc organisasjonane og hybridorganisasjonane. Dette er organisasjonar som i stor grad har fristilt individet frå organisasjonen, og som i teorien har lettare for å tilpasse seg nye ideologiske retningane blant folket. Men dersom endringane er djuptgripande nok, noko eg i denne samanheng søkjer å belyse, vil det kunne tenkjast at nye formar for frivilligheit også gjeldande også innan dei tradisjonelle organisasjonar.

Eit historisk tilbakeblikk

Dei første frivillige samanslutningane kom til på midten av 1800-talet (Lorentzen 2007). Dette er organisasjonar som i seinare tid er omtalt som folkerørslar. Folkerørslene samla folk saman for å kjempe for saker som misjon, avhald og arbeid, men også saker som fattigdom, kulturminnevern og folkeopplysning (St.melding nr 39 2006-2007). Sams for desse ulike samanslutningane var det store engasjement på grasrota, lav grad av formalisering og eit aktivt lokalt foreiningsarbeid. Organisasjonane var økonomisk uavhengige frå staten og finansierte drifta av eigengenererte inntekter i form av innsamlingar og medlemspengar samt

gåver.

Mot slutten av 1800-talet kom det til organisasjonar innan helse, sosialomsorg og humanitært arbeid (St. melding nr 39 2006-2007:23), og deretter følgde mellomkrigstida med vekst i organisasjonar knytt til arbeidarrørsla. I denne tida var det også vekst i dei humanitære og religiøse organisasjonane, og innan kultur- og idretts og folkeopplysningsorganisasjonar. Åra mellom 1900 og 1940 står som ein gullalder for folkerørslene (Lorentzen 2007:96).

Etter andre verdskrig vart organisasjonane i stor grad formalisert. Oppbygginga forma seg etter det demokratiske prinsipp med lokalt, regionalt og nasjonalt nivå der individuelle medlem vert representert oppover i organisasjonen. Denne strukturen var inspirert av dei politiske organisasjonane (Wollebæk, Selle og Strømsnes 2008), og er gjerne omtalt som den tradisjonelle tre-nivå inndelinga. Dei organisasjonar som følgjer denne oppbygginga er gjerne omtalt som tradisjonelle organisasjonar.

Eit sentralt utviklingstrekk i etterkrigstida er det aukande samarbeidet mellom stat og sivilsamfunn (Lorentzen 2007). Som følge av velferdsstatens framvekst, har staten gått inn og tatt ansvar der organisasjonane tidlegare har vore sentrale. Somme organisasjonar er no serviceorganisasjonar og velferdsprodusentar eller tenesteleverandørar på bestilling frå staten, sjukeheimsplassar er eit døme på dette. Stat og frivillig sektor samarbeider også i felles prosjekter. Dette har mellom anna gitt endringar i frivilligheita i retning av auka profesjonalisering. Profesjonane tek over dei oppgåver amatørane tidlegare har hatt, og faget i seg sjølv er styrka innan organisasjonane (Lorentzen 2007:110). Denne utviklinga i samarbeidet mellom stat og sivilsamfunn kan sjåast som uttrykk for statleg styring.

Dei nye organisasjonane som kjem til ser ut til å rette seg etter denne utviklinga. For fleire betyr dette at ein vel ei to-nivå inndeling der lokalnivået er teke bort, noko som gir auka ressursar til nasjonalt nivå og grunnlag for større grad av profesjonalisering. Med tanke om sivilsamfunnet og dei frivillige organisasjonane som ein arena der ein kjem saman på egalitært grunnlag, er dette urovekkjande og ei trugsle mot frivillig sektors eigenart.

Den kritisk rolla som samfunnsaktør blir pressa i møte med den nye samarbeidsrolla. Med tett samarbeid med staten, slik som fleire av dei moderne hybridorganisasjonane har, får ein store midlar til arbeidet. I snitt er 36 % av drifta til dei frivillige organisasjonar statleg finansiert, medan 56 % er eigenfinansiert og 9 % kjem frå gåver (St. melding nr 39 2006-2007). Somme organisasjonar nektar seg denne finansieringa og er slik økonomisk uavhengige frå staten, medan andre knyt seg velviljug tettare til staten. Andre organisasjonar

igjen ser seg nødt til å rette seg etter statens retningslinje for å halde hjula i gang og aktiviteten oppe.

Det frivillige engasjementets forankring

Om ein ser nærare på det frivillige engasjementet som ligg til grunn for organisasjonenes verksemd, er det tenleg å sjå nærare på det frivillige engasjements forankring i den særnorske tradisjonen av frivilligheit. Denne tradisjonen kan, i tråd med Lorentzen (2007), forklarast gjennom tre ulike ”bein” som støttar seg til kvarandre; dugnaden, filantropien og kollektivismen.

Dugnaden er sjølve grunnlaget til det frivillige engasjementet vi ser i dag. Den først forma for dugnad var gardsdugnaden. Gardsdugnaden kom til som følgje av at eiga arbeidskraft somme tider ikkje var tilrekkeleg til arbeidet som sto føre, og ved at bonden byrja ta i bruk også andre bønders arbeidskraft. Bøndene danna naturlege arbeidsfellesskap der dei inngjekk i gjensidige byte-forhold. Dugnaden hadde gjerne eit moralsk tilsnitt, men var først og fremst ei praktisk løysing. Det følgde forplikingar som var nøye regulert, noko som gjorde at kvar og ein ikkje bidrog med meir enn ein gav inn (Lorentzen 2007:24).

Folkerørslene som var organisert rundt nasjonale kampsaker var gjerne forankra i den lokale dugnaden, gav grunn for foreiningsdugnaden. Dugnaden var no brukt som ubetalt arbeidsinnsats til å realisere felles prosjekter (Lorentzen 2007:24). Dugnaden tok også form som pengedugnad – ein dugnad der ein går saman for å samle pengar til ein felles sak. Foreiningane har nytta eit mangfald av ulike inntektsskapande aktivitetar. Eit døme er loppemarknaden, eit anna privattenester som til dømes rydding av varelager (Lorentzen 2007:25). I dag er loppemarknaden den mest brukte forma for dugnadsinnsats innan for alle typar sivile fellesskap (Lorentzen 2007:21).

Filantropien har like djupe røter som dugnaden, men visar til ein annan måte å forankre det frivillige engasjementet (Lorentzen 2007:52). Innan filantropien er mennesket tenkt å skulle yte til det beste for sine medmenneske. Ansvar er personleg, men gjerne knytt til humanismen eller kristen etikk. Det å skulle gjere noko godt for andre, er her utgangspunktet til frivillig engasjement. Filantropien var lenge organisert gjennom legat, stiftelsar og gåver, men tok seinare form som foreiningar og lag og hierarkisk organisasjonsstruktur. Uttrykk for det filantropiske engasjementet er å sjå i dei mange misjonsforeiningane frå det tidlege

organisasjonslivet i Noreg, tilbake på 1800- talet, slik som til dømes Misjonsforeininga.

I den kollektive tradisjonen ser vi ein annan type rasjonalitet gjer seg gjeldande. Her er ikkje det frivillige engasjementet normstyrt, men knytt opp til ei forståing av kollektiv handling som målrasjonelt. Den einskilde vert engasjert som ein del av eit større fellesskap som står saman for å oppnå eit gitt resultat. Fellesskapets vilje blir med det styrande for den einskilde, og kvar og ein er med og yter for det felles beste. Men det frivillige engasjementet er ikkje egalitært forankra slik det er innan dugnaden; Engasjementet i kollektivismen er hierarkisk utforma og skiljer mellom lek og lærd.

Dugnaden, filantropien og kollektivismen er slik ulike måtar å forankre frivillig engasjement. Dugnaden har eit solid feste blant den norske befolkninga, noko som gjenspeglar egalitarismen som viktig ideologisk strøyming. Den var grunnlag for dei andre formane form frivillig engasjement, her omtalt som filantropi og kollektivisme. Etter kvar har filantropien og kollektivismen fått lik utsjånad ytre sett, med sine foreiningar og lag, men desse, og då også dugnaden, har altså ulike måtar å handsame frivilligheit på (Lorentzen 2007:40).

Frivilligheit i ei ny tid

I dagens samfunn møter det sivile engasjement utfordringar. Å stå saman med andre er ikkje lenger den rådande diskursen. Den påtrengjande individuell-rasjonelle nyttetenkinga og ei instrumentell haldning til organisasjonslivet, gjer at individet kan forlate organisasjonane (Wollebæk og Sivesind 2010; Lorentzen 2007).

Wollebæk og Sivesind (2010) omtalar i studien ”Frå folkebevegelse til filantropi” endringstendensar i det frivillige engasjementet. Der den ”tradisjonelle” frivillige identifiserte seg med organisasjonens ideologi, har den ”moderne” frivillige egne målsetjingar for engasjementet. Det gjer at frivilligheita no også kjem til uttrykk som ”organisert individualisme” (Selle og Øymyr refert i Wollebæk og Sivesind 2010). Individet i dagens samfunn er ikkje lenger organisasjonsdyr som finn seg til rette innanfor ei frivillig samanslutning og blir der livsløpet ut. Underordninga som følgjer med lojalitet og forplikting med organisasjonen kjem i konflikt med dei nye ideal som pressar seg fram.

Fleire forskarar stillar spørsmål ved om filantropien har betre framtidsutsikter enn kollektivismen (Lorentzen 2010:57; Wollebæk og Sivesind 2010). Filantropien står sterkare i

møte med det nye individualistiske, i at filantropiske ideal fell saman med individualismens ønske om individuell sjølvråde. Samstundes kan mange av dei nye kollektivt retta organisasjonane tilby ei anna form for frivilligdom der den frivillige kan bidra som profesjonell frivillig og slik opne opp for den nye frivilligheita.

Endringane opnar for spørsmål om ulike organisasjonars ønske om å tilpasse seg, og korleis dei kan halde på frivilligheita. Det synast som at dei tradisjonelle organisasjonane i ulik grad er rusta til å møte endringane, alt etter om dei heldt fram det filantropiske eller det kollektivistisk forankra engasjementet. Dei nye og meir moderne organisasjonane kan på si side, i følge tidlegare forskning, lettare rette seg etter dei nye strøymingar som kjem til, og slik organisere seg i tråd med endringane i frivilligheita.

Kapittel 3: Teoretisk rammeverk

Ettersom individualiseringa er eit viktig trekk ved samfunnet i dag, er det truleg at endringsprosessane også gjev utslag innan det frivillige engasjementet knytt opp til dei frivillige organisasjonane. Eg vil presentere individualiseringstesa på bakgrunn av Ferdinand Tönnies sin analyse av overgangen frå det tradisjonelle til det moderne samfunn, og også i lys av Zygmunt Baumanns teori om forbrukarsamfunnet. Bauman nyttar Tönnies' omgrepsspar og omtalar individualiseringa på bakgrunn av dagens samfunn der individets val og handlingsalternativ er knytt opp til individets rolle som forbrukar. Vidare vil eg vise korleis handling innan ulike typar fellesskap kan forståas på bakgrunn av styrken i bandet mellom medlem og fellesskap, og at dei ulike typar fellesskap i stor grad overlappar og vanskeleg kan skiljast frå ein annan. Endeleg vil eg vise korleis gåveteori opnar opp for altruistisk handling som motivert av individet *i samspel med sine omgjevnader*. Dette dannar utgangspunkt for å undersøkje individualiseringa slik den kjem til uttrykk gjennom faktisk praksis.

Gemeinschaft og Gesellschaft

Tönnies visar med sine omgrep Gemeinschaft og Gesellschaft overgangen frå det tradisjonelle til det moderne samfunn (Tönnies og Harris [1887] 2001). Gemeinschaft visar til dei førindustrielle samfunnsformar, medan Gesellschaft visar til dei industrielle samfunnsformar. I sin studie "Gemeinschaft und Gesellschaft" visar Tönnies til ulike trekk ved desse samfunnsformar, og til korleis dei er bunden saman gjennom særigne viljestypar. Viljestypane vesensvilje og valvilje visar til fundamentalt ulike tenkemåtar og motiv for handling med sin eigen indre "logikk", og må forståast på bakgrunn av Gemeinschaft og Gesellschaft som ulike samfunnstypar.

Gemeinschaft visar til eit samfunn grunnlagd i det førehandsetablerte (Tönnies og Harris [1887] 2001). Denne typen samfunn består i dei relasjonar og institusjonar mennesket er født inn i og som styrar individets handlingsval. Gemeinschaft vert slik forstått som dei naturlege fellesskap. Vesensviljen er den sentrale førestillinga som rammar inn desse type fellesskap. Denne viljen er knytt opp til individets forståing av dets plassering og tilknytning til det fellesskapet ein er del av og født inn i. Individet og fellesskapet er i denne samfunnstypen ei sams eining som ikkje kan skiljast frå einannan. Individet handlar etter det som vert forventa,

og gjer dette utan refleksjon eller ettertanke. Vesensviljen er eit utslag av indre band som knyt menneska saman – slik som til dømes blodsband, stedsband, og andelege band.

Blodsrelasjonen mellom mor og born visar det naturgitte ved vesensviljen, som synar det nære band. Dette er band insisterer kvar einskild på å halde ved like, og er gjort til ei haldning meir enn ein medviten tanke og avgjersle. Fellesskapet er slik eit bygd på eining og sams vilje, og dei individuelle liv blir til innanfor fellesskap som manifesterar dei sosiale band gjennom bekreftande handlingar.

Sjølv om Gemeinschaft er kjenneteikna av samhald og solidaritet, rommar det også motsetnadsforhold mellom menneska (Tönnies referert i Lindbekk 2001:95). Dette kjem av ulikskap mellom ulike grupper som utgjer indre og ytre krets i fellesskapet. Desse gruppene har ulik makt, noko som gjev mogleg maktubalanse. Likevel, makta er balansert som følgje av ”vi”-samfunnets samkjensle. Med auka makt følgjer auka godleik som gjev eit balanseforhold mellom partane og eit harmonisk heile. Desse formar for samfunn er like fullt eit samfunn der ulikskap blir heldt levande, og menneske er undertrykt. Denne makt-ubalansen kan til dømes gjere seg gjeldande gjennom dei religiøse band i dei ulike trussamfunn. Dei ulike fellesskap fell innunder Gemeinschaft i den grad medlemmane av eigen vilje innordnar seg og er nøgd med det.

Gesellschaft-omgrepet på si side visar til det samfunn som er ”utanfor” individet, samfunnformar ein medviten oppsøker (Tönnies og Harris [1887] 2001). Gesellschaft er arenaen for sal og handel, for byte og kontraktsforhold. I Gesellschaft samfunn vel individet i prinsippet sjølv kven det samhandlar med, og kva relasjonar det inngår i. Konkurransen styrar kven som får delta og kven som blir plassert på sidelinja. Relasjonane er med det bestemt av ei vurdering av kostnad og gevinst – av valviljen. Valviljen er slik ei refleksiv handling underlagt prinsippet om nytte-maksimering; Individet handlar i Gesellschaft fellesskapet etter eigen vilje. Det er gjort sjølvstendig, sjølvstyrt og uavhengig i tanke og handling og del av ei aukande individualisering (Aakvaag 2005).

Banda mellom menneska i Gesellschaft er karakterisert som ytre band (Tönnies og Harris [1887] 2001); Mennesket er bunde til andre gjennom avtalefesta relasjonar som er regulert av lover og konvensjonar. Ved at banda mellom menneska er avgrensa til bestemte avtalar, innehar einskildindividet stor fridom. Sjølv om dei ytre band også bind menneske saman, har dei samstundes eit ibuande konfliktpotensiale. Samhald kan like fullt tre fram også her, og treng ikkje vere motstridande mot individets fridom til eigne val. Ein kan til dømes gjennom å gå saman om felles mål også nå fram til eigne mål, men i sin kamp om å nå eigne mål står

individet i ”opposisjon” til andre menneske og kan slik avle fiendskap seg imellom.

Som teoretisk omgrepsspar visar Tönnies’ handlingstypar, vesensviljen og valviljen, til ulike handlingsmønster som følgjer ulik indre dynamikk, og må forståast innan deira bestemte samfunnstypar. Sjølv om utgangspunktet for vesensvilje er å finne i Gemeinschaft, og utgangspunktet for valvilje er å finne i Gesellschaft, kan ein på bakgrunn av Tönnies avhandling tolke Gemeinschaft som naudsynt del av eit kvart samfunn (Lindbekk 2001:96). Ved å nytte omgrepsparet Gemeinschaft og Gesellschaft som analytiske omgrep, kan ein i studie av dagens frivilligheit sjå i kva grad begge viljestypar er tilstade og retningsgjevande for individets handling.

Individualisering og forbrukarsamfunnet

Den nyklassiske sosiologen Bauman (2004) nyttar Tönnies sine samfunnstypar i si diagnose av dagens samfunn. Samfunnsdiagnosen visar til dagens samfunn som eit Gesellschaft-samfunn som har utvikla seg til å bli eit samfunn styrt av ytre krefter der individualiseringa er forstått som ein prosess utanfor individet.

Baumans individualiseringstese er grunnlagt i det han omtalar som ”flytende modernitet” (Bauman 2004) Det som før var fast er no blitt flytande grunna den ekspansive veksten i marknaden som har funne sted i dei vestlege landa. Alt er tilgjengeleg i den kaotiske marknaden, der kvar og ein tilsynelatande kan velje fritt. Bauman ([1988] 2003:16) omtalar den nye fridommen slik: ”I vores samfund er individuell frihet først og fremmest konstitueret som forbrugerens frihet”. Individuell fridomen er slik uløyseleg knytt til individet som forbrukar og underlagt marknaden vilje.

Utvikling frå eit kommunitaristisk til kapitalistisk marknadssystem har, i følgje Bauman (2004), gått i retning av eit samfunn der dyrkinga av den personlege eigenart går på kostnad av det som er sams. I sin trang til å realisere seg sjølv og eigen individualitet, set individet skilje mellom seg sjølv og andre individ. Gjennom fristillinga er individet gjort bunden til marknaden; Individet er fritt i den grad det kan velje i gitte konsumentval bestemt av stat og marknad. Individets handlingsval vert slik bestemt av relasjonar som ligg utanfor seg sjølv. Dette representerer ei openberr bekymring for fellesskapet, og for individets valfridom i det moderne.

Baumans samfunnsdiagnose gjev eit viktig bidrag inn i forståinga av individualisering som endringsprosess i det moderne, men det er viktig å merke seg at også forbrukaren inngår i ein

større sosial kontekst (Aakvaag 2005). Forbrukaren kan ikkje berre nyte dei goda marknaden gjev, men må for å kunne forbruke ha ei inntekt. Arbeid er ein føresetnad for forbrukarsamfunnet, sidan forbrukaren gjennom arbeid er knytt til andre menneske.

Relasjonane er kan hende avgrensa ved at mennesket i dagens samfunn byter jobb oftare, men forpliktinga er der stadig. Forbrukaren inngår med det i regulerte relasjonar og er ikkje fritt-flytande. Isolert sett kan mennesket tenkjast å handle ut frå eigeninteresser, men i den sosiale kontekst er mennesket lært opp til og sosialisert inn i normer og reglar for handling. Dette gjer at individet handlar individualistisk i ulike grader, og ikkje kan ikkje handle utelukkande på individuelt grunnlag.

Ulike typar fellesskap

Mennesket deltek i ei rekkje ulike formar for fellesskap livet igjennom. Somme av fellesskapa er ein med i heile livet, medan andre fellesskap er avgrensa til ulike tidsrom, eller kan ein gå ut og inn av desse. Familien er det første fellesskap, så kjem relasjonen til andre i familiens omkrins. Vidare følgjer skule- og arbeidsfellesskap og ulike praksisfellesskap knytt til ulike interesser og eigenskapar ved individet. Det som skil fellesskapa frå einannan er, i tråd med Bauman og May (2004:59), styrken i banda mellom medlemma. Grad av semje og tilhøyrslskapar slik ulik grad av einsretting og ein sams definert einskap, der einsretting og einskap samvarierer med styrken i fellesskapet. Ved å undersøkje styrken i banda mellom individ og fellesskap, vil eg i dei seinare analysekapitla sjå i kva grad dei frivillige er del av ei sams forståingsramme som kan verke koordinerande for den frivillige innsats. Dette på bakgrunn av ei drøfting av korleis grad av einsretting mellom deltakarane og organisasjon innverkar på frivilligheita.

Trusfellesskapet er døme på eit fellesskap av sterke band (Bauman og May 2004:62). Denne typen fellesskap ønskjer medlemmer som trur på den same sak eller ide - det kan vere dei ulike parti, eller dei religiøse sekter og organisasjonar. Ein byggjer her opp under medlemmanes tru gjennom ulike arrangement og ritual medlemmane blir invitert med i. Graden av tilpassing varierer like fullt frå fellesskap til fellesskap. Dei religiøse sektene stiller gjerne store krav til medlemmane, noko som følgjer av at desse formar for fellesskap har som del av si målsetjing å bevare medlemmane i trua. Medlemmane sine liv blir med det ei sak for fellesskapet. Dette gjer at denne typen fellesskap har ibuande moglegheit for i større grad å

forme og undertrykkje individet.

Motpolen til slike fellesskap er dei som er klart avgrensa til bestemte føremål, og definerte krav til deltaking og innsats. Dei formelle organisasjonane høyrer til innunder her (Bauman og May 2004:63). Bauman og May (2004) visar til at formelle organisasjonar er kjenneteikna av vedtekne statuttar og regelverk som avgrensar den einskildes deltaking - slik inngår medlemmane som rollespelarar etter eit manus gitt av organisasjonen i relasjon til verksemda. Rolla er knytt opp til bestemte eigenskapar ved individet, og kan fyllast av ulike individ. Interesse i bestemte eigenskapar hjå individet gjer at ein kan sjå organisasjonane og medlemmane som partar i ein gjensidig bytterelasjon. I dette byte er kvar av partane sett til ei vurdering av eigennyttan ved å delta i transaksjonen av ulike ressursar. Organisasjonane kan på bakgrunn av dette handle målrasjonelt, og nytte medlemmane som middel på veg mot eigne mål.

Metodane for tilpassing av medlemmane nytta av mål-rasjonelle organisasjonar, kan likne dei som kjenneteiknar byråkratiet (Bauman og May 2004:65). Byråkratiet er etter Webers syn den mest effektive måten å nå eit mål på – der er oppgåvene delt inn i enkle operasjonar som i sin heilskap er del av den overordna oppgåva. Kvar del av oppgåva utgjer eit avklart ansvarsområde. Slik unngår ein overlapp i kompetanse, og det rasjonelle får vinne fram. Rollene er tydeleg definert og angitt visse eigenskapar og ikkje andre. Samordninga av oppgåvene vert ordna hierarkisk, kontrollen må gå frå topp til botn, slik at åtferda kan styrast ovanfrå og sikre organisasjonens stabilitet. I kva grad organisasjonen kan styre individet avhenger i denne modellen etter i kva grad organisasjonen har medlemmar som passar inn i dei rollene dei er tildelt.

Det finst nok dei organisasjonar som nærmar seg Webers idealmodell om byråkratiet, men å få individ til å passe identisk til tillagde roller er utan rot til røynda. Korleis fellesskapa og organisasjonane får innført sine prinsipp for handling og deltaking avhenger av medlemma, av deira eigeninteresse i møte med organisasjonen (Bauman og May 2004). Det avhenger også av dei ulike motivasjonane medlemmane har for å delta, og korleis dei heldt seg til fellesskapets eller organisasjonens målsetjing. Dersom individets mål og fellesskapets eller organisasjonens forventningar til individet ikkje samantfall, kan konflikstar oppstå.

Tradisjonelle organisasjonar med vekt på deltaking er gjerne forstått som fellesskap med stor grad av semje. Dei som deltek er gjerne aktive over lengre tid, og har eit motivasjonsgrunnlag som fell saman med organisasjonens målsetjing. I dei nye organisasjonane er mønsteret for deltaking eit anna; Dei frivillige blir her sett til spesifikke

oppgåver, og har bestemte roller innanfor fellesskapet.

I dei meir moderne organisasjonsfellesskap kan individet kome til og frå (Wollebæk og Sivesind 2010). Dei er lausrive frå organisasjonen og kan følgje opp om eigne, individuelle målsetjingar. Slik kan frivilligheita innan moderne organisasjonar ta form som eit gjensidig byte mellom partar som følgjer opp om kvar si målsetjing, medan byte innan tradisjonelle organisasjonar er til ved sterke band til fellesskapet.

For at desse ulike byte-forholda skal vere makt-balansert, er det ein føresetnad at medlemmane og organisasjon har dei same forventningane til kva det inneber å vere del av fellesskapet. Spenning i forholdet vert til dersom medlemmane og organisasjonen har ulike forventningar til einannan og til bandet seg imellom.

Gåverelasjonen i det moderne

Som ein kan sjå frå den overnemnde gjennomgangen av teori, er fellesskapet ein arena for byte. Byte er ålment forstått som ei handling gjort av rasjonelle aktørar, men denne forståinga reduserer aktøren til økonomisk og nyttemaksimerande. Ved å forstå frivillig handling som ein gåverelasjon, opnar ein opp for ei forplikting mellom den frivillige og dei eller det ein gir frivilligheita til. Ved å forstå byte som gjensidig forpliktande, kan den einskildes involvering og deltaking forståas som ein relasjon heller enn ein eigenskap ved individet som kan manipulerast av organisasjonen – slik det er framstilt av Bauman og May (2004). Teori om gåva og om gjensidigheit opnar for ei forståing av eit fellesskap gjennom det fellesskapet er i praksis, og ikkje det det bør eller skal vere. Dette er ein tematikk som kan fange inn forholdet mellom dei ulike partar, og som visar korleis motiva til å ta del er til og blir skapt i den faktiske samhandling.

Sosialfilosofen Richard Titmuss (1970) undersøker i ”The Gift Relationship. From Human Blood to Social Policy” kva måtar ein gir blod på, og kva denne gåva betyr. Han visar at dei individuelle motiv som forklaring for det å gi, må forståast på bakgrunn av sosiale relasjonar. Gåva er til innan ulike settingar og kan vere uttrykk for moral, religion, psykologi og anna. Det interessante i denne samheng er at gåva kan styrke eller svekke kulturelle band. Gåva kan verke integrerande eller ekskluderande – alt etter korleis relasjonen mellom givar og mottakar tek form innan dei ulike rammer for samhandling.

Titmuss (1970) visar til gåva som ulike formar for velgjerning, og meiner at handlingar som det å gje blod ikkje kan reduserast til eigeninteresse. Dette kjem til uttrykk i definisjonen

av gáva som ”any exchange of goods or services that is strictly social, in that these relations cannot be reduced to factors of power or economic interest” (Caillé og Godbout referert i Nicolaysen 2007:19-20). Grad av solidaritet i dei ulike gåve-relasjonar varierer ut frå distanse til den eller dei gáva er retta mot, om det er aktivitet eller andre ressursar til ein organisasjon, eit medmenneske eller til ei sak.

Når gáva forstås som eit byte av eit sosialt gode, tek relasjonen mellom partane form som sosiale og kulturelle band. Bandet er til i gåvas kretsloop – i det å gi, få og yte tilbake (Nicolaysen 2007). Titmuss (1970) visar til Mauss som omtalar gåve-relasjonen slik:

Når gaver gis og byttes, er ikke den mottatte tingen bare en ting. Selv når giveren har gitt den fra seg, er den fremdeles hans. Gjennom gaven har han et tak på mottakeren, slik eieren av en ting som er stjålet har et tak på tyven (Mauss [1950] 1995:27).

Titmuss tek utgangspunkt i antropologane Malinowsky, Mauss og Schwartz sine analyser om gåve-relasjonen i det tidlege samfunn, og vil med dette utgangspunktet sjå korvidt byte er gjensidig motivert også i moderne samfunn (Rapport og Maggs 2002). I det tradisjonelle var det var ei forventning om å få tilbake, og gjensidigheita batt mottakaren som ein ”skyldnar” til givaren av gáva (Schwartz referert i Titmuss 1970:75). Forpliktinga var med det av *sosial* karakter, og gáva vart forstått som ei symbolsk handling som knyt menneske saman.

Titmuss (1970:13) stillar i forlenginga av dette eit spørsmål ved gáva i det moderne. Han søker å svare på om gáva er redusert til eit økonomisk byte-forhold grunna vår tids økonomiske strukturar og byte-mekanismar. Dei økonomiske marknadssystem har slik Titmuss ser det påverknad for individets handlingsval, men han argumenterer like fullt for at gjensidigheita framleis er grunnleggjande del av handlingsgrunnlaget. Gáva kan, slik antropologane visar, nyttast til å binde andre til seg gjennom å gjere dei til skuldnarar, og til å vinne status. Den kan slik nyttast av nytte-maksimerande individ og gje utgangspunkt for ubalanserte makt-forhold. Titmuss (1970) finn likevel at menneske også i dag gir av altruistiske grunnar; Bloddonasjon som gåve kan ikkje forklarast gjennom individets ønskje om å binde nokon. Dette sidan bloddonoren gir til er framand, eit menneske givaren mest truleg aldri vil møte. Bloddonasjon er slik å rekne som det næraste ein kjem ein fri gåve.

Bloddonoren er ikkje forplikta til å gi på bakgrunn av sosiale forventningar eller moral, men gir likevel (Titmuss 1970). Dette kan ikkje reknast som rein altruisme, sidan individet også handlar på bakgrunn av eigeninteresse, men kan i tråd med Titmuss si analyse forstås som ei samanblanding av ulike motiv. Titmuss legg til grunn at altruisme i det moderne er

motivert av egoisme, men også det å skulle ”hjelp” andre. Denne moderne form for altruisme gav han namnet ”creative altruism” (Titmuss referert i Rapport og Maggs 2002:501).

Ei aukande kommersialisering pressar like fullt vilkåra for altruistisk handling i dei moderne samfunn. Ved at forbrukarmentaliteten er gjeldande for individets handlingsval, gjev dette gåverelasjonar som er bestemt av forholdet mellom givar og system, heller omsynet til givar og mottakar. Dette er ei utvikling som løyser gåva frå dens sosiale forankring, og er ei utvikling Titmuss (1970:157) meiner opnar for stor risiko.

Avslutning

Tönnies med sine omgrep Gemeinschaft og Gesellschaft peikar seg ut som viktig bidragsytar i forståinga av det moderne samfunn og fellesskapstypar innan dette. Gemeinschaft og Gesellschaft visar ikkje berre til overgangen frå det tradisjonelle til det moderne, men til korleis mennesket handlar etter bestemte tankemønster. Tönnies’ teori gjev innsikt i korleis dei gamle tankemåtar kan vere gjeldande også innanfor det moderne – ei forståing Titmuss stadfestar gjennom sitt empiriske arbeid om blodgjeving i det moderne.

Denne teoretiske forståingsramma visar at analyse av frivillig handling i moderniteten gir spørsmål om i kva grad individet handlar individuelt, og om korleis sosial og kulturell kontekst er retningsgjevande for individets handlingsval. Sidan gåve-teori opnar for ei kartlegging av i kva grad individet handlar etter vane, kjensler og samvit, og i kva grad det handlar etter eigen nytte-maksimering, vil dette perspektivet vere tenleg i min analyse av frivillig innsats innan ulike typar organisasjonsfellesskap.

Kapittel 4: Forskingsopplegg og metode

Denne oppgåva har som mål å sjå nærare på dei individuelle motiv for deltaking i frivillig arbeid, og forstå desse innan ulike kontekstar og i lys av endringsprosessar i samfunnet. Eg har designa forskingsopplegget med tanke på å nøste fram dei relasjonar den frivillige er del av og som verkar inn på dei individuelle motiv for deltaking. Utgangspunktet er dei frivillige som tek del i frivillig arbeid med frivillig innsats, studert ut frå frivillig praksis. Denne tilnærminga stillar krav til undersøkingsopplegget; til metodar for innsamling av data, utval, analyse og kriterier for oppgåvas truverde. Eg meiner ei kvalitativ tilnærming er tenleg for å få ei djupare forståing av dei frivillige og det arbeidet dei inngår i, og har vald å nytte institusjonell etnografi som framgangsmåte.

Innleiing

Eg har vald ei brei metodisk tilnærming og har nytta deltakande observasjon og kvalitative intervju som mine primære metodar. Dette er veletablerte metodar innan kvalitativt orientert forskning. Her vil dei bli omtala i tråd med institusjonell etnografi som metodologisk utgangspunkt. Institusjonell etnografi er vald som hovudtilnærming for å få fram frivilligheita slik den gjer seg gjeldande i frivillig praksis innanfor ulike kontekstar. Metoden tek utgangspunkt i dei frivillige sine erfaringar og opplevingar frå arbeidet, og undersøker korleis desse er knytt opp til institusjonelle diskursar (Smith 2005). Dette opnar opp for ei kartlegging av korleis den frivillige er del av styrande relasjonar som gjer seg gjeldande i organiseringa av frivilligheit.

Mine informantar er dei frivillige og tilsette som er med i frivillig arbeid knytt til arrangering av høvesvis brukt- og loppemarknad i regi Misjonsforeininga og Miljø Noreg. Eg har intervjuja desse og fått innblikk i erfaringar og opplevingar knytt til arbeidet. I observasjonar av planlegging og gjennomføring av aktiviteten har eg fått sett korleis frivilligheita blir til i eit møte mellom dei frivillige, tilsette og organisasjon. For å forstå dei forståingsrammer dei frivillige og tilsette er del av, har det også vore naudsynt å studere dei ulike organisasjonar og deira sjølvrepresentasjon. Til dette har eg nytta tekst i form av dokument og nettsider.

Institusjonell etnografi legg grunn for eit utforskande forskingsopplegg som nøstar fram ei

forståing av frivilligheit slik den kjem til uttrykk i praksis. Dette kan gje verdifull innsikt i relasjonen mellom dei frivillige og relasjonen frivillig – organisasjon. Det er like fullt ei utfordrande tilnærming med tanke på omfanget. Mi undersøking har av den grunn vore avgrensa i tal på informantar og i tal på deltakande observasjonar. Eg meiner likevel å ha tilstrekkeleg med data til å konkludere på eit analytisk og teoretisk grunnlag.

Ståstad – egne erfaringar frå frivillig arbeid

Smith (2005) oppmodar forskarar til å etablere ein eigen ståstad for forskinga. Denne ståstaden er subjektivt fundert, og spring ut frå egne erfaringar. Eg har vald ei undersøking med utgangspunkt i dei frivillige, og stillar meg i deira ståstad. Forskingsprosjektet byrja ut frå egne erfaringar som frivillig, erfaringar som gav ei første retning inn i frivillig-problematikken.

Mitt frivillige engasjement starta i arbeid for den lokale leirstaden til Misjonsforeininga, ein av organisasjonane i denne studien. Etter å ha blitt kjend med organisasjonen gjennom ei samtalegruppe for ungdom, vart eg med som kjøkenhjelp. Eg var også leirleiar ved nokre høve. Etter dette følgde deltaking som ulønt frivillig i eit mangfald av andre kristne organisasjonar. Omfang og type av ansvarsoppgåver har vorte bestemt litt ut frå kva det har vore bruk for og etter kva ønskjer eg sjølv har hatt.

Arbeidet har gitt mykje glede, men har også vore krevjande. Til tider har eg kjend stort press på alt som skulle gjerast, og at mykje arbeid vart lagt til dei frivillige. I lengda blei arbeidet alvorleg stressande. Dette gjorde at eg byrja tenke over kva det innebar å vere i frivilligrolla, og korleis engasjementet var knytt til verdiorientering som individuell motivasjon, men at det også var til gjennom organisasjonens organisering av frivillig arbeid. Erfaringa er særleg knytt til opplevinga av frivilligheit som produkt av eigen motivasjon i møte med dei ulike organisasjonane sine kampsaker, men også som eit særprega *relasjonelt* fenomen. I utforminga av oppgåvas problemstilling har eg hatt god nytte av desse erfaringane.

Institusjonell etnografi

Institusjonell etnografi utgjer ei nedanfrå og opp-tilnærming der ein søker kunnskap om og i kvardagslivet. Dette følgjer av forståinga av det sosiale som noko som vert *gjort* (Smith 2005). I det daglege handlar individet etter den kunnskap det har ut frå den settinga det står i. Vil ein finne fram til denne kunnskapen, må ein i følgje Smith inn og studere faktisk praksis gjennom folks aktivitetar og koordineringa av desse.

Som følgje av dette må studien ta utgangspunkt i kvardagslivet og dei faktiske aktivitetar. Granskinga skal likevel ta høgde for dei kontekstar individet til ei kvar tid står i. Ved å ta utgangspunkt i individets kunnskap om kvardagen, meiner Smith (2005) at ein kan nøste seg fram til institusjonelle diskursar som verkar inn på korleis ein handlar. Forventninga er at folk sine erfaringar skal kunne nyttast utforskande i leit etter desse diskursane.

I følgje Smith (2005) er menneskeleg handling i aukande grad er koordinert utanfor den lokale situasjonen. Det ”ekstralokale” er slik forstått som styrande for aktiviteten i det lokale. Denne samanbindinga følgjer, slik Smith ser det, av utviklinga av samfunnet der krav om standardisering og effektivisering i aukande grad gjer seg gjeldande innan dei ulike institusjonar.

Diskursane syner korleis og i kva grad ulike tekstar er aktivert og del av faktisk praksis. Diskursane visar her til sosial praksis, og er til i ein faktisk materiell situasjon. Sjølv om diskursane kan vere undertrykkjande, kan dei også vere uttrykk for korleis mennesket sjølv vel å handle innan ein gitt kontekst (Smith 2005); Når individet er forstått som kunnskapsrikt, gjer dette erfaringane reelle og i så måte uavhengige av diskursar.

Det er gjennom tekstar at det skapast meining kring bestemte aktivitetar (Smith 2005) – meiningar som blir stadfesta og held ved like gjennom aktivering i faktisk handling. Denne aktiveringa kan ta form av institusjonelle diskursar. Dei institusjonelle diskursar (Smith 2005: 165-182) blir til gjennom ulike materielle tekstar. Ved at tekstane finst mellom tid og rom, knyt dei saman dei faktiske aktivitetar gjennom diskursar som har sitt utspring i andre kontekstar enn den lokale.

Smith kan plasserast inn i ein lang tradisjon av positivismekritikk der ho innehar ein mellomposisjon; Ho avvisar den naturvitskaplege forskingsmodell der teori og forskning er sett som å representere røynda, og også poststrukturalismen som byggjer opp under ei forståing om at all kunnskap er relativ (Mjøset 2003:41). Kunnskapen er, slik Smith ser det, å finne hjå kunnskapsrike individ. På bakgrunn av Smiths framgangsmåte kan ein gjere sosiologisk

forskning *for* folk, heller enn om folk (Smith 2005).

Undersøkingas utval

Som tidlegare vist utgjer dei frivillige organisasjonane Misjonsforeininga og Miljø Noreg undersøkingas to case. Organisasjonane er blant anna vald på bakgrunn av ulik ideologi og ulik organisasjonsstruktur, noko som gjev ulike utgangspunkt for frivillig engasjement og frivillig aktivitet.

Eit anna utvalskriterium var at organisasjonane begge hadde brukt- eller loppemarknad som frivillig aktivitet. Brukt- og loppemarknaden er aktivitetar i regi organisasjonen som blir planlagd og gjennomført av frivillige i samråd med tilsette, og som kan vise korleis frivilligheita er til gjennom faktisk praksis. Eg kunne også vald ein annan aktivitet, men brukt- og loppemarknaden vart vald sidan den er eit komplekst fenomen (Sherry 1990). Marknadens sosioøkonomiske karakter opnar slik eg ser det for varierte data. Det å studere same aktivitet innan kvar av organisasjonane er dessutan eit analytisk grep sidan det mogleggjer eit komparativt sett av case som opnar for samanlikning og differensiering.

Datainnsamlinga kransar slik rundt bruktmarknaden og loppemarknaden, det vil seie aktiviteten rundt og dei erfaringar folk har frå det arbeidet dei er med i. Utvalet av situasjonar og informantar er strategisk med tanke på å få varierte data med mest mogleg variasjon. Eg valde planleggingsmøte og marknadsdagen som situasjonar der eg ville observere det frivillige arbeidet. Dette gjaldt innan begge organisasjonar. Tanken var å hente inn det eg kunne av ”work knowledge” (Smith 2005:145-164) – kunnskap erfart frå arbeid. Å delta i ulike situasjonar ville gje meg innblikk i ulike sider ved arbeidet. Dei ulike informantane mine er vald på bakgrunn i ulike roller; Forutan ein tilsett i kvar av organisasjonane, har eg intervjuar to typar frivillig innan kvar av organisasjonane; dei som er med i planlegging, og dei som ikkje er med i planlegging, men som er med i sjølve gjennomføringa av marknadsdagen. Desse vil eg vidare kalle høvesvis frivillige komitémedlem og seljarar. Tanken var at folka på grunn av sine ulike roller hadde ulike erfaringar frå arbeidet og kunne bidra med ulik informasjon.

Oversikt over studiens datamateriale

Oppgåva er basert på kvalitative data i form av intervju, deltakande observasjon, og tekst i form av dokument og nettsider. Eg har sett i verk intervju og observasjonar for å få innblikk i korleis det frivillige arbeidet utspelar seg gjennom ein faktisk aktivitet, og har nytta erfaringane til dei frivillige som retningsgjevande for problematikken i undersøkinga. Tekstane er nytta for å få innblikk i korleis det frivillige arbeidet kan vere del av tekstleg formidla forståingsrammer. Innsamlinga av data har slik vore knytt til tre ulike metodar med ulik breidde og omfang, som vist i oversikta nedanfor:

	Miljø Norge		Misjonsforeininga	
	Rolle	Tid	Rolle	Tid
Intervju individuelle	Styrerepresentant / tilsett	1, 20 time	Ordstyrar / tilsett	1 time
	Komiteemedlem / seljar	3,5 time	Komiteemedlem / seljar	1,5 time
	Seljar	1,20 time		
fokusgruppe			To seljarar	1, 20 time
	Aktivitet	Tidsrom	Aktivitet	Tidsrom
Observasjon	Planleggingsmøte	1 time	Planleggingsmøte	2 timar
	Bruktmarknadsdag	09.20 – 10.20	Loppemarknadsdag	10.00 – 13.00
		11.15 – 11.45		14.00 – 17.30
		13.00 – 13.30		
		15.00 – 15.20		
	Type		Type	
Dokument	Vedtekter		Vedtekter	
	Organisasjonsteori		Verdidokument	
	Medlemsblad nr 5 2011		Årsberetning	
	Årsberetning			
		Tidsrom		Tidsrom
Webanalyse	Heimeside	mars- okt.	Heimeside	mars- okt.

Tabell 1., Samla oversikt over breidde og omfang av datainnsamlinga.

Rekruttering av informantar og tilgang til felta

Innpass i feltet har vore ein omstendeleg prosess og har for meg, som for andre, utgjort ein utfordrande fase av forskingsprosessen (Wadel 1991). Eg har designa undersøkinga rundt marknaden og arbeidet kring denne hendinga i regi av kvar av organisasjonane, og har slik måtta få inngang til dette feltet for å få gjennomført deltakande observasjon, og for å kome i kontakt med informantar til intervju. Dette er gjort parallelt for dei to marknadane i tidsrommet april-mai 2012.

Første fase i prosessen for å rekruttere informantar og få tilgang til feltet, vart gjort ved å ta kontakt med dei tilsette i organisasjonane lokalt der eg visste det blei heldt marknad. Den eine tilsette eg kontakta i Misjonsforeininga er styrar på leirstaden som arrangerer marknad, medan den tilsette hjå Miljø Noreg er kontaktperson for aktivitet i den bestemte byen der bruktmaknaden vert arrangert. Kontaktinformasjon var å finne på internett. Eg tok kontakt med dei tilsette per e-post og formidla ønske om intervju og også deltaking på eventuelle planleggingsmøter i høve marknaden. Brev med førespurnad om deltaking (sjå vedlegg 1), og ei kort omtale av ideen bak prosjektet vart lagt ved. På svar per e-post takka begge dei tilsette ja til å vere med i prosjektet og la seg intervju. Dette vart bekrefta per telefon nokre dagar seinare.

Gjennom samtalar og intervju med dei tilsette fekk eg vist interesse for arbeidet og presentert prosjektet. Tanken var å nytte dei tilsette som ein portopnar inn i feltet (Fangen 2004:63). For å få kontakt med neste gruppe informantar, frivillige som er med i planlegginga av marknaden, spurde eg dei tilsette om dei kunne introdusere meg vidare og gje meg tilgjenge til planleggingsmøta. Eg tenkte slik å nytte snøballmetoden i rekrutteringa. Den tilsette i Misjonsforeininga tok dette opp på eit planleggingsmøte. Resultatet var at eg var velkomen til å delta på neste møte, og fekk også informasjon om namnet på ei av dei som ville vere tilstade som gjerne ville stille til intervju, ei han kalla "eldsjel". I kontakt med den tilsette hjå Miljø Noreg fekk eg kontaktinformasjon til ein av dei frivillige som var med i planlegginga, og blei bedt om å ta kontakt med vedkomande for å spørje om deltaking på planleggingsmøte. Eg tok kontakt per e-post der eg spurde om eg kunne vere med på møte, og om han ville stille til intervju. Vedkomande ville ikkje stille til intervju, men ønska meg velkomen til å delta på møte.

På planleggingsmøtet til Misjonsforeininga fekk eg avtalt intervju med den kvinnelege eldsjela eg var blitt tipsa om av den tilsette. Ho hadde vore med lenge, og er slik ein av

gjengangarane. Gjennom tilgang til planleggingsmøtet hjå Miljø Noreg fekk eg rekruttert ein informant også her. Også dette ei som var med i planlegginga og som hadde vore med over lang tid. Vidare fekk eg på møtet til Miljø Noreg helst på den mannlege frivillige eg hadde hatt kontakt med, men som ikkje ville stille til intervju. Han introduserte meg til dei andre frammøtte ved å seie kjen eg var og kva prosjekt eg heldt på meg. Også på møtet til Misjonsforeininga blei ideen bak prosjektet formidla til dei frammøtte. Her ble eg sjølv oppmoda til å presentere prosjektet og seie litt om kven eg var. Dette var nyttig for å få innpass hjå dei frivillige, folk eg seinare skulle observere i den faktiske gjennomføringa av brukt- og loppemarknaden.

Vidare var tanken at eg skulle nytte marknaden til å kome i kontakt med neste rekke informantar, dei frivillige seljararar. Dette var vanskelegare enn tenkt på grunn av avstanden eg opplevde mellom dei deltakande og meg sjølv, og ut frå ei rekkje praktiske problemstillingar. Det var blant anna vanskeleg å spørje sidan eg med det ”forstyrra” dei i det faktiske arbeidet, og sidan det tok tid å finne fram til nokon som var tilgjengelege for intervju i den næraste framtid. Dei var dessutan litt skeptiske til kven eg var, og kva eg heldt på med, og meinte det måtte helde at dei svara på nokre spørsmål der og då. For å nå fram til denne siste gruppa informantar nytta eg i staden bilet-søk på nettsida google.com der eg søkte opp personar som var omtala i samband med dei to ulike marknadane. Eg fann fram til to personar, begge kvinner, som eg kontakta direkte på telefon. Dei bekrefta at dei hadde vore med på marknad som frivillige, men at dei ikkje var i nokon komité eller liknande, og sa seg villige til å stille til intervju.

Det at alle mine informantar forutan dei tilsette er kvinner, var ikkje i utgangspunktet grunnlagt i eit strategisk utval på bakgrunn av kjønn. Det var tilfeldig at den eine frivillige eg fekk kontaktinformasjon til hjå Misjonsforeininga var kvinne, og at eg på møtet til Miljø Noreg kom i kontakt med ei kvinne som kunne stille som informant. Dei neste frivillige vart likevel vald på bakgrunn av kjønn sidan eg då allereie hadde to kvinnelege informantar i rolla som frivillig. Dette ville opne opp for at eg kunne få innsyn i korleis kjønn kan spele inn på korleis ein gjer frivilligheit.

Det at eg var kvinne var kan hende eit føremon i møte med feltet. Eg fekk i alle høve kontakt med fleire kvinnelege informantar som takka ja til å delta. Kan hende takka dei ja sidan både eg og dei er del av eit større kvinnefellesskap der utveksling av erfaringar er naturleg.

Det er sjølvsagt mange fleire grunnar til at eg fekk innpass i feltet. Til sist vil eg trekkje

fram det at eg var ung student i møte med vaksne og at eg på bakgrunn av det passa inn i rolla som læreviljug. Det kan ha opna for ein lære-relasjon mellom meg og informantar.

Kvalitative intervju med frivillige og tilsette

Eg har nytta intervju som datakjelde for å fange inn dei frivilliges erfaringar med det frivillige arbeid. Intervjuet vert i tråd med institusjonell etnografi forstått som ein arena der ein som forskar ikkje berre får innsyn i erfaringar, men også i sosiale relasjonar. Det er derfor viktig å halde intervjuet ope, og gje rom for at informanten kjem til orde. Eg har derfor nytta det opne intervju (Silverman 2006:110) som intervjutype, og lagt vekt på samtale-aspektet i utforminga av intervjuguiden, i spørsmålsstillingar undervegs og i relasjon til informanten.

Intervjuguiden (sjå vedlegg 2) vart forma etter ei forståing av frivilligheit som arbeid. Slik kunne eg hente inn arbeidskunnskapen og følgje den institusjonelle etnografiske tilnærminga. Eg stilte spørsmål etter kva dei ulike oppgåvene besto i, kven som kvar med og korleis dei samarbeida, men også kring betydinga av frivilligheit, og om det fantes sider ved frivilligheita som vart opplevd som problematiske. Spørsmålsstillingane var opne og temaorienterte, og vart følgt opp av oppklaringsspørsmål. Slik kunne eg fortløpande sjekke om eg forsto respondenten riktig, og også plukke opp om dei ulike problematikkar i informantanes erfaringar og opplevingar (Kvale og Brinkmann 2009:134).

Det var viktig å få kartlagt dei ulike temaområda slik at intervjuja gjort med informantar innan dei ulike organisasjonane kunne stillast saman. Eit fast strukturert spørjeskjema ville ikkje gitt same gode utgangspunkt og rom for samtale og refleksjon som mitt opne intervju (Silverman 2006). Eg retta meg etter idealet om den gode samtalen (Christensen 1998) der det er openheit mellom forskar og informant og god flyt i dialogen. Eg memorerte derfor intervjuguiden, slik at eg kunne presentere tema og spørsmål der det kjentes naturleg i samtalen.

Guiden nytta eg der eg hadde gløymd noko eller dersom samtalen stoppa opp. Somme av spørsmålsformuleringane mine var likevel for analytiske til at dei kunne svarast på utan at ein trong ei forklaring av spørsmålet. Eit døme er spørsmålet: ”Er det ein viktig del av bruktnarknaden det at den er i regi [organisasjonen] og vert arrangert med friviljuge?”. Eg gjorde om på denne og liknande spørsmålsstillingar og tilpassa samstundes intervjuguiden til den kunnskapen eg fekk ettersom feltarbeidet steig fram. Guiden vart med det justert undervegs for å gjere spørsmåla meir presise og tilpassa ny kunnskap om dei ulike

frivilligfelta. At ein gjerne må gjere endringar undervegs er like fullt typisk for den kvalitative tilnærming (Kvale og Brinkmann 2009; Christensen 1998).

Gjennomføring av intervju og andre feltsamtalar

Tid og stad for intervjua vart avtalt i samtale med informantane. Intervjua med dei to tilsette vart gjennomført på deira arbeidsstad, medan intervjua med dei frivillige i hovudsak vart heldt heime hjå dei. Intervjuet med to frivillige seljarar var likevel utført medan dei frivillige var i aksjon som frivillige på leirstaden Bjørknes, der også loppemarknaden vert arrangert. Alle informantane var med det i trygge omgjevnader, noko som kan telje som ein fordel når to menneske som i utgangspunktet er framande for kvarandre kjem saman for å samtale. Det at dei tilsette var på eller i nærleiken av kontoret, gjorde at dei kunne hente ulike dokument og planar og vise til meg medan dei fortalde. I heimane til dei frivillige vart eg vist ulike gjenstandar som var knytt opp til engasjementet for sal og for brukte ting. Dette gav meg meir informasjon enn om eg og informantane hadde møttes i ei meir nøytral setting, noko eg tenkte var positivt i denne samanheng.

Intervjua var i hovudsak individuelle, men med eit unntak. Det var i utgangspunktet avtalt intervju med ei kvinneleg frivillig seljar hjå Misjonsforeininga, men ved oppmøte blei eg introdusert til ei som også var frivillig og hadde same rolle, og som også ville vere med på intervjuet.

Intervjua tok frå ein time til ein og ein halv – med unntak av eit som varte i 3,5 timar inkludert lunsjpause på om lag ein time. I møte med informantane presenterte eg meg som sagt som open, og valde å ta ei lære-rolle som skulle gi rikholdige data (Silverman 26:65). Informantane syntes komfortable i situasjonen og var villige til å prate, og det vart interessante samtalar og data. For min eigen del gjekk intervjua lettare for kvar gong. Fleksibiliteten i det opne intervjuet var ei utfordring særleg i staten, men var lettare etter kvart som eg hadde utført eit intervju og to. Alle intervjua kravde likevel full konsentrasjon. Men sjølv med litt vanskar under intervjua, fann eg likevel ulike trådar då eg transkriberte intervjumaterialet som eg ikkje hadde høyrd under sjølv intervjuet, trådar eg kunne ha plukka opp i det informanten fortalde. Eg forsto at det ikkje berre var å skulle utføre intervjuet slik eg hadde tenkt, det kravde praktiske ferdigheitar som eg måtte tileigna meg gjennom praktisk erfaring.

I tillegg til formelle intervju, har eg også utført etnografiske intervju. Omgrepet

etnografiske intervju fangar også inn dei meir formelle intervju eg har omtala ovanfor, men rommar dessutan samtalar i feltet definert som "talking to people" (DeVault og McCoy 2006:22). Intervjua spenner med det frå det formelle til det uformelle.

Intervjua vart tekne opp på band og transkribert i etterkant. Dei andre samtalanane var notert og skreve ut like etter. Dette gjeld også dei delar av dei formelle intervju som vart sagt før bandopptakaren var på.

Deltakande observasjon av frivillig aktivitet

Val av situasjonar var, som sagt, bestemt forut for møte med feltet, og den deltakande observasjonen vart i det store og heile gjennomført etter planen. Planleggingsmøtet eg deltok på hjå Misjonsforeininga, eitt av to planleggingsmøte, vart heldt på leirstaden der også marknaden vert arrangert. Møte eg tok del i hjå Miljø Noreg var i organisasjonen sine lokale, medan marknaden var på eit lokalt torg i ein av byane der Miljø Noreg har regionkontor. Misjonsforeininga arrangerer berre den eine marknaden i året, medan Miljø Noreg arrangerer marknad frå april til oktober, noko som gjorde at eg kunne velje kva for og kor mange marknadsdagar eg ville observere der. Av tidsomsyn valde eg å avgrense observasjonen til ein marknadsdag i kvar av organisasjonane.

Mi merksemd under observasjonen var styrt etter ein lauseleg strukturert observasjonsguide (sjå vedlegg 3) tilpassa aktiviteten og arbeidet. Guiden er lik for planleggingsmøtet og observasjon av marknad, men dei ulike temabolkane er nytta i ulik grad. Tema var dei fysiske romlege aspekt, beskriving av samhandling, aktivitetar og organisering, og rutine i arbeidet. Med desse tema ville eg få kunnskap om korleis brukt- og loppemarknaden blei organisert, og korleis dei involverte tok del i handlinga.

Eg memorerte dei ulike tema i guiden og observerte ut frå dette, slik som eg gjorde med intervjua. Dette gjorde at eg kunne vere mest mogleg tilstade i samhandlinga. Det var viktig å konsentrere seg om handlinga, og krevjande sidan det var så mykje som hende samstundes. Møta hadde ein laus struktur der folka raskt kunne dra eit apropos og vere inne på andre tema enn dei som var sett opp i sakspapira. Også i observasjon av marknaden var det mykje som hende samtidig og mange å følgje med på, men ved å delta i handlinga som dei andre deltakarane, publikum, kunne eg følgje med straumen og gjere observasjonen til ei hending også eg var del av, og som eg då kunne forstå betre enn om eg hadde hatt større avstand til det

som hende. Det var utfordrande å transkribere notat, men observasjonen var svært interessant.

Gjennomføring av deltakande observasjon

Mine observasjonar på planleggingsmøta hadde ein open karakter, og var i lita grad deltakande. Alle på planleggingsmøta hadde kjennskap til meg som forskar, og eg kunne ta ei noko passiv rolle – meir som rein observatør enn deltakar – med skriveboka i fanget og pennen i sving nesten utan stans. Først då møta offisielt var over, var eg meir aktiv og kunne ”jatte med”.

På marknaden til Miljø Noreg og til Miljøforeininga var eg i større grad deltakande, men her var det vanskelegare å vere open grunna store mengder folk som kom og gjekk. Eg lita på at dei eg hadde samtala med tidlegare visste kven eg var og kunne fortelje dette vidare. Men ved å gå med notatblokk vart eg synleg også for andre. Sjølv om brukt- og loppemarknaden kan sjåast som ei hending i det offentlege rom der folk til alle tider blir observert av kvarandre, ville eg gjerne vere open om at mine observasjonar ville bli publisert i ei forskingsoppgåve. Eg hadde lite å vinne på å skjule min agenda, og ønska å vere tilgjengeleg for dei som ville prate med meg om prosjektet. Like fullt var det viktig å halde ei heller låg profil og delta som einkvan som er på marknad, slik at handlinga kunne gå sin gang uforstyrra av at eg var til stade.

Observasjonane varte i dei naturlege tidsromma for dei aktuelle aktivitetane, og gjerne litt før og litt etter. Eg kom om lag ti minutt før planleggingsmøta, og var ein av dei siste til å gå då dei var slutt. Misjonsforeininga sitt planleggingsmøte varte i to timar, medan Miljø Noreg sitt møte varte i ein time. I observasjon av marknad møtte eg også opp før det starta, og til det var ferdig. Hjø Misjonsforeininga kom eg ein time før det skulle opne, og var der i sju og ein halv time inkludert ein pause på ein time litt før midtvegs i arrangementet, og ei tid etter at marknaden var slutt og ein rydda saman. Miljø Noreg sin marknad byrjar seinare og varte kortare enn den til Misjonsforeininga. Eg kom til marknaden etter at det hadde starta grunna innspel på planleggingsmøtet der det blei fortald at folk kunne kome når dei ville, og at det altså var fleksistart. Observasjonen her vart delt inn i fire økter. Dette var ei praktisk løysing sidan det var svært kaldt og vindfullt, og sidan det var lite folk på marknaden denne dagen. Det let seg ikkje gjere å notere medan eg gjekk rundt på marknaden, og ved å trekkje meg tilbake i blant, unngjekk eg kan hende å ta for mykje plass og påverke handlinga meir enn naudsynt.

Notat frå alle observasjonane vart transkribert i dagane etter, og kart vart teikna over marknads plassane. Ved å skrive notat under og like etter observasjon, i pausar, kunne eg ivareta dette munnlege. Det var nyttig slik at eg i ettertid kunne setje meg hurtig inn i handlinga igjen. Karta eg teikna bidrog også til dette.

Forholdet mellom intervju og deltakande observasjon

Som nemnd har intervju gitt kunnskap om korleis og kva arbeidet består i, og den deltakande observasjon har vist meg korleis arbeidet blir til som eit samarbeid mellom tilsett og frivillige i dei ulike organisasjonane (Silverman 2006). Det å gjennomføre intervju og deltakande observasjon om kvarandre har gitt informasjon ikkje berre etter dei ulike posisjonane folk innehar i arbeidet, men også i tilknytning til det frivillige arbeidet som eit bestemt tidslaup.

Brukt- og loppemarknaden er ei sosial hending som rommar tida før og under planlegging, arbeidet med å lage til, sjølv arbeidet på marknaden og også tida etter marknaden. For å få mest mogleg kunnskap om dei individuelle motiv og organiseringa av frivilligheita, var det nyttig å kunne stille med ulik bakgrunnsforståing i dei ulike intervju og feltobservasjonane. Det å mikse metodar slik eg gjer her, er vanleg praksis i case studiar, og då særleg innan dei som er etnografisk orientert (Kvale og Brinkmann 2009:117). Som følgje av tidsdimensjonen i datainnsamlinga var det alltid ei hending eg kunne referere til som eg anten visste noko om, eller som eg ikkje endå hadde vore del av. Det har opna for viktig kjennskap til informantanes oppleving av frivilligheita i tilknytning brukt- og loppemarknad og har gitt meg eit heilskapsbilete som dannar bakgrunn for problemstillinga i oppgåva.

Tekstens rolle som datamateriale

Teksten representerer sjølv bindeleddet mellom det lokale og kontekstar utføre, og er slik av stor betydning for institusjonell etnografi (Smith 2005). Tekstmaterialet i denne oppgåva består av dokument i form av vedtekter og handlingslinjer samt nettsidene i sin heilskap. Eg har i denne studien nytta tekstane som eit første møte med feltet, og seinare til ei meir inngående analyse av korleis organisasjonane presenterer seg sjølv.

Verdidokumenta og handlingsreglane er tilgjengelege på organisasjonanes nettsider. Dei

fortel om ideologi, struktur og målsetjing som ligg til grunn for organisasjonenes verksemd. Heimesidene til organisasjonane har på kvar sin måte ein aktiv profil og er svært innhaldsrike. Av tekstar er det ei hovudvekt på informasjon og nyhende. I tillegg til dette står fakta om organisasjonane og kunngjeringar av praktisk informasjon, samt bilete. Nettsidene på si side kan gje innblikk i kva målsetjingar organisasjonen vil forfølge, og korleis dei vil gå fram for å nå desse.

Etiske problemstillingar

Gjennom intervju har eg fått innblikk i informantanes erfaringar og opplevingar, og i deltakande observasjon har eg teke del i informantanes kvardagsaktivitetar. Dette har gjort at eg har kome tett på informantanes liv, og har fått tilgang til store mengder informasjon både om informantane sjølve og om informantanes relasjon til organisasjonen. Som forskar står eg med det etisk ansvarleg overfor både informantar og organisasjon, og har gjennom forskingsprosessen møtt ulike etiske dilemma som eg har teke stilling til undervegs i innsamling av data, skriving, og slutføring av prosjektet.

Eg har så langt det går unnlate å gå hente inn sensitive personopplysingar, då desse i avgrensa grad er gjenstand for undersøking. Eg har like fullt fått tilgang på ulike typar informasjon som er av sensitiv karakter, og også kunnskap som til dagleg er taus kunnskap og som kan opplevast framand for informantane når dei ser undersøkinga på trykk (Fangen 2004). Informasjon om informantanes religiøse overtydning er eit klart tilfelle av sensitive opplysingar. Slik informasjon har eg henta inn ved å nytte den kristne Misjonsforeininga som case ved å rekruttere informantar som er aktive i arbeidet innan organisasjonen. Eg har dessutan henta inn informasjon om korleis dei opplever arbeidet, og relasjonen mellom frivillig og organisasjon. Dette har gitt rom for dei forståingar som til dagleg er ”tabu”. Denne typen informasjon kan stille både informant og organisasjon i ein sårbar situasjon (Fangen 2004:188).

For å etterkome dei etiske omsyn, har eg anonymisert informantar og organisasjonar ved bruk av fiktive namn og ved å endre på avslørande kjenneteikn, og eg har forsøkt å la stemmene deira kome til orde utan å leggje føringar. Innsikta om den frivillige organiseringa og den frivillige kan med det, etter mitt syn, publiserast utan at nokon av dei som er involvert i studien blir forulempa.

Analyse av data

Det fins ulike måtar å analysere data på alt etter kva metodisk perspektiv ein opererer etter. Tradisjonelt har koding og kategorisering vore mykje brukt som reiskap i analysen (Silverman 2006). Men gjennom først å kode, trekk ein ut ord og setningar frå teksten og kan miste auge for konteksten. Konsekvensen kan vere at ein står att med kategoriar som ikkje speglar att røynda. For å unngå dette, kan ein ta visse førehandsreglar i bruk for analysen.

Innan institusjonell etnografi har forskaren blikket mot heilskapen, og ser etter tema som fangar inn empirien (DeVault og McCoy 2006). Med bruk av empiri frå intervju og deltakande observasjon har eg sett etter mønster og samanhengar i organisering og koordinering av aktivitet. Eg har gruppert datamateriale i ulike grupper etter tema, til dømes ”arbeidsorganisering”, og organisert dette etter hendingar. I analysen stillar eg spørsmål som ikkje kan bli svart av det ein kan sjå aleine. På bakgrunn av korleis aktivitetane blir organisert og er erfart av dei som deltek, har eg fått innblikk i korleis det lokale og partikulære er dratt inn i andre kontekstar. Ei slik forståinga skriv seg frå kunnskapen til individet, og korleis individet gjer denne kunnskapen gjeldande i dei konkrete gjeremål.

I analysen av organisasjonanes sjølvpresentasjon på nett har eg nytta komparativ nøkkelanalyse som verktøy. Denne analysen opnar opp for å finne fram til dei kategoriar organisasjonane sjølv nyttar i formidlinga av kven dei er, og kven dei rettar seg mot (Silverman 2011:236). Til skilnad frå innhaldsanalyse byggjer ikkje komparativ nøkkelanalyse på kategoriar som har framkome som følgje av frekvens. Det gjer at også denne form for analyse gjev ei heilskapleg tilnærming til empirien, i tråd med institusjonell etnografi.

Analysen av data er gjennomgåande komparativ. Dette er ein vald tilnærming for å kunne samanlikne og differensiere organisasjonane og deira organisering av frivilligheit på bakgrunn av endringar i organisasjonslivet. Med endringar i organisasjonslivet meiner eg her dei ulike typar fellesskap som finst, og korleis desse kan tenkjast å ha endra seg med den aukande individualiseringa av samfunnet. Komparasjonar kan konkretisere likskapar, men også skilnader mellom dei ulike kontekstar for frivilligheit.

Kapittel 5: Organisasjonsbakgrunn

Introduksjon

Misjonsforeininga og Miljø Noreg visar eit stort spenn i organiseringa av frivillige organisasjonar i Noreg i dag. Misjonsforeininga, oppretta i 1891, skriv seg inn i tradisjonen frie og uavhengige organisasjonar som kom til på andre halvdel av 1800-talet.

Organisasjonens hierarkiske tre-nivå struktur og vekt på frivillig deltaking gjer at organisasjonen fell innunder dei tradisjonelle frivillige organisasjonar. Miljø Noreg blei formelt etablert i 1991, og visar til ein av dei nye samanslutningane, det eg vil kalle moderne organisasjonar. Denne organisasjonen har ei to-nivås organisasjonsstruktur og i ei nær tilknytning til stat og marknad, til skilnad frå Misjonsforeininga. Organisasjonane er slik ulike i struktur og utforming. Dei er, som tidlegare nemnd, også ulike i ideologi og målsetjing.

Eg meiner at type organisasjon og type frivilligheit må forståas på bakgrunn av kvarandre, og vil i dette kapitlet gje ein presentasjon av korleis dei ulike organisasjonane arbeider, kva prinsipp som ligg til grunn for arbeidet generelt, og for organiseringa av frivilligheita spesielt. Presentasjonen byggjer på verdi- og handlingsdokument, årsmeldingar, medlemsblad og anna informasjon lagt ut på nettsidene.

Organisasjonsbakgrunn: Misjonsforeininga

Misjonsforeininga er ein tradisjonell kristen organisasjon som tilbyr kristent fellesskap og teneste for Kristus. Hovudfokus er å nå dei som ikkje har høyrte om Jesus Kristus, og å hjelpe dei sjuke, fattige og undertrykte. Misjonsforeininga baserer seg på misjonskallet.

Arbeidet til Misjonsforeininga var frå starten retta ut over landegrensa. Misjonærar vart sendt ut og forsamlingar, foreiningar og lag her heime støtta opp om misjonsarbeidet ute. Slik er det også i dag. I starten reiste heimvende misjonærar rundt for å formidle kunnskap om misjon og kristen tru, og for å samle inn pengar til utarbeidet. I dag har Misjonsforeininga eigne forkynnerar som reiser rundt. Misjonsarbeidet ute er styrka, og har i stor grad retta seg kring bistand og utvikling. Misjonsforeininga driv i dag sosial og økonomisk bistand i tre verdsdelar og omfattande organisasjonsverksemd her heime. Det visar eit bredt engasjement som i stor grad er sosialt motivert. Organisasjonen eig og driv skular, barneskular, leirstader,

misjons- og bedehus, mediebedrift, nettside, gir ut medlemsblad og også frivillighetsentral.

Bibel, bønn og lovsong står sentralt innan organisasjonen. Det visar at organisasjonen held fast i røtene frå 1800-talet og arva frå lekmannsrøysla med Hans Nielsen Hauge i spissen. Bibelen er trusgrunnlag i organisasjonen og har tradisjonelt vorte lese biblistisk, det vil seie bokstaveleg. Dette gjer at det ikkje er rom for tolking opp mot dagens gjeldande samfunnsforståingar. Organisasjonen har på bakgrunn av dette konservative standpunktet eit syn som gjer at blant anna homofilt samlevande, og også kvinner, ikkje kan vere styremedlem med læreansvar. Men det er rom for usemje i lærespørsmål.

Det som bind medlemmane saman er den kristne trua. Kvar einskilde står ansvarleg overfor Gud, men trua er også del av det kristne fellesskap. Dette er sjølv grunnlaget til organisasjonen. Misjonsforeininga har mål om frelse for alle menneske. I organisasjonen kan ein leve ut det kristne livet gjennom dåp og nattverd, gudstenesteliv og møter. Tradisjonelt har organisasjonen vore sterkt knytt til den norske kyrkje og har av den grunn ikkje hatt tilbod om gravferd. Arbeidet har like fullt vore retta ut mot alle aldrar, og har som mål å ta omsyn til heile mennesket. Av aktivitetar har organisasjonen barne- og familiearbeidet organisert gjennom skular og leirstader, lokalarrangement slik som leir og loppemarknad og nasjonale arrangement slik som konferansar og landsmøter. Organisasjonen har i den seinare tid oppretta frivillighetssentra med arbeid retta inn mot narkomane, innsette og eldre, og har starta opp gjenbruksbutikkar.

Det er foreiningar og lag som utgjer hovudtyngda i Misjonsforeininga. Tradisjonelt har forsamlingane vorte rekna som medlem i Misjonsforeininga, men i den seinare tid har by-forsamlingar registrert einskildmedlem. I medlemsmassen har Misjonsforeininga ein stor del frivillige, ulønte arbeidarar. Men ein kan også vere deltakande eller frivillig i Misjonsforeininga utan å vere medlem. Tal på tilsette i heile Misjonsforeininga er ikkje talfesta på nasjonalt plan. Dette er til dels forklart ved at både regionar og hovudstyre kan tilsetje medarbeidarar, og er også ein del av bilete på organisasjonens kompleksitet. Organisasjonen arbeidar hardt for å representere begge kjønn i like stor grad.

Misjonsforeininga i Noreg er organisert på lokalt, regionalt og nasjonalt nivå der grunnstamma i organisasjonen er dei lokale foreiningar og lag knytt til landsdekkjande regionar. Grunn-nivået i organisasjonen har tradisjonelt hatt stor fridom i organiseringa, men har i den seinare tid redusert tal på regionar, noko som har innskrenka fridom lokalt. Innanfor kvar av regionane vert det ført budsjett og lagt strategi for arbeidet lokalt. Regionane har eigen leiar, tilsett av eit regionstyre, og eigne regionårsmøte der medlemmane til regionstyret

blir vald inn. Regionane har også eigen administrasjon. Sjølve aktiviteten på grunn-nivå varierer frå region til region; I nord har tal på deltakarar på leirar, og også tal på leirar, minka kraftig, medan det i region vest er populært med leir, men mangel på frivillige medarbeidarar.

Generalforsamlinga er øvste organ i Misjonsforeininga og møtest kvart tredje år. Kvar region sender delegat med stemmerett. På generalforsamlinga vel ein hovudstyre, godkjenner ein rekneskap og utsendingar samt fastlegg organisasjonens strategi. Hovudstyret leier organisasjonens arbeid i tida mellom generalforsamling. Dette styret består per i dag berre av mannlege medlem. Dette vedtaket følgjer av ei bibelsk forståing av mannens som tenesteansvarleg i slike saker. Hovudstyret møtest jamleg utover i året, og møter saman med delegatar frå regionane til Rådsmøte minst kvart tredje år. Rådsmøte har særskilt hyrde- og læringsansvar inn i organisasjonen og kan fatte læringsvedtekter. Utearbeidet er organisert gjennom egne representantar som vert tilsett av hovudstyre.

I og med at organisasjonen ”overlev” på grunn av gåver, testamentariske og andre, er menig-medlemmane sine økonomiske bidrag av stor betyding for organisasjonen. Andre inntektskjelder er tilskot frå Norad og samarbeidande organisasjonar, samt det offentlege. Organisasjonen har også driftsinntekter frå barnehagar og skular, og frå sal og andre gåver. Gåveinntektene er den desidert største inntektsposten i rekneskapet. Det er likevel påvist ein nedgang i gåver. Slik den økonomiske situasjonen er no, går organisasjonen i balanse med ein tilfredsstillande eigenkapital. Dette skuldast pengar tent inn tidlegare år. Gjenbruksbutikkane som har kome til bidrar likevel i aukande grad på inntektssida. Butikkane er drive av ulønt frivillige og gjev nettoinntekter som følgje av momsfrитай. Sal og anna inntektsskapande arbeid er derfor viktige tiltak å sjå nærare på.

Organisasjonsbakgrunn: Miljø Noreg

Miljø Noreg er ein av dei meir moderne norske organisasjonar. Organisasjonen arbeider for å inspirere folk til praktiske handlingar for eit meir miljøvenleg forbruk, med grunnlag i grøne verdiar. Organisasjonen vart til etter eit innspel frå miljøørsla om å skape eit breiare folkeleg engasjement for miljø. Organisasjonen har i alle år arbeidd for å nå ut til folk med informasjon, kunnskap, og har arbeidd med holdningsskapande arbeid kring miljøspørsmål. I dette arbeidet utviklar organisasjonen testar, sender ut informasjonsskriv, og guidar forbrukaren i miljøvenleg, dyrevenleg og etisk forbruk gjennom kampanjar lokalt og

nasjonalt, og gjennom tilbod tilpassa ulike grupper i samfunnet; Næringsliv, kommune og privatpersonar.

Miljø Noreg er opptatt av å samle folk til dialog og handling slik at befolkninga kan få til eit kollektivt medvit kring miljøproblematikken. Organisasjonen ønskjer å stille folk til ansvar overfor utviklinga, og legg derfor vekt på haldningsskapande arbeid. Målet er å samle det kollektive Noreg og slik få miljø på dagsorden også hjå myndigheitene. Verksemda byggjer sin ide på å vinne folk på ”grasrota” og slik få tak i den mengda som trengs for å skape samfunnsending. Gjennom at fleire blir medvitne om kva den einskilde kan gjere, vil ein, slik Miljø Noreg ser det, få eit kollektivt medvit som rettar utviklinga mot det berekraftige. Organisasjonen tek utgangspunkt i kva folk faktisk kan gjere. Dette byggjer på i forståing av maktforskyving blant befolkninga.

Folket skal gjerast handlekraftige. Ulike grupper skal nås, og organisasjonen har slik fleire ulike måtar å arbeide på. Organisasjonen bruker ulike midlar som nettsider, nettbutikk, medlemsmagasin for å nå ut til folk. Nettsidene er pro-aktive og opnar for handling ved at ein kan ta aktivitetar, slik som til chat som inviterer til dialog, og ulike testar som gir informasjon om eige forbruk.

Organisasjonen er også aktiv med kurs i til dømes kompostering og økokjøring, med testing av produkt, rådgjeving og konsulentverksemd. Miljø Noreg miljøsertifiserer bedrifter og driv lokal miljødugnad og klimakamp i eit samarbeid med kommune og næringsliv. Samarbeidet står sentralt og gjer at arbeidet tek form som ein stille protest. Det viktigaste er å nå ut med informasjon. Informasjonen er henta inn frå ulike stader, mellom anna eit internasjonalt nettverk organisasjonen er del av. Den har fagleg tyngd, men vert formidla på ulikt vis slik at kvar og ein skal få med seg budskapet. Informasjonen på nettsidene er i form av testar, men også artiklar.

For å få ei brei oppslutning og bli høyrd i samfunnet deltek Miljø Noreg også i ulike råd, og er aktiv i høyringar til offentlege utgreiingar og lovforslag. Organisasjonen har dessutan i alle år vore aktiv tilstade i den offentlege debatt for å setje miljø på dagsorden, men gjerne med gode råd heller enn formaningar. Vidare har Miljø Noreg markert seg gjennom fleire årlege kampanjar. Organisasjonen har eit målretta ønskje om auke i medieoppslag og treff på nettsida, noko som visar at Miljø Noreg ønskjer å nå ut til flest mogleg.

Miljø Noreg nyttar samarbeid som arbeidsform, også dette for å nå ut til dei store massane. Organisasjonen samarbeider og jobbar primært ut mot medlemsorganisasjonane; landsdekkande organisasjonar med lokal aktivitet, men også mot lokalsamfunn. Dette er

organisasjonar som primært er del av frivillig sektor. Medlemmane frå medlemsorganisasjonane vert representert i Miljø Noreg gjennom organisasjonane si deltaking i Rådet, det øvste organ i organisasjonen. Det gjer at organisasjonen i prinsippet har ei demokratisk struktur. Organiseringa som paraplyorganisasjon er gjort for at Miljø Noreg skal vere ein samarbeidspartnar inn mot medlemsorganisasjonane og ikkje ein konkurrent til desse.

Det at organisasjonen er ein samarbeidsorganisasjon med medlemsorganisasjonar, gjer at organisasjonen ikkje har einskildpersonar til medlem. Dette gjer at organisasjonen kan styrast av dei tilsette. Organisasjonen har likevel relativt få tilsette med totalt nokre titals personar heiltid eller deltidsstillingar fordelt på lokalt og nasjonalt nivå. Det er eit medvite val av organisasjonen å ha fast tilsette. Det gjer at Miljø Noreg kan halde på kompetansen knytt til dei lokale samarbeidsordningane. Dette lettar arbeidet lokalt med dei ulike ”kulturarrangement” i form av kurs og føredrag, festivalar og gjenbrukstorg.

Regionane står fritt til å utforme eigne miljøaktivitetar lokalt. Dette følgjer av at organisasjonen har ein to-nivå modell med eit nasjonalt og eit regionalt ledd som to relativt autonome storleikar; Leiing og administrasjon på nasjonalt nivå, og eit fåtal regionar rundt om i landet. Det lokale nivå er teke bort. Med denne ordninga får ein samla meir ressursar på færre ledd. Dette gjer at aktiviteten er styrt frå regionalt og nasjonalt nivå.

Rådet er øvste organ og består av representantar av begge kjønn frå dei ulike medlemsorganisasjonane. Denne forsamlinga står ansvarleg for verksemdideen, og kan gjere vedtektsendringar. Rådet set saman eit styre som har ansvar for at den daglege drifta.

Den einskilde er invitert til å delta i nettverket organisasjonen utgjer. Denne forma for organisering av einskildengasjement liknar den til dei ny sosial rørslene – ein type organisasjon som i større grad er byråkratisert enn dei tradisjonelle organisasjonane, men like fullt held på den breie mobiliseringa. Deltakarane er med på ulike meir og mindre faste miljøaktivitetar.

Utan medlemmar har ikkje organisasjonen same grunnlag for statsstøtte som dei tradisjonelle organisasjonar. Miljø Noreg får likevel store økonomiske midlar frå staten som følgje av si samarbeidsrolle; Sidan start har organisasjonen fått statsstøtte med bakgrunn i organisasjonens føremål om haldningsskapande arbeid for ein miljøvenleg kvardag. Støtta er likevel mindre i dag enn tidlegare, noko som gjer at organisasjonen har sett etter andre inntektskjelder. Organisasjonen har i den seinare tid tatt fleire oppdrag frå næringslivet for å

få inntekter. Elles får Miljø Noreg også inntekter gjennom medlemsbidrag, sponning og sal. Inntektene i regionane varierer etter kva arbeid og avtalar dei har.

Konklusjon

Det frivillige arbeidet eg har sett nærare på i denne studien er situert i dei to organisasjonane Misjonsforeninga og Miljø Noreg som her er presentert. Gjennom deltakinga i arbeidet er dei frivillige i utvalet slik knytt opp til spesifikke typar organisering; Den eine med ei tradisjonell organisering med hovudvekt på lokal-nivå, og den andre med ei meir moderne organisering med større vekt på nasjonal-nivå.

Organisasjonane visar begge til sentrale kjenneteikn ved dei frivillige organisasjonane i Noreg; Dei har begge ei hierarkisk oppbygging, og er desentraliserte, sjølv om dei med ulik grad av inndeling, har ulik form for styring. Eg vil i neste kapittel sjå nærare på korleis organisasjonane presenterer seg sjølv og sitt arbeid via sine heimesider på nett.

Organisasjonanes ideologi og historie og korleis dette kjem til uttrykk i deira sjølvpresentasjon er ikkje i seg sjølv det interessante for denne oppgåva, men gjennom sjølvpresentasjonen kan eg sjå nærare på korleis ulike institusjonelle diskursar gjer seg gjeldande i organisasjonen. Så vil eg i dei seinare analysekapitla av frivillig praksis sjå korleis og korvidt desse institusjonelle diskursane også gjer seg gjeldande der og slik sjå frivilligheita innan dei ulike organisasjonskontekstar og ulike fellesskapskontekstar.

Kapittel 6: Organisasjonenes sjølvpresentasjon

Eg vil i dette kapitlet sjå nærare på korleis Misjonsorganisasjonen og Miljø Noreg presenterer seg sjølv på nett, og syne korleis organisasjonane ønskjer å bli forstått gjennom kva merkeidear dei set fram og kva arbeid dei framhevar.

Introduksjon

Den norske frivilligheita og bruk av digitale informasjons- og kommunikasjonsmedier (IKT) er i utgangspunktet to fenomen som har lite med kvarandre å gjere. Frivilligheita møter likevel digital IKT i bruken av heimesider på nett. Motivasjonen for bruk av nettsider kan knytast til ulike problemstillingar. For det første gjev nettsidene rom for nyvinningar som enten er pressa på frå statleg hald som følgje av nye krav til økonomisk kontroll og styring. For det andre kan nettsidene vere initiert av organisasjonen med mål om endring. Slik kan nettsidene vere del av utviklinga.

Misjonsforeninga sine nettsider inneheld dokumenter, vedtekter og planar knytt opp til både nasjonalt og regionalt nivå, og har også linkar til nettsider for lokale forsamlingar. Slik kan dei ulike nivåa i organisasjonen nytte nettstaden til å hente inn informasjon om kva dei ulike nivåa rettar seg etter, og kva aktivitet dei held på med. Det finst også informasjon i form av nyhende samt opplysningar som visar kva som rører seg i organisasjonen, kva tilbod organisasjonen har til sine medlemmer og kva som er på dagsorden til ei kvar tid. Dei næringsmessige sidene ved arbeidet til organisasjonen er presentert ved oppmoding til givarstøtte, men er elles nedtona.

Miljø Noreg har også nasjonale vedtekter lagt ut på heimesida, men har ikkje dokumentar og planar som visar retningslinjer for det regionale arbeidet. Informasjon om regionane er gitt i form av aktuelle aktivitetar. Det meste av informasjonen er likevel knytt til nasjonalt nivå og det som står på dagsorden for organisasjonen nasjonalt. Informasjon og nyhende knyt seg til dagsaktuelle spørsmål, og til konkrete tips til publikum. Noko av informasjonen er retta spesifikt mot bedrifter der organisasjonen tilbyr ulike tenester. Organisasjonen har også ein eigen nettbutikk, men dei næringsmessige sidene ved Miljø Noreg er likevel noko nedtona i framstillinga av arbeidet.

Det sentrale aspektet som rammar inn organisasjonane sine nettpresentasjonar er sakene

organisasjonane arbeidar for. Dette er uttrykt i visjonen. Gjennom visjonen visar organisasjonane at dei har ein agenda som styrar verksemda. Visjonane deira visar til eit langsiktig mål der høvesvis misjon og miljø skal kjempast fram. Eg har derfor vald å ta utgangspunkt i visjon og målsetjing i analysen av organisasjonanes heimesider, og vil i det følgjande leggje vekt på korleis organisasjonane gjennom presentasjonane ønskjer å samle einskildindivid til deltaking organisasjonsfellesskapet gjennom korleis dei presenterer visjon, informasjon, nyhende og eigne tilbod.

Misjonsforeiningas sjølvpresentasjon

Misjonsforeiningas visjon og dens ulike element kan nyttast som illustrasjon på kva organisasjonen byggjar sin presentasjon på. ”Misjon”, ”kall”, ”nestekjærleik”, og ”internasjonalisme” er ord som går igjen, og som kan trekkjast ut som kjenneteikn for organisasjonens verkeområde. Visjonen ”verden for Kristus” står skrive i store bokstavar over eit verdskart øvst på nettsida, og fangar inn dette. Fana ”Om Misjonsforeininga” gjev nærare omtale om meiningsinnhaldet i visjonen.

Visjonen formidlar ”et budskap om forsoning mellom Gud og mennesker”. Som ”kristen” er ein kalla av Gud til å ”gå ut og gjøre alle folkeslag til disipler”. Dette er misjonskallet slik det blir uttrykt gjennom Matteus-evangeliet. Tru og misjon går hand i hand, og misjon vert forstått som tru i praksis, og som ”praktisk gjerning”. Dette formidlar ei forståing av kallsetikk der den truande og det kristne fellesskap har fått i oppdrag å gå ut og vise Guds omsorg for sin neste. Kallet er i særleg grad retta mot utearbeidet, og dei sjuke, fattige og undertrykte i andre land, men like fullt presentert som grunnlagt i heimearbeidet med dei mange forsamlingar og lag.

På nettsidene er arbeidet presentert i sin heilskap med dei ulike nivå; Lokalarbeidet, regionarbeidet samt det som går føre seg på nasjonalt nivå. Delar av historia og drifta er også presentert, knytt til oppstart og også til dei ulike leirstadene, skulane og andre driftseiningar. To trekk ved beskrivinga til Misjonsforeininga kan trekkjast fram som særleg framtreidande; Organisasjonen som aktivitets- og opplevingsarena, og vektlegginga av tradisjon og historie. Saman famnar desse kategoriane inn utviklingstrekk i organisasjonen samt den plassering organisasjonen har i storsamfunn.

Aktivitet og oppleving; Tradisjon og historie

Organisasjonen som arena for aktivitet og oppleving kjem til syne gjennom presentasjonen av det lokale arbeidet, og gjennom utarbeidet. Det lokale er knytt til leirstader og forsamlingar der det gis informasjon om leirar, møter, basarar og andre hendingar. Det er også lagt ut bilete som fortel om gjennomføringa av aktivitetane. Presentasjonen er utelukkande positiv, og har vekt på det sosiale aspektet. Gjennom det gode fellesskap som vert formidla, vert relasjonen mellom dei som arbeidar i seg sjølv ein attraksjon. Bilete visar folk saman i fellesskap i møtelokale, i aksjon i ulike aktivitetar i regi organisasjonen, og ute på ”misjonsmarkene”. Også presentasjonen av arbeidet ute er prega av aktivitet knytt særleg til opplevingsaspektet.

Arbeid i dei ulike misjonslanda synast å vere tiltrekkande for menneska i organisasjonen. Det visar relasjonen mellom dei som tek del i arbeidet og misjonæranne; Bilete av desse møta mellom menneske er prega av glede og samhold. Dette gjev ei noko romantisk framstilling av arbeidet både ute og inne. Menneska på ulike bilete smilar og står tett saman, eller dei helsar og ser kvarandre inn i augo. Det er også mange bilete av folk i handling gjennom aktivitetar slik som bading, kano og tube, og bilete av folk i samband med ulike møter i regi organisasjonen. Bileta gjev inntrykk av stor aktivitet og mykje glede, samt nærleik til det sentrale for verksemda; Den kristne tru og misjonskallet.

Arbeid i organisasjonen er også framstilt gjennom rapportar og informasjon om dei ulike typar samlingar. Informasjonen er gjerne nøytral i forma, men rapportane har i regelen ei positiv omtale av arbeidet og folka som tek del. Mykje folk på bileta vitnar om stor oppslutning om dei ulike møta. Det er møte i forbindelse med julemesser lokalt, regionsamlingar, og generalforsamlingar. Mykje av informasjonen kring møta og forsamlingsarbeidet er lagt til medlemsbladet som har ei eiga kolonne på heimesida der dei siste sakene vert presentert og der ein kan bla i arkivet.

Kristne verdiar, og med det tradisjon, har eksplisitt omtale på nettsida. Organisasjonen presenterer sitt verdigrunnlag med referanse til Bibelen, ”Guds ord”, og den kristne tradisjonen knytt til misjonsgjerninga; ”Som kristne har vi også et grunnleggende kall til å være Kristi hender og føtter”. Det vert slik innebygd i eit historisk medvit gjennom forteljninga om organisasjonens historie og gjennom identifikasjon med ”bedehusbevegelsen”; Ei rørsle som er knytt til lekmanstrøyrsla og vekkingar over heile landet tilbake rundt 1800-talet og Hans Nilsen Hauges tid. Kristentrua vert forstått som misjonal, og skal praktiserast der ein er, om det er heime eller ute. Slik har det vore, og slik vil det fortsetje i følgje framstillinga av

Misjonsforeininga på nett. Organisasjonen er sett som del av ei større historie som ikkje er fullendt, og presentasjonen på nett visar at organisasjonen er til i kraft av sine tidlege målsetjingar som er forstått som høgst aktuelle også i dag.

Iscenesetjinga av kristenliv i fellesskap

Utgangspunktet i framstillinga er foreiningane her heime, knytt til lokallag, forsamlingar og leirstader. Dei ulike lokale treffpunkt er presentert med geografisk plassering og informasjon om aktivitetar og tilbod. Det er sett opp hyperlink til dei av leirstadene som har egne heimesider. Her vert staden presentert, og leirplassens ulike funksjonar – for organisasjonen og andre. Innhaldet på desse sidene er varierende og av ulik kvalitet. Somme er aktive med nyhende og ferske bilete, andre som nøytrale informasjonssider.

Nettsidene til forsamlingane fungerer som eit slags medlemsblad. Desse har dagens aktivitetar og tilbod i sentrum, og vekt på fellesskap og dei sosiale relasjonar. Tekstane dreier seg om det som skjer her og no, om det praktiske arbeidet og samlingane, heller enn strategiplanlegging og liknande. Dei lokale nettsidene visar i lita grad til organisasjonshistorie og visjon gjennom tekstar som eksplisitt omtalar dette. Slike tekstar er først og fremst formidla gjennom hovudsida der det nasjonale nivået er tydeleg. Slik vert historia og visjonen i stor grad formidla som ei bakgrunn til kvifor forsamlingane gjer som dei gjer, og utgjer ei kulisse for arbeidet regissert av nasjonal-nivå.

Også dei næringsmessige sidene er presentert som ei bakgrunnsforståing. Leirstaden som kurs og konferansestad synast ikkje å vere relatert til arbeidet med misjon som målsetjing. Dette arbeidet vert med det framstilt som ei form for bi-verksemd:

Nesten hele året har vi åpent med tilbod om rom med frokost, hytter eller camping. Stedet blir mest brukt til leirer og weekender som lag og foreninger står bak (Nettside, Misjonsforeininga).

Av andre aktivitetar visar informasjonen på nettsidene til tilbod i form av manns- og kvinneseminar, møteveker, basar og leir. Misjonsfokuset er tydeleg i fleire av aktivitetane, til dømes dei for barn og vaksne aktivitetar der ein samlar inn pengar til misjonsprosjekt. Formidling av Guds ord er del av dei fleste aktivitetar. Slik blir misjonsengasjementet presentert som nøkkelen og føresetnaden til deltaking, og er forstått som noko som vert

praktisert i forsamlingar og lag. Gjennom dei mange ulike aktivitetane, kan ein som kristen stå saman med andre i kallet om misjon.

Å drive dette engasjementet i praksis vert formidla som ein trusprosess, ein prosess der ein lev saman med Gud og menneske og går i lag mot målet. Dei som er med er kvarandre sine trusfelle som lev livet saman gjennom deltaking i organisasjonsfellesskapet. Fellesskapet blir slik noko meir enn eit arbeidsfellesskap ved at menneska ikkje berre arbeidar saman, og noko meir enn eit aktivitetsfellesskap sidan dei som tek del er bunde saman i ei felles oppgåve gjennom kallet. Presentasjonen visar til menneske som har kjærleik for kvarandre, og for sin neste, gjennom sitt misjonsengasjement; Arbeidarane i organisasjonen er i seg sjølv ein viktig del av presentasjonen der dei er med på bilete som del av aktivitet og fellesskap. Dei byggjer slik opp om ei romantisk framstilling gjennom ei formidling av fellesskapet som inkluderande og omsorgsfullt.

Miljø Noreg sin sjølvpresentasjon

Visjonen til Miljø Noreg har ei annleis framstillingsform enn den til Misjonsforeininga. Visjonen står ikkje uttrykt i form av eit motto, men som eit føremål for verksemda. Den beskriv arbeidet kort og godt som ”ein guide til berekraftig forbruk”. Formuleringa ”inspirere andre til å ta etisk gode og miljøvennlige val, og slik bidra til en meir berekraftig utvikling” utdjupar visjonen og visar at organisasjonen ser på seg sjølv som ein bodberar av kunnskap om korleis menneska kan leve meir i pakt med naturen og miljøet.

Leiaren omtalar i eit blogginnlegg på sida visjonen som ”en visjon av bærekraft, åndelighet og rettferdighet” og appellerer til solidaritet. Gjennom å handle etter Miljø Noreg sin visjon, kan ein med andre ord oppnå ei betre verd. Parolen som går igjen på dei ulike sidene er: ”[M]iljøvennlig, dyrevennlig og etisk forbruk”. Miljø Noreg set fokus på forbruket som ein aktivitet alle er del av og står ansvarleg overfor i møte med globale miljøutfordringane. Den norske forbrukar vert med det stilt overfor miljømessige konsekvensar av det stadig aukande forbruket, og blir oppmoda til å ta del i ein felles ”dugnad” for miljøet. Organisasjonens bruk av ord som ”miljø”, ”solidaritet” og ”global rettferdighet” bygg opp om denne forståingsramma.

Der Misjonsforeininga motiverer medlemmane til tru og kall, motiverer Miljø Noreg til kollektivt etisk forbruk i forbrukarsamfunnet. Visjonen visar organisasjonens intensjon om å

samle folk til felles arbeid mot målet om miljøvenleg åtferd og eit berekraftig forbruk. Ulike kategoriar som fangar inn visjonen kan her, som i analysen av Misjonsforeiningas heimeside, nyttast som illustrasjon på kva organisasjonen byggjar sin presentasjon på. Presentasjonen byggjer på ei forståing av mennesket som forbrukar, og visar korleis organisasjonen ønskjer å arbeide for å endre haldningar og åtferdsmønster.

Av framtreddande kategoriar i beskrivinga, kan organisasjonens aktivitetar og opplevingar samt fokus på natur og miljøvern gjennom etisk forbruk trekkjast fram. Organisasjonen gjev bilete av korleis dei ser verda i dag, og gjev også stor plass til dei moglegheiter som finst til endring i forbruksmønster. Konsekvensane av dagens levesett blir med det sett opp mot eit betre alternativ. Naturen kan, om mennesket endrar forbruket, vere ein stad for avkopling. Dette vert vist i bilete av menneske i nærleik til naturen i rolege omgjevnader. Verksemda formidlar slik to ulike bilete som saman skapar grunnlaget for verksemdas drift.

Aktivitet og oppleving; natur og miljøvern

Aktivitetane og opplevingane til Miljø Noreg finst i form av nettbaserte løysingar, og arrangement lokalt og nasjonalt. På nettsida blir ein ikkje berre presentert for det som skjer, men kan også delta aktivt gjennom virtuelle aktivitetar. Heimesida vert ein opplevingsarena i seg sjølv ved at Miljø Noreg inviterer til deltaking gjennom chat og ulike testar og opprop. Nettsida gir tilbod og informasjon om arrangement der ulike brukargrupper kan delta i tilrettelagte aktivitetar i lokalsamfunnet, og oppmodar bedrifter til samarbeid med Miljø Noreg.

Det går fram av nettsida at organisasjonen ikkje berre rettar seg mot einskildindividet, men også dei ulike bedrifter i Noreg. Slik ønskjer Miljø Noreg å nå bredt ut og etablere etisk forbruk som standard for både einskildhushaldet og for dei større verksemdene. Dei ulike aktivitetane på sjølve nettsida er retta mot den einskilde. Det er også slike tilbod som kompostkurs og gjenbrukstorg. Bedriftene får på si side tilbod om føredrag og fagleg rettleiing. Miljø Noreg visar til stor variasjon i sine aktivitetar og tilbyr ikkje berre fagleg kompetanse, men også opplevingar. Dette er midlar som etter visjonen er meint å bidra til å gjere folk til etiske kompetente forbrukarar. Utfordringa er å gje eit tilbod som vil tiltrekke dagens forbrukarar. Til dette spelar opplevingsdimensjonen ei viktig rolle som trekkplaster gjennom slik som testar, og dei mange moglegheiter for å lære nye ting gjennom all

informasjonen som er lagt ut.

Forutan å ha fokus på aktivitetar og oppleving og slik samle folk til handling og haldningsendring, formidlar organisasjonen ei bakgrunnsforståing av kvifor situasjonen er som den er, og kvifor det trengs handling. Dette kjem fram i kategorien natur og miljø. Natur og miljø står sentralt i formidlinga. Forutan informasjon i form av tips er det store mengder bakgrunnsinformasjon på nettsida.

Naturen vert presentert som ein stad der mennesket kan hente energi og få kvile. Dette kjem eksplisitt til uttrykk i tekst, men også gjennom bilete av vakker og urørt natur. Men det er også bilete av naturen som brakk og øydelagt. Naturen blir gjennom slik presentert som åstad for ”kriminelle gjerningar”. Her visar organisasjonen konsekvensen av dagens forbruk. Bileta av naturøydelegging er henta frå rundt om i verda, og visar til at natur og miljøvern er ein global problematikk; Folk andre stader får øydelagt naturen kring seg sidan det vestlege menneske er storforbrukar, og sidan den vestlege forbrukar ikkje handlar etisk riktig. Etisk forbruk blir med det ei løysing som kan hindre øydeleggingar på tvers av jordkloden, og gjev ei forståing av etisk forbruk som solidarisk handling som både naudsynt og etisk riktig.

Iscenesetjing av miljøetikk

Miljø Noreg snakkar til ein forbrukar som dei vil endre tankegangen til. Dette blir gjort gjennom å tilby forbrukaren ulike aktivitetar og tilbod kvar og ein fritt kan velje å delta i, i den grad dei sjølv vil. Organisasjonen vender seg slik til den moderne forbrukar. Dette er særleg tydeleg ved at Miljø Noreg tek betalt for somme av sine aktivitetar og ved at dei tilbyr kjøp av produkt gjennom ein nettbutikk på sida. Produkta, slik som til dømes berekraftige handlenett, skal fremje eit miljøvenleg levesett framfor bruk- og kastmentalitet, og handsame menneska som forbrukarar. Spenningane mellom forbrukarmentaliteten på den eine sida og natur- og miljøvern på den andre sida er eit paradoks, og utgjer utgangspunktet for Miljø Noreg si framstilling på nett.

Organisasjonen vil ha haldning- og handlingsendring gjennom å gjere forbrukaren kompetent til å ta riktige val som forbrukar. Innhaldet på nettsida kan delast inn i informasjon og kunnskap om situasjonen slik den er i dag, og praktiske tips og triks til forbrukaren. Eit døme er følgjande formulering:

10 prosent av Norges klimagassutslipp kommer fra privat bilkjøring. Å reise mindre og mer miljøvennlig er noe av det viktigste du kan bidra med for å få ned utslippene (Nettside, Miljø Noreg).

For å få nærare innblikk i kva klimagassutslipp består av, kan ein nytte eit felt kalla ”bakgrunn” der forsking blir gjennomgått. Det viktigaste er det praktiske, og ein kan velje mellom ei rekke ulike felt på sida som omtalar konkrete tips innan kvar sin forbrukarkategori. Det er handlinga som er i fokus i presentasjonen. Natur og miljøsituasjonen ligg som eit bakteppe for den ønska haldnings- og handlingsendringa.

Miljø Noreg som produsent av ulike tenestar kan forståast gjennom organisasjonens ønske om å inspirere. Korleis dei går fram, om det er som innleigde kurshaldarar eller på frivillig initiativ, er ikkje det viktige. Det viktige ser ut til å vere at kunnskap og erfaring vert formidla til flest mogleg – sjølv sagt i ei form som forbrukaren kan relatere seg til. Dette gjennom ei iscenesetjing av etisk forbruk i kvardagen.

Noko av kunnskapen er lett tilgjengeleg, men mykje er ikkje mainstream – det er derfor det trengs kursing. Å gje opplevingar heller enn ting i julegåver kan til dømes avgrense julehandelen, og det å sykle er meir miljøvenleg enn å køyre bil. Dette veit menigmann. Det mannen i gata kan hende ikkje har kunnskap om, er korleis ein kan kompostere heime, og kva kjemikalier som kan finst i ulike hudpleieprodukt, eller kva trugsle genmodifisert mat utgjær for naturen.

Det problematiske ved å endre åtferd er lett å nedtone i framstillinga, til fordel for enkle løysingar. Det høyrer til dømes enkelt ut å velje sykkel framfor bil, men i ein hektisk kvardag er dette kan hende vanskeleg å omsetje denne kunnskapen til praksis. Miljø Noreg tek i sin presentasjon omsyn til dette tidspresset og andre trendar som kjenneteiknar den moderne kvardagen. Verksemda prøver med dette å gjere seg moderne i den forstand at den følgjer med i dagens trendar og forsøker å imøtekomme desse. Leiaren set seg til dømes sjølv i same situasjon som einkvan annan ved å omtale seg sjølv som del av ”tidspresset” og ”krava”.

Ved å fortelje korleis ho/han har endra livsstil, vert leiaren sjølv eit bilete på at det er mogleg å leve annleis, sjølv som eit moderne individ. Det er her, inn i samtida, at endringa skal til, og kan verkeleggjerast. Organisasjonen visar at individet, ved å ta inn over seg kvardagen og dei enkle løysingar, skal frigjerast frå den travle kvardag gjennom å skifte fokus frå det ein kan få gjennom forbruk, og det ein kan få gjennom å ta vare på naturen. Gjennom å handle etisk riktig, skal ein få ei kjensle av å ha gjort noko riktig, og ha hjelpt sine medmenneske gjennom global solidaritet. Slik vert det å verne om kollektivet gjennom etisk

forbruk også ei god handling retta mot ein sjølv når det å gjere noko godt resulterer i at ein får noko godt tilbake.

Konklusjon

I sin sjølvpresentasjon på nett vektlegg Misjonsforsamlinga altså kristne verdiar med tyngde i historia, og visar til stor variasjon i aktivitetar med vekt på sosiale relasjonar. Medlemmane er presentert som del av eit fellesskap, ut frå identifikasjon med gruppa. Ved å fokusere på kategoriane aktivitet og oppleving samt tradisjon og historie, formidlar organisasjonen at fortida går saman med notida, og at det ikkje er noka motsetnad mellom det tradisjonelle og det moderne levesett. Det nære fellesskap skil seg likevel ut som fellesskapsform ved at organisasjonen ikkje forsøker å møte det moderne i form av individualisme forstått som sjølvrealisering og individualitet, men arbeidar for å samle individa og arbeidet til ein einskap. Aktivitetane og tilboda til organisasjonen er framstilt i lys av organisasjonens tradisjon og historie, og er ikkje gjort om til ei opplevingsøkonomi eller ei form for varegjering. Ein skal heller ikkje nødvendigvis lære noko nytt, men kunne delta på grunn av det sams semjegrunnelaget i den kristne tru.

Hjå Miljø Noreg ser vi ikkje presentasjon i retning eit fellesskap slik det er framstilt hjå Misjonsforeininga, men meir som eit nettverk av menneske som kjem saman gjennom ulike einskildarrangement og virtuell aktivitet og samtale der organisasjonen formidlar kunnskap og erfaring. Det lokale fellesskap er nedtona til fordel for aktivitet som skal oppmode einskildindividets til ansvar. Presentasjonen behandlar dagens individ som individualistisk, men stillar også opp eit ønskje om at individet knyt seg nærare til kollektivet og med det vil endre haldningar og handlingar til det beste for kollektivet. Sjølvpresentasjonen til Miljø Noreg visar med det ei forståing av at individ ikkje berre står ansvarleg for seg sjølv, men også overfor andre. Individet skal like fullt få realisert seg sjølv, men innanfor ramma til kollektivet. Dette knyt saman ei tradisjonelle og ei moderne forståinga av individet, noko som mogleggjer at individet skal få halde fram med å vere forbrukar, men riktig nok ein etisk forbrukar.

Misjonsforeininga og Miljø Noreg på nett presenterer bestemte forståingar av individet, og ser ut til å organisere arbeidet slik at desse forståingsrammene skal gjere seg gjeldande for individa i organisasjonane. Slik visar organisasjonanes nettpresentasjonar til to ulike

(institusjonelle) diskursar som er meint å kome til uttrykk også i faktisk praksis innan organisasjonen. Eg vil i dei to følgjande kapitla sjå om desse diskursane gjer seg gjeldande i det faktiske arbeidet til begge organisasjonar ved å studere arbeidet deira i tilknytning til brukt- og loppemarknaden. Eg vil gå fram ved å sjå korleis arbeidet er organisert i relasjonen mellom dei frivillige og tilsette i dei ulike organisasjonane, og nytte erfaringane til dei frivillige for å forstå korleis og korvidt dei ulike institusjonelle diskursar gjer seg gjeldande i den frivillige praksis.

Kapittel 7: Å gi og få gjennom tradisjonelt frivillig arbeid

I dette kapitlet vil eg sjå nærare på det frivillige arbeidet i tilknytning til loppemarknaden på Bjørknes leirstad, ein av Misjonsforeiningas mange leirplassar rundt om i Noreg. Dette opnar for innblikk i korleis frivilligheita utspelar seg i praksis og i relasjonen mellom frivillig og organisasjon, og dei frivillige seg imellom. Eg har nytta eit erfaringsbasert utgangspunkt ved å forstå frivilligheita ut frå dei frivillige sin ståstad, og har nøsta fram til institusjonelle diskursar som gjer seg gjeldande i den frivilliges praksis. Denne framgangsmåten følgjer institusjonelt etnografisk nedanfrå og opp-perspektiv der sosiale system er å finne i folks aktivitetar og i koordinering av desse.

Introduksjon

Den årlege loppemarknaden på Bjørknes er del av eit større arrangement, ein misjonsdag som består av aktivitetar som auksjon, matsal, appell med song, loppemarknad, tumbola med meir. Arrangementet er til for organisasjonen og misjonsfolket, men også lokalsamfunnet. Marknaden har stor oppslutning; På bakgrunn av tidlegare år er det dette året venta over 500 besøkjande. Dei siste åra har inntektene vore på om lag 50 000. Desse pengane går til drifta av leirstaden. Ved å bidra til å samle folk og til å samle pengar, utgjer loppemarknaden ein høgst levande sosialøkonomisk institusjon.

Arbeidet med marknaden er organisert gjennom ulike komitear av frivillige. Styret og dei tilsette er med gjennom det administrative og tekniske, men også praktiske oppgåver. Like fullt er det fleire gonger så mange frivillige med som det er frå styre og stab. Marknad er ein årleg tradisjon der styre, tilsette og frivillige arbeidar saman for å tene inn pengar til leirstaden, og for saman å skape eit sosialt arrangement for regionen og lokalsamfunnet.

Eg vil i denne analysen av frivillig praksis sjå nærare på korleis det frivillige engasjementet blir skapt i møte mellom dei frivillige og tilsett, og sjå korleis og korvidt dei frivillige erfarer at institusjonelle diskursar styrar arbeidet. Eg vil først vise det frivillige arbeidets plassering og rolle slik den tilsette ser det. Så vil eg rette blikket mot dei frivillige og deira erfaringar ved å trekkje fram dei motiva som ligg til grunn for deltakinga og sjå korleis dei frivillige erfarer arbeidet og organiseringa.

Den tilsette si rolle i organiseringa

Leirstaden Bjørknes har stor aktivitet med eigenarrangerte leirar og møter samt utleigeverksemd. Eit styre står ansvarleg for leirstaden, men den daglege drifta er delegert til dei tilsette. Det er tre tilsette ved Bjørknes; Styrar, nest-styrar og kjøkentilsett i tilsaman 2,3 årsverk. Ansvar for frivillig-koordineringa er delegert til styrar, Peder, 24 år. Han ser det frivillige arbeidet som ei sentral del av drifta av leirstaden, og som ei av sine viktigaste arbeidsoppgåver. Han seier det slik:

Da er jo da som gjer at Bjørkenes går så godt og, da er jo på grunn av at dei får inn frivillige. For me hadde kje klart oss uten dei – då måtte me ha skrudd opp prisane våre og då kunne me ikkje hatt same drifta (Peder, 24, tilsett).

Han visar her til eit mogleg framtidsscenario der bemanninga av leirstad er annleis organisert enn i dag. Han visar til at ein må halde på engasjementet for slik å halde drifta på ønska nivå, og er medviten om den viktige rolla dei frivillige spelar i drifta slik den er organisert i dag.

Dei frivillige er i hovudsak folk som har vore innom leirstaden ved eit tidlegare høve gjennom ulike frivillige aktivitetar. Styrarens rolle som ”frivilligkoordinator” består for det første i å ”hente inn” dei frivillige. Har ein vore med tidlegare, er ein i følge styrar truleg sett opp på ei av mange lister over frivillige der ulike namn er ført opp under ulike aktivitetar. Dei faste aktivitetane er vaskedugnad og kjøkenhjelp når det er arrangement på leirstaden.

Frivillige blir ringt opp på jamleg basis og får førespurnad om å vere med som frivillig.

Styrar visar til lista over frivillige loddseljarar i høve loppemarknaden som prakteksempelen på organisert frivilligheit:

Det er da at når me har fått dei på ei lista og har dei der, så då har me og spurt dei om dei kan kvert år, og så er det noken av dei som står ikkje kvert år, men me kan godt spør dei om dei vil sella. Så denna her er heilt fantastisk (Peder, 24, tilsett).

Listene gir eit register frivillig-koordinator Peder kan nytte i organiseringa av frivilligheit på Bjørknes. Det er tenkt slik at den som i utgangspunktet har takka ja har lettare for å svare ja ein gong til, no eller seinare. Styrar ringer ei tid på førehand for så å ringje att når det nærmar seg. Han må få med dei frivillige for å få logistikken til å gå opp. Han ser det slik naudsynt å ha frivillige med i arbeidet på grunn av den rolla dei spelar for drifta, og er slik nytte-orientert i si tilnærming til frivillig-organiseringa, men han tenkjer også at frivilligheita er eit gode i seg sjølv og noko som bind individet til fellesskapet. Han er varsam i å leggje for mykje press

på dei frivillige – om dei ikkje kan, ringjer han heller att seinare: ”Sa du nei ein gong, sa ”nei, det passa kje for med denna gongen”, våren eller sånn, så ”nei, nei, eg prøve seinare”” (Marit, 62, seljar). Slik ønskjer han å ivareta den gode relasjonen mellom leirstaden og dei frivillige.

Frivillig-koordinator ser det som si oppgåve å leggje til rette for at folk får lov til å bidra, slik han sjølv fekk lov då han var yngre og la kantstein utanfor hovudbygget:

Tanken er vel helst at når me skape et engasjement hos folk i området her, så knytte dei eierskap til leirplassen, [...] altså, når dei er med her, sånn eg har vore med å lagt kantsteinen der. Eg føle at eg har bidratt [...]. Så om det er bare er kantstein så føle eg likavel at eg har vore med her og du får på ein måte eit forhold til plassen. Det er da me og ønske, å skapa et forhold hos folk, at dei ska føla seg – Bjørknes ska på ein måte ver den andre heimen deiras – dei ska alltid føla seg velkommen her og på ein måte ikkje føla seg som fremmede, eller, ja (Peder, 24, tilsett).

Frivillig-koordinator tek med det ikkje berre ansvar for å samle dei frivillige, han tek også på seg eit sosialt oppfølgingsansvar. Ikkje berre er han ryddig i møte med dei, men han har også som mål å hjelpe dei frivillige i det arbeidet dei gjer, og slik gjere at dei trivs saman. Den tilsette tek på seg rolla som ”miljøarbeidar”. Dette visar seg i venlege handlingar – slik som å setje fram kjeks og kaffi til dei frivillige: ”[...] så må jo eg veta ka tid dei komme fordi atte då ska me ha kaffien og kjeksen klar [...]” (Peder, 24, tilsett). Han vil at dei skal vite at dei er velkomne og at arbeidet dei gjer blir sett.

Ved behov trer den tilsette til og arbeider saman med dei frivillige i deira oppgåver. Dette er ikkje i regelen ein del av jobben, og kan vise at relasjonen mellom tilsett og dei frivillige er meir enn eit reint byte-forhold sett frå den tilsette sin ståstad. Han er ikkje berre oppteken av nytteverdien, men også av sjølve mennesket som deltek som frivillig. Dette syner ønske om eit gjensidig forhold basert på tillit og sterke band.

Arbeidet til den tilsette inkluderer altså frivillig arbeid. Dette synar at den tilsette også sjølv gir inn til fellesskapet og støttar opp om ein diskurs om å bidra til fellesskapet som frivillig. Motivet bak arbeid også som frivillig synast å vere ueigennyttig:

Der er så mykje arbeid som skal gjerast at det hadde ikkje gått [utan frivillige], [...] ja, eg veit ikkje kossen eg skal sei da, men me gjer jo ein del dugnad me og sjølv om me ikkje, ja, så da er ikkje alltid at me jobbe heller (Peder, 24, tilsett).

Samstundes syner han også glede i arbeidet, her i høve arbeid med loppemarknaden:

Ja, eg synst loppemarkedet er ein veldig kjekke dag, eg trivs ganske godt sjølv på den dagen. Eg huska jo i fjor, då synst me da var veldig, veldig stas, for då for fyste gong så fekk jo me få lov og sjå gjennom loppene før dagen – gå der nede berre oss liksom også kikka og da var jo veldig kjekt (Peder 24, tilsett).

Dette visar at den tilsette ikkje berre ser ueigennytten ved det frivillige arbeidet, og at også eigennytte kan vere motiv for den frivillige innsatsen.

Bandet den tilsette har til dei frivillige ser ut til å vere bestemmande for korleis han organiserer frivilligheita, og kan vise til ein idé om fellesskap som styrande for frivillig handling; Den tilsette gir fordi han har fått, og ønskjer å la folk i organisasjonen ta del i ein gåverelasjon ved å ta del som frivillig, der dei frivillige, styrar sjølv og leirstaden er partar i ein gåverelasjon der ein gir sidan ein har fått.

Loppekomitéen

I arbeidet med loppemarknaden er det blant anna frivillige med i det som vert omtala som loppekomitéen, eit namn brukt av både frivillige og tilsett. Komitéen sett saman av frivilligkoordinatoren, og består dette året av fire godt vaksne damer og to godt vaksne menn, forutan styrar som også har vore med på oppmoding frå dei andre komitémedlemmane.

Komitéen er sett saman på bakgrunn av omsyn knytt til ulik kompetanse og geografisk spreing. Damene har vore med i fleire år og sit på erfaringsbasert kompetanse. Dei to menn som er nye inn i komitéen bidrar med to ulike kompetanseområder: Den eine har erfaring frå styret til leirstaden og har dermed kunnskap om den overordna organiseringa av marknaden, medan det andre mannlege komitémedlem er seljar i ein av Misjonsforeiningas bruktbutikkar i regionen, og har nøkkelkompetanse om brukt-sal. Dei frivilliges kompetanse blir utnytta i arrangering av marknad ved at Bjørknes leirplass får gratis og kompetent arbeidskraft. Vidare er komitéen bestemt av omsynet om mest mogleg geografisk spreing. Nesten alle i komitéen representerer ulike delar av regionen. Dette er nyttig, og kan hende avgjerande, for ei av komitéens oppgåver – det å hente inn andre frivillige som kan bidra med blant anna rydding i forkant og sal. Det trengs 30-40 frivillige til sjølve dagen, og mange til arbeidet i forkant. Desse vert henta inn blant venner og kjente av komiteen.

I arbeidet med arrangering av loppemarknad er loppekomitéen i stor grad eigenorganisert. Dette kjem blant anna til uttrykk i planleggingsmøtet der sakslista som er sett opp av den

tilsette, først og fremst vert forstått som idéar og forslag. Forutan planlegging og innhentinga av andre frivillige, har dei frivillige komitémedlemmane også ansvar for marknads- og salteknikk i sjølve gjennomføringa av marknaden. Det som er av diskusjonar i komitéen handlar primært om korleis arbeidet er gjort før og korleis ein kan gjere det slik også no – så fram det ikkje har vore noko kluss tidlegare som ein kan rette opp i. Dette visar at komitémedlemmane synast å rette seg etter retningslinjer som er gjort til tradisjon ettersom marknaden har vore til. Dei godtek slik den eksisterande organiseringa.

Om medlemma i komitéen sjølve har, eller ønskjer å ha noko med organiseringa å gjere, for utan ved å bidra til gjennomføring, er lite truleg. Då Jon, som har vore med i styret, spurde dei andre på planleggingsmøtet om dei ønskja å halde fram med marknaden, nytta han mange ulike spørsmålsformuleringar for å få fram ulike meiningar om dette. Han fekk likevel ikkje noko svar. Reaksjonen frå dei andre i komitéen var, slik eg har notert, unnvikande: ”Om dei sjølv vil forsetje, svarar dei ikkje på anna enn med låg mumling” (Observasjon av planlegging, Misjonsforeininga).

Dei frivillige i komitéen er med på bakgrunn av sin kompetanse, og har vore sett som ei nyttig gruppe å ha til gjennomføring av dei ulike aktivitetar som er del av det å arrangere loppemarknad. Som frivillige komitémedlem er dei slik hovudsakleg ei praktisk hjelp i eit arbeid som er organisert av andre. Dei synast nøgde med denne ordninga og ser det ikkje som si rolle å gå utover dette, til dømes ved å gå inn og gjere ei vurdering om marknaden skal halde fram eller ikkje. Dette visar at dei har eit ønske om å hjelpe på den måten Bjørknes leirstad med si leiing ser det best. Dette synar eit djupt tillits-forhold mellom partane, og ei altruistisk motivasjon for å vere med som frivillig.

Marknaden som arena for frivillig engasjement

Som ein ser av organiseringa hittil, er det frivillige arbeidet sterkt knytt opp mot folkas deltaking i organisasjonen. Om ein ikkje er med, er det sidan ein ikkje har ”helsa til det, eller, ja, har bedt seg fritatt” (Marit, 62, seljar). Å vere med som frivillig blir slik sett på som ei handling som er ei naturleg konsekvens av å vere med i fellesskapet.

At frivilligheita ikkje er knytt til bestemte arbeidsoppgåver, og heller ikkje til eit bestemt fellesskap, er noko som vert presisert av dei frivillige ved Misjonsforeininga:

Nei, ein har jo i alle år vært med på litt sånn frivillig i kristen samanheng. [...] Ja, søndagsskule, og ellers då ungane var små var det noke sånn mor og barn samlingar, og litt forskjellig sånt. Men så blei det no her då ei stund (Therese, 60, seljar).

Therese, ei av dei frivillige, visar her at det frivillige arbeidet har vore del av livet hennar i mange år, og at det har vore tilknytt ulike aktivitetar. Dei frivillige er godt vande med frivillig arbeid, og stillar villig opp. Dei er dessutan aktive, gjerne i fleire aktivitetar samstundes: ”Men me har kje kvitta oss med andre ting. Me er jo med på annet frivillig arbeid og” (Marit, 62, seljar). Som Klara i komitéen seier: ”Det er lett å få med misjonsfolket” (Klara, 56, komitémedlem). Det frivillige arbeidet med andre er knytt til forståinga av trusfellesskapet som arbeid for ei felles sak – misjonen. Frivilligheita vert i seg sjølv ein aktivitet som byggjer opp om fellesskapet ved at folk kjem saman og arbeidar for same sak.

Frivilliges motiv for å delta med frivillig innsats

I kva grad dei frivillige er tilpassa fellesskapet, og kor sterke banda er mellom dei som deltek, er eit spørsmål som kan bli svara gjennom kva motiv dei har for å delta, og korleis dei erfarer arbeidet med dei ulike oppgåvene.

I høve arbeidet med loppemarknaden vert den praktiske nyttefunksjonen ved det frivillige vektlagt av alle informantane. Nyttan var kopla til forståinga av arbeidet som eit arbeid til inntening for misjonen, det vil seie drifta av leirstaden og misjonsarbeidet der – ei forståing også den tilsette legg stor vekt på. Dei frivillige er nøgd med at det dei gir inn av innsats i høve marknaden betyr pengar spart, og pengar tent: ”Ja, så spara dei arbeidsutgiftene når dei kan ha frivillige til å gjør det” (Therese, 60, seljar).

Loppemarknaden er også til inntekt for misjonen på eit anna vis enn reint økonomisk – gjennom bruk av marknaden til misjonering. Marknaden er ein ”utadretta” aktivitet ved at også dei ”som ikkje er møtevande” er invitert med. Dette er dei som ikkje til vanleg er med i kristne forsamlingar der møteverksemd er ein sentral del. Dei frivillige presenterer staden og gjer besøket til eit kjekt besøk – slik har dei erfart at folk på grunn av dette møte med leirstaden og gjerne vil kome igjen.

For å gjere besøket til ei kjekk oppleving har dei frivillige fokus på å vere ”imøtekomande” (Marit, 62, seljar). Ho utdjupar: ”Ja, å bli møtt med vennlighet og synst det er ein god plass å komma [...]” (Marit, 62, seljar). Dei frivillige er slik med og tydeleggjer og marknadsfører

staden, og har misjonsengasjementet som motivasjon for det frivillige arbeidet. Marknaden misjonerer dessutan direkte gjennom ein appell som vert heldt: ”[D]et er jo ein andakt, det er jo ikkje akkurat møte, men andakt og sang. At Bjørknes visa ka det står for og..” (Marit, 62, seljar). Talaren vendar blikket opp frå marknaden:

”Du som ikkje har sikre deg ein bustad kan gjera det nå”. Han lukkar augo og folder hendene i takk og pris til Herren. Han ber om Bjørknes-stevnet og om at ”ingen må reisa heim utan å vere sikker på at dei har et rom i himmelens saler” (Observasjonsnotat, loppemarknad).

Med denne appellen lagt inn, kan det frivillige arbeidet til dei frivillige gjere at folk kan hende kjem tilbake og slik kan få høyre den gode bodskap om Jesus Kristus.

Det sosiale i det frivillige arbeidet er også ei viktig side ved det frivillige engasjementet. Det kjem til uttrykk i møte mellom dei frivillige og publikum på loppemarknaden, men er særleg del av relasjonen dei frivillige seg imellom. For at arbeidet skal vere ”givandes” (Marit, 62, seljar), er det ein føresetnad at ein som frivillig har noko meir til sams med dei andre frivillige enn sjølve misjonsengasjementet. Dei yngre er det til dømes vanskeleg å få til noko sosialt med slik Marit og Therese erfarer det:

Det går greitt, men det er meir sosialt, gjerna. Når det er pausar og visst du er saman med noken, eit par to tre stykker, gjerna heilt unge, så holde dei på med sitt, og så blir du sittandes litt aleina (Marit, 62, seljar).

For at det skal vere sosialt må ein slik kjenne til dei menneska ein arbeidar saman med, eller vere på om lag same alder. Dersom yngre og eldre er med i same aktivitet, er sjølve arbeidet sosialt, men Therese og Marit saknar aktivitetar eller samlingspunkt utanom; Arbeidet opplevast som ”litt kjedelig” (Marit, 62, seljar). Dette står i kontrast til den forma for sosialt dei ønskjer seg i arbeidet.

Hjå Bjørknes er kven ein arbeidar i lag med til dels opp til den frivillige sjølv, men blir avklart i samråd med ”frivilligkoordinatoren”. Som Marit som har vore med ein heil del år erfarer det:

[O]fta så kan han ringa og seia: ”Du kan gjerna vere enkel [...] men kan du få med deg et par damer eller sånn til å vere med”. Då seie eg: ”Joda, det skal eg prøva på”. Så då prøve eg å skaffa (Marit, 62, seljar).

Marit ser dette som ei grei ordning – når ho sjølv kan spørje, kan ho invitere med nokon ho kjenner og slik gjere det sosialt.

Om det ikkje er folk ein kjenner og det ikkje er sosialt på den måten, er dei likevel med og meiner "[d]et går greitt" (Marit, 62, seljar). Sjølv om arbeidet gjerne er sosialt, tek dei del også i aktivitetar når denne motivasjonen ikkje blir møtt. Det visar ei sterk forplikting overfor trusfellesskapet dei er del av. Dette visar at det sosiale ikkje er eit absolutt krav, men eit gode.

Ved frivillig arbeid i høve loppemarknaden er ein med i ein aktivitet som kan gje mykje glede til den einskilde. Ved å vere med på marknaden kan ein glede andre, men også seg sjølv. Som Marit seier det:

Ja, eg har ei som har vært kollega av meg, [...] og i år kom ho kom strålande, "vett du ka eg fant", hu viste meg, [...] "den har eg, sånn har eg vert på jakt", trur det var ei slags urna, "eg har vert sånn på jakt itte den", sa hu. [...] Hu var så glad for det. Og eg tenke: "Så kjekt at du fekk den" (Marit, 62, seljar).

Det frivillige arbeidet her bidrar til ei oppleving for begge partar. Sjølve arbeidet kan dessutan vere ein motivasjon ved at det appellerer til dei frivilliges individuelle interesser, slik det er for mange av dei frivillige som er med på marknaden og som har interesse for gamle ting. Og stemninga, den er som Klara seier det "den er trivelige" (Klara, 56, komitémedlem). Eigeninteresse, med andre ord, er også del av motivasjonen til å delta.

Samla syner erfaringane til dei frivillige at motiva for å delta i stor grad er knytt opp til det sosiale, men at nytte-perspektivet ligg til grunn for innsatsen. I arbeidet med marknaden er arbeidet motivert praktisk og sosialt, og dei ulike motiva er tett knytt saman. Det frivillig engasjement har like fullt ei sterk altruistisk grunnhaldning. Det som mogleggjer den store frivillige innsatsen på Bjørknes er med dei tette banda mellom dei frivillige basert på semja om misjonen som kampsak. Dei deltar slik det er lagt opp til, og er slik i stor grad føyelege overfor fellesskapet.

Ei sams tilnærming – ein kvinneleg hjelpediskurs?

Ein fellesnemnar for motiva til dei frivillige er omtanke for arbeidet og møta med menneske. Desse to sidene er knytt saman i korleis dei utførar dei ulike aktivitetane i det frivillige arbeidet. Dei kan sjåast som føresetnader for den jobben dei gjer.

Arbeidet, som i utgangspunktet kan forståas som ei avgrensa oppgåve, er opplevd som utflytande ved at ein gjerne gjer litt meir enn det ein blir beden om. Marit og Therese

uttrykker at ”[m]e kan nok vere litt meir med av og til”. Dette ”av og til” er eit modifisert uttrykk om ein ser til deira faktiske praksis, her gjennom erfaring frå forsamlingsarbeid og frå helg med kjøkenvakt:

[V]isst det er ett eller aent sånn, om man er sett opp til eit eller anna, så er ein gjerne til stade og ser kva som trengs å bli gjort. Og får dradd det i hop, alt (Therese, 60, seljar).

Ja, har ikkje vore sånn her på Bjørknes at det har vore meir enn det du hadde tenkt. Så sette du litt æra i å reisa frå det litt skikkelig (Marit, 62, seljar).

Deira forståing av arbeidet rommar slik meir enn den faktiske oppgåva; Dei bidrar gjerne litt ekstra.

Det at dei frivillige er tilgjengelege og rundt om, kan forståas som ei viktig motivasjon ved arbeidet sidan det er noko dei er stolte av. Denne motivasjonen kan knytast til førestillinga om den tradisjonelle kvinna som arbeidssam, samt gjer seg flid med arbeidet. At arbeidet dei gjer ikkje berre skal vere utført på best mogleg vis, men også med ekstra flid, handlar om kvinneleg ære. I den grad dei gjer oppgåver dei *kan*, skal desse vere utført deretter. Arbeidet med ryddig til marknaden visar til dømes at dei kvinnelege informantane er oppteken av å halde det ryddig. Det å skulle selje er derimot noko dei ikkje i utgangspunktet kan, og som dermed ikkje er knytt opp til det ærefulle.

Uttrykk for kvinneverdiar er også å finne i dei kvinnelege informantanes ønskje om å vere omgjengeleg og venleg i møte med andre menneske. Denne omsorga er, som vist, knytt til ei misjonar orientering, men omsorga må også forståast i lys av fellesskapet mellom dei som tek del i arbeidet. Dei kvinnelege informantane hjelper kvarandre ved å byte oppgåver seg imellom; ”Me kan vel sei me hjelpe kvarandre” (Marit, 62, seljar), og dei samarbeider godt i lag. I arbeidet er dei merksame om andres behov og gjer sitt for å skape eit triveleg samvær – dei pratar og vitsar.

Om dette er kvinneverdiar og ikkje kjønnsnøytrale eigenskapar kan diskuterast. Å vere arbeidsam kan gjelde begge kjønn, men eg vil trekkje fram omtanken og omsut for andre som kvinnelege eigenskapar. Mine kvinnelege informantar frå Misjonsforeininga høyrer alle til typiske kvinneyrker, og kan slik ha med seg ei forståingsramme for det frivillige arbeidet som knytt opp om desse verdiane. Verdiane kan også sjåast som kulturbestemte verdiar knytt til det fellesskapet dei er del av, og kan slik vere gjeldande for både menn og kvinner. Eg har ikkje djupneintervjua mannlege frivillige hjå Misjonsforeininga. Men eg har like fullt snakka med fleire mannlege frivillige, og også observert dei i planlegging og gjennomføring av marknad.

Dei mannlege frivillige heldt seg etter mitt syn meir nøkterne til arbeidet ved å fokusere om oppgåva meir enn det sosiale.

Typiske kjønnsrollemønster er tydelege i den faktiske gjennomføringa av arbeidet med marknad. I komiteen delar medlemmane inn arbeidet i kvinne- og mannsoppgåver ved at mannfolka vert sett til dei tyngre fysiske oppgåvene, medan kvinnene vert sett til rydding og systematisering. Under observasjon av komitémøtet noterte eg følgjande:

Det var avgjort i forkant kven som skulle gjere kva, det gjaldt også dei andre, 30-40 komitékrutterte frivillige, at mannfolka skulle vere oppe i garasjane med dei tunge og store tinga, møblar og anna, medan damene skulle vere nede der det var fullt opp med småting, glas, service, stoff og dukar, kjøkenreiskapar, julepynt og ymist anna (Observasjonsnotat, marknad).

Kjønnsfordelinga av oppgåvene er grunnlagt med ulik fysikk og ulike interesse- og kompetansefelt hjå damene og mannfolka. Dette er dei også vande med gjennom andre oppgåver gjennom Bjørknes: ”Eg vil jo sei at på kjøkken er det jo mest damer, og vaske... Men dei er jo med og ser over go-cartene og, har vert ein gang i måneden, det går ein dag” (Marit, 62, seljar).

Sjølv om dei ler av denne ordninga etter kjønnsroller og slik visar distanse, er fordelinga slik den er etter kjønn det mest fornuftige. Fordelinga av oppgåver etter kjønn er, slik dei frivillige ser det, svært praktisk og dermed ønskjeleg. Ein gjer det ein kan, det er det Bjørknes er best tent med – som Marit seier det: ”For å sei det sånn: Han ville ikkje vert nytta av på kjøkken. Visst han sku vert på kjøkken og eg på go-cart, så...” (Marit, 62, seljar). Med andre ord: Kvinner kan stå på kjøkenet, det kan ikkje menn. Kjønnsrollemønsteret heng truleg saman med den generasjonen av dei frivillige eg har intervjuet - dei er alle godt vaksne og fleire nærmar seg pensjonsalder. Dei har slik vekse opp i eit samfunn det kjønnsrollene har vore tydeleg definert.

Etter mitt syn kan ein på bakgrunn av arbeidets organisering forstå korleis frivilligheita vert samanblanda med tradisjonelle kjønnsroller når dei aktuelle aktivitetar skal fordelast. Dette gir ein kvinneleg hjelpediskurs som er retningsgivande for arbeidet dei kvinnelege frivillige utførar. Denne forståinga vert underbygd ved at arbeidet vert organisert slik at dei frivillige sjølv fordeler oppgåver, og ved at dei gjerne utfører same oppgåve gjentekne gonger – oppgåver dei kan. Den tilsette og dei frivillige nyttar slik ei sams tilnærming til arbeidet, og ein kvinnelege hjelpediskurs verkar koordinerande for arbeidet.

Er det balanse i byte-forholdet mellom frivillig og organisasjon?

Det tette bandet mellom frivillig og fellesskap har, som vist gjennom dei frivillige og tilsett sine erfaringer, mange positive sider, men kan også ha sine negative sider. Viljen til å hjelpe kan utnyttast av dei som styrar med frivilligheita ved at mykje arbeid kan bli lagt på dei frivillige.

Marit har erfart at det kan vere vanskeleg å sleppe frå når ein blir bedt om å stille opp som frivillig, noko også Therese samtykker i:

Når du snakka med [tidlegare styrar ved Bjørknes] så endte du alltid opp med å lova ei helg. For når du hadde andre planer, så hadde han såpass mangan [alternativer]. Du kunne jo sei ”eg vil sjå litt på det”, det godtok han, men ofta så hadde såpass, fleire alternativ. Så visst ikkje eg var opptadd i helgene... (Marit, 62, seljar).

Denne erfaringa visar at relasjonen frivillig-tilsett er hierarkisk organisert. Det hierarkiske i relasjonen kjem til syne i ubalansen i forholdet dei imellom. Fellesskapet har ein makt-ubalanse innebygd ved at dei frivillige i så stor grad ønskjer å hjelpe fellesskapet. Dette kan hindre dei i å spele ut omsynet for seg sjølv og egne individuelle ønskjer. Marit har til dømes ønskje om å kunne setje grenser i blant: ”[M]e lika nå å ha det komfortabelt og”. Ho meiner det somme tider kan bli litt for mykje, litt stress, men ho står likevel på og deltek.

Dei tradisjonelle førestillingar om det nære fellesskap overstyrar moderne verdier knytt til individets sjølvrealisering. Dei frivilliges erfaringar visar at dei handlar i tråd med ein institusjonell diskurs om å hjelpe til i fellesskapet og let det skje vitande om at dei då må underordne seg og undertrykkje individuelle behov. Konsekvensen av å gjere om på den frivillige organisering vil ta frå den frivillige mykje glede som jo også er del av arbeidet.

Dei frivillige gjer det beste ut av situasjonen slik den er. Dei prøver å setje egne grenser, og søker å unngå oppgåver dei ser på som ”ubehagelege”. Dei ordnar også sjølv arbeidet slik at det skal bli ”kjekt sosialt” (Marit, 62, seljar). Og så lengje dei opplever det frivillige arbeidet som givande, vil dei vere med. Ved å fokusere på gleda ved arbeidet, markerer informantane avstand til det pliktfylte arbeidet og ser nytte og hygge saman til ein einskap for motivasjonen.

Slik situasjonen no er på Bjørknes, trengs dei frivillige også av økonomiske grunnar. Dette legg press på styrar, som organiserer frivilligheita og som skal få logistikken til å gå opp og kan gjere at dei frivillige blir utnytta.

På bakgrunn av makt-ubalansen, er frivilligheita i tilknytning Misjonsforeiningas leirplass Bjørknes i stor grad styrt av leiinga. Ved at dei frivillige ”berre er sett til å hjelpe til” og støttar opp om denne rolla, gir dei frå seg styring for eiga frivilligheit. Det er leiinga som set vilkåra, og som bestemmer aktivitetar og oppgåver. Loppemarknaden kan til dømes leggjast ned dersom leiinga finn det for godt, eller dei frivillige som er med på aktiviteten i dag kan bli skjøve ut dersom leiinga vil endre på kompetansen. Premissa for frivilligheita ser slik ut til å bli lagt av andre enn dei frivillige sjølv, knytt opp til ein hjelpediskurs som pregar arbeidets organisering og arbeidet i praksis.

Kapittel 8: Å gi og få gjennom moderne frivillig arbeid

Dette kapittelet handlar om frivilligheita slik den kjem til uttrykk gjennom frivillig praksis hjå organisasjonen Miljø Noreg. Dette frivillige engasjementet skil seg frå det hjå Misjonsforeininga ved at dei frivillige hjå Miljø Noreg er meir lauseleg knytt til organisasjonen. Frivilligheita hjå Misjonsforeininga er, som vist, tett knytt opp til Misjonsforeininga som eit trusfellesskap, og den frivillige innsatsen er i stor grad altruistisk motivert. Eg vil i dette kapittelet sjå nærare på bruktmaknaden ved Bytorget i regi Miljø Noreg regionalt. Eg vil her, som i analysen av frivillig praksis hjå Misjonsforeininga, nytte erfaringane til dei som er med i arbeidet til å sjå korleis denne aktiviteten er skapt i møte mellom dei frivillige, tilsett og organisasjonen Miljø Noreg ved å sjå nærare på kva motivasjonen dei frivillige har for deltaking, og sjå korleis og om desse er prega av institusjonelle diskursar.

Introduksjon

Bruktmaknaden på Bytorget vert arrangert kvar laurdag frå midten av april til midten av oktober, og er ein utandørs marknad nær sentrum med sal av brukte ting og handtverk, og ymse andre aktivitetar slik som sal av mat eller musikkinnslag. Marknaden er ein sosial møteplass, men også ein økonomisk arena. Dei som sel varer på marknaden er fortrinnsvis privatpersonar, men også frivillige organisasjonar. Marknaden er til ei kvar tid open for alle som vil vere med å selje. På det meste samlar arrangementet opp mot 50 frivillige seljarar. Tal på seljarar og besøkjande varierer, men mange av dei som sel har vore med over fleire år. Inntektene frå salet går i utgangspunktet til seljar sjølv, og ligg på alt frå ti til tusen kroner per gang. Slik er marknaden å rekne som ein sosialøkonomisk institusjon.

Marknaden kom til for om lag 14 år sidan som eit initiativ frå bydelsutvalet for Østre bydel der Bytorget ligg, og vart til i samarbeid med Miljø Noreg og kommunen. Også i dag er marknaden eit samarbeid mellom desse tre partane. Arbeidet med marknaden er organisert slik at somme av seljarane møter med Miljø Noreg og planlegg marknaden, medan Miljø Noreg står ansvarleg overfor kommunen som eig plassen der marknaden vert heldt.

Eg vil i denne analysen sjå nærare på dei individuelle motiva for å delta som frivillig på

marknaden ved først å sjå organiseringa frå den tilsette i Miljø Noreg sitt perspektiv, for så å sjå kva erfaringar dei frivillige sjølv gjer seg.

Den tilsette si rolle i organiseringa

Miljø Noreg regionalt har tre tilsette i byen der bruktmaknaden finn stad. Arbeidet deira tek form av samarbeid med kommune og næringsliv. Arbeidet består i kursing, føredrag og grønne lag – slik som bruktmaknaden samt ulike andre arrangement blant lokalbefolkninga.

Organisasjonen har ikkje frivillige i den forstand som Misjonsforeininga der frivilligheita er knytt til deltaking eller i organisasjonen, men har deltakar knytt til Miljø Noreg sine ulike aktivitetar. Ansvar for bruktmaknaden er hjå ein av dei tilsette, Bjarne, 40 år. Slik han ser det er bruktmaknaden ein liten del av jobben hans og Miljø Noreg sitt arbeid regionalt: ”Det [bruktmaknaden] er ein veldig, veldig liten del av jobben min, det er det”.

Sjølv om bruktmaknaden i seg sjølv ikkje er ein sentral del av arbeidet til Miljø Noreg, er den like fullt del av organisasjonens arbeid og visjon. Miljø Noreg uttrykkjer om arbeidet med bruktmaknaden at; ”Det passer veldig godt inn i ein større visjon, det gjere det” (Bjarne, 40, tilsett). Bruktmaknaden og dei andre oppgåver knytt til grønne lag skal setje folk i stand til å handle etter det beste for kollektivet det er del av, dette ved at folk kjem saman og omgås kvarandre.

Frivillig-organiseringa slik den tilsette ser det, har mål om å samle folk til handling. Arbeidet består slik i å bidra til organiseringa av marknaden ved å hjelpe dei frivillige til handling. Han visar til at dei minste handlingar kan vere av betydning for ”reell samfunnsending”. Nyten av å samle folk til bruktmaknad kan forståast i saman med den teori han presenterer om menneske som flokkdyr:

Me e jo flokkmenneske. Biologisk sett er me flokkdyr, har alltid levd i flokk. Og innforbi flokken er det suksesskriterie å vere raus. Jo meir du dele, jo betre er det for flokken. [...] Så veldig enkelt fortalt så vil ein bli meir miljøvennlig viss ein kjenne navnet på naboen (Bjarne, 40, tilsett).

Alle som vil er invitert med, og Miljø Noreg legg til rette for at staden skal vere open og tilgjengeleg. Slik kan folk skal kome saman og erfare at dei utgjer eit kollektiv. Dette kan opne for at ein ved å vere sosial og kjem saman får ønskje om å bidra til det beste også for menneske rundt seg. Hjå Miljø Noreg betyr det å endre på haldningsmønsteret i retning av eit meir miljøvenleg forbruk. Dette kan altså vere ein indirekte konsekvens av marknaden.

Sjølve oppgåvene til den tilsette i høve marknaden er i prinsippet av teknisk og administrativ art, og vert avklart i samråd med bruktmaknadsgjengen, ein gjeng med frivillige seljarar som har registrert seg hjå Miljø Noreg. Den tilsette administrerer marknaden gjennom å kalle inn til to møter årleg, eit planleggingsmøte og eit evalueringsmøte, der dei som vil av bruktmaknadsgjengen er invitert med. Andre teknisk-administrative oppgåver har vore å ordne med aggregat, sende søknader og ordne løyve for bruk av torgplassen; Bytorget.

Miljø Noreg si rolle som bindeledd til kommunen er ei viktig side ved organiseringa av marknaden. Torget som vert nytta til bruktmaknaden er til dagleg ein av kommunens parkeringsplassar, og kostar å leige. Gjennom Miljø Noreg sitt samarbeid med kommunen, vert dette dekkja. Det er Miljø Noreg som talar bruktmaknadens sak i kommunen. Dette er viktig sidan torgplassen også vert nytta av andre aktørar, forutan kommunen sjølv, og slik må prioriterast til bruktmaknaden dersom det skal vere marknad der. Sidan rolla som forhandlar på vegne av bruktmaknaden er berre ei side ved det samarbeidet Miljø Noreg har med kommunen, står Miljø Noreg i ei dobbelrolle der organisasjonen ønskjer eit godt forhold til både bruktmaknadsgjengen og kommunen og må slik balansere desse omsyn.

Oppfølgingsansvaret til den tilsette er avgrensa; Han har i utgangspunktet har lite kontakt med bruktmaknadsgjengen utanom planlegging, men har oversikt over kva som skjer gjennom kontakt med ein av dei mest engasjerte; Bernt, 60 år. Det hender også at Bjarne er innom marknaden, men i prinsippet skal gjengen ordne seg sjølv i sjølve gjennomføringa av marknad. Marknaden er slik til dersom dei frivillige sjølv vel å ta del i den faktiske aktiviteten. Koordineringa av aktiviteten er slik meint å vere på eit minste minimum, og gjer at den frivillige i lita grad er forplikta overfor den tilsette og Miljø Noreg gjennom organiseringa.

Marknaden skal vere et arrangement av folk og med folk der ein kjem saman med andre. Organisasjonens rolle i dette skal vere som ein hjelpar som får dette til å skje. Det å profilere organisasjonen eller eit organisasjonsfellesskap er med det ikkje noko mål i seg sjølv. Miljø Noreg er ikkje synleg på bruktmaknaden gjennom banner eller plakatar eller i annonseringa, og meiner at det er "heilt greitt" (Bjarne, 40, tilsett). Dette skil seg frå Misjonsorganisasjonen som nyttar marknaden til forkynning og misjonering av eige budskap – direkte gjennom appellen, og også ved at marknaden vert heldt på ein av Misjonsforeiningas leirplassar.

Bruktmarknadsgjengen

Bruktmarknadsgjengen består av individuelle seljarar som handlar på vegne av seg sjølv, og for marknadsseljaranes fellesinteresser. Gjengen er tilfeldig samansett på den måten at kven som vil kan vere med. Dei som er med har det til felles at dei er brukseljarar som har registrert seg hjå Miljø Noreg. Den registrerte bruktmaknadsgjengen er på mellom 30-40 personar, men på planleggingsmøte i år møtte elleve av desse. Desse elleve vil eg heretter rekne som bruktmaknadsgjengen i denne samanheng. Av desse er sju kvinner og fire menn, forutan den mannlege tilsette ved Miljø Noreg. Dei som er med i bruktmaknadsgjengen kjenner ikkje til kvarandre utanom marknaden, og har ingen andre felles møtepunkt.

Bernt som er kontakten til tilsett i Miljø Noreg, har ei sentral rolle i bruktmaknadsgjengen. Sakslista på planleggingsmøtet er til dømes sett opp som eit samarbeid mellom tilsett og Bernt. Av tilsett blir Bernt omtala som "sjefen". Også Nina, ei av dei frivillige seljarane meiner Bernt har godt overblikk og kontroll med det som må gjerast: "[H]an er dyktige, han. For alt i verden, han skal ha all æra for at det fungere [...]" (Nina, 47, komitémedlem).

Bruktmarknadsgjengen har ansvar for det reinte praktiske ved gjennomføring av bruktmaknad, men sjølv om dette oppgåver bruktmaknadsgjengen har ansvar for og som dei delegerer seg imellom, må klarerast med Miljø Noreg. Det praktiske omhandlar mellom anna kor stor mange bord kvar seljar kan ha og korleis dei skal stå, korleis ein skal marknadsføre seg, og om ein skal få inn eit korps for å spele, eller opne opp for sal av mat. Alle oppgåver, sjølv dei på detaljnivå, skal avklarast med organisasjonen. Eit døme er spørsmålet om korleis parkeringsautomaten på torgplassen kan gøymast vekk:

Bernt føreslår at møte byrjar med at ein klargjer dette med sekken. Bernt spør om Bjarne har fått tak i ein sekk, noko Bjarne svarar nei på. Det ligg ein svart søkkelsekk på bordet. "Dersom Miljø Norge godkjenner det, kan den vere ok", seier Bernt. Bjarne svarar med at "ja, dei har ikkje bedt om noko anna" (Observasjonsnotat, planleggingsmøte).

For at folk skal skjøne at det ikkje er tillate med parkering dagen for marknad, er det allereie avklart med kommunen at bruktmaknadsgjengen kan skjule parkeringsautomaten.

Bruktmarknadsgjengen må like fullt spørje Miljø Noreg om korleis dei kunne gjere dette – om dei kan få lov til å nytte ein søppelsekk til dette føremålet.

Sidan det er Miljø Noreg som har kontakt med kommunen, ei ordning kommunen har bestemt, er det den tilsette og ikkje bruktmaknadshandlarane som i utgangspunktet har informasjon om kva kommunen avgjer angående brukthandlarane og bruktmaknaden.

Gjengen er innforstått med at Miljø Noreg sjølv tek hand om kontakten med kommunen, og at Miljø Noreg må nyttast som talsmann. Dette gjer like fullt at Miljø Noreg har styring over ei av bruktmarknadsgjengens viktigaste saker; Bruktmarknadens framtid. Det har i fleire år vore snakk om at kommunen skal nytte plassen til noko anna. Mange av seljarane er knytt til staden og vil av den grunn at marknaden skal halde fram der den er i dag.

Det store ønskje er at bruktmarknadsgjengen skal få halde fram med marknad på Bytorget. I møte med Miljø Noreg tek bruktmarknadsgjengen ei unison stemme i saker som omhandlar marknadens framtid. Denne stemma er til gjennom den korrespondansen Bernt har kontakt med dei frivillige seljarane per e-post der han ber dei ta stilling til ulike saker, saker som dei så drøftar *før* møte med Miljø Noreg. Dei møter derfor i god tid før møtet med Miljø Noreg startar:

[D]ei kommer alltid minst ein halvtime før tida på møtene her, så dei sitte klar rundt forbi sånn ein liten time før, og så komme dei inn her ein halvtime før, så har dei liksom hatt møte sitt (Bjarne, 40, tilsett).

Dei er slik å rekne som ei interessegruppe som har organisert seg innunder Miljø Noreg som talsmann for deira sak.

Den eine sida ved marknaden som Miljø Noreg ikkje legg seg oppi, er korleis og kvifor seljarane deltek med sal av varer på marknaden. Dette er eit individuelt spørsmål som må svarast av den einskilde. Dei frivillige seljarane ordnar sjølve med transport frå og til, og med pakking og rydding. Somme har hjelp til dette, medan andre gjer det på eiga hand. Somme står også ilag når dei sel varene, medan andre står åleine. At det er individuelt organisert er ikkje noko ein diskuterer, men er ei u-uttalt side ved arrangementet og er del av faktisk praksis. Vil ein ha nokon med seg, må ein sjølv organisere det.

Sjølve salet er ordna på ulike måtar frå seljar til seljar, der somme prisar alt, og andre noko. Pruting vert oppmoda av somme seljarar; som ho som selde Afrika-figurar påpeika at ”[p]risen kan diskuterast.[...] Det er berre å prute” (Observasjonsnotat, marknad). Men somme seljarar synast å unngå pruting ved å tilby ein pris som er lågare enn prislappen som er sett på den bestemte varen – som ein seljar sa om prisen på to tallerkenar; ”Det er 150, men du kan få dei for 100 per stykk” (Observasjonsnotat, marknad). Praksis er ulik frå seljar til seljar og bygg opp under marknaden som individuell aktivitet.

Marknaden som arena for frivillig engasjement

Organiseringa visar at dei frivillige inngår i marknaden på bakgrunn av eigen individuell interesse, og ikkje som frivillige for ein organisasjon; Dei som er med på marknaden nyttar heller ikkje omgrepet ”frivillig” om seg sjølv eller andre, men er i denne samanhengen rekna som frivillige ved at dei bidrar til eit arrangement i regi ein frivillig organisasjon. Folks deltaking er uavhengig av deltaking i organisasjonen elles og er eit individuelt val. Om ein vil vere med eller ikkje vert forstått som eit spørsmål om interesse. Deltaking blir vurdert ut frå kriterier om det passar dei – om dei har lyst til det, eller har nokon nytte av det. Dei individuelle mål for deltakinga visar til at organisasjonen blir sett som eit middel heller enn eit mål i seg sjølv.

Dei frivillige som er med kjenner ikkje einannan utanom fellesskapet kring marknaden, og er heller ikkje er forplikta overfor kvarandre. Sidan marknaden til ei kvar tid er open for den som vil, kan seljarane sjølv velje kva dagar dei vil stå, og kva tider på dagen. Om dei ikkje dukkar opp har ikkje dette konsekvensar, ein kan kome igjen ein annan gong. Kor mykje dei vil vere med er heilt opp til dei sjølv. Dette sidan handlinga er på bakgrunn av dette individualistisk retta, og ikkje knytt opp til den einskilde som del av eit forpliktande fellesskap.

Frivilliges motiv for å delta med frivillig innsats

Motiva for å ta del i bruktmagnaden er mange og samansette, og dei varierer frå seljar til seljar. Ein av motivasjonane som likevel synast å gjelde alle, er den inntekta salet gjev. Innteninga er knytt opp til kva mål ein har for eiga deltaking; Om det går til ein sjølv eller andre. Dersom salet er hobbyprega, er inntektssida mindre viktig enn dersom inntektene har eit bestemt føremål. Hanne, 60 år, er ei av dei frivillige seljarane som sel til inntekt for andre enn seg sjølv. Hennar inntekter går til ei stifting som finansierar barneheimar i fattige land. Andre seljarar omtalar inntektssida som viktig for at aktiviteten skal vere spennande å ta del i.

Somme er motivert for å selje mest mogleg. Dette motivet er gjerne knytt til personlege eigenskapar ved seljaren. For å selje godt, må seljarane ta omsyn til ei rekkje problemstillingar; Inntektene varierer etter kor mange varer ein har, kva prisklasse desse ligg i og kor stor etterspurnaden er den bestemte dagen for sal. Det skal vere riktige varer skal ein få til eit godt sal. Derfor må ein vite kva varer som er ettertrakta, og ein må ha fått tak i desse

varene for å selje med god inntening. Hanne ønskjer å tene mest mogleg og er medviten om kva varer som er ettertrakta. Ho er kreativ i korleis ho samlar saman varer ho kan selje. Ho drar blant anna rundt og besøker dødsbu der ho kan hente ting ho kan selje på marknad.

Det nytteprega salet kan i størst grad relaterast til dei som sel med ein annan agenda enn på vegne av seg sjølv. Dette gjeld dei som er ”semi-profesjonelle” (Bjarne, 40, tilsett) som sel også elles, som blant anna Hanne som sel til inntekt for ei stifting og nyttar marknaden som ei av fleire innteningsstader. Stiftinga ho arbeidar for er hennar eiga stifting der ho sjølv samlar inn midlar til barneheimar rundt om. Sidan ho kan kome og gå som ho vil på marknaden, er ho gjerne her når det ikkje er andre stader ho kan stå. Ho er gammal og synes ikkje det er så veldig kos å stå på marknaden – særleg når det då er dårleg ver og ein risikerer helsa: ”Ja, men eg har jo blitt syke to ganger, for då har eg blitt gjøna våte. [...] Så nå vurderer eg” (Hanne, 60, seljar). Ho let vere å gå når det regnar, men vil halde fram å nytte arenaen så lenge det er tenleg å stå der.

Andre på marknaden står fordi dei synst det er hobby. Kjøpmannsengasjementet til Nina kan nemnast her, og det kan også interessere for gamle ting og ulikevaregrupper. Nina har til dømes interesse for smykke og stein, som ho då sel på marknaden. Dei fleste sel brukte ting, slik som gamle grammofonar, bøker, maleri, porselen, leiker, dukar, klede, smykke og diverse anna småting.

Den sosiale sida ved engasjementet på marknaden er også ein motivasjon for å delta: ”Er det fint vær er det kjempegod stemning og det er godt å ver der, ja, det er positivt og sosial arena” (Nina, 47, komitémedlem). Det sosiale knyt Nina til det å kome saman med andre folk; ”Det er jo ekstra kjekt når det er fint vær og mye folk, det er det jo jevnt over” (Nina, 47, komitémedlem). Den sosiale praten er mest mellom seljar og kunde: ”De kjem bort og prata, og eg komme jo lett i kontakt med folk, de komme bort og prata og koselig drøs [...]” (Nina, 47, komitémedlem). Sjølv om ein ikkje kjenner dei ein sel saman med og ikkje pratar særleg med desse, er marknaden sosial.

Marknaden som hobby, kjøpmannsskap, inntekt og sosial hygge. Nina skulle gjerne ønskje at marknaden kunne gje større inntekter, men meiner det ikkje ligg til rette for dette. Kundane tenkjer, i følge Nina, at marknaden som ein loppemarknad der ein kan finne ”rot og rask til ein billig penge” (Nina, 47, komitémedlem). Sidan marknaden er open for alle, vil fleirtalet i praksis avgjere kva form marknaden tek – som brukt- eller loppemarknad. Om ein ikkje passar inn i denne forma og har interesser som fell saman med fleirtalet, er ikkje marknaden rette staden.

Ein fellesnemnar for motiv til deltaking er altså ein eigeninteresse av å vere med. Den økonomiske sida er også del av meininga med arbeidet, men kjem i skuggen av sjølvrealisering som motiv for å delta. Dette heng saman med at det ikkje nødvendigvis løner seg å stå på marknaden.

Ei sams tilnærming – ein sjølvrealiseringdiskurs?

Det å vere sjølvdriven kan forståast som ein føresetnad for deltaking hjå Miljø Noreg gjennom bruktnarknaden, og kan liggje i sjølve strukturen for arbeidet. Arbeidet er organisert slik at ein gjer arbeidet når ein sjølv vil, og ein gjer det etter lyst-prinsippet: "[D]et er begrensa litt, reise jo vekk i ferien, og så begrenser det i forhold til jobb. Så regna det jo litt av og til, vett du. Då er det ikkje så aktuelt" (Nina, 47, komitémedlem). Ho kan avgjere kvelden før om ho vil delta eller ikkje, og nyttar denne fleksibiliteten i opplegget: "Eg drar ikkje visst det regna, nei, nei. Visst eg står opp på lørdags morgon og det regna, krype eg under dyna igjen, det er heilt sikkert" (Nina, 47, komitémedlem). Slik kan ho gjere sidan ho ikkje er forplikta til å møte opp, og ved at ho sjølv står ansvarleg for eige sal. Det er med andre ord opp til kvar einskild kor mykje tid og ressursar ein legg inn i engasjementet på marknaden.

Dei frivillige seljarane opplever det som positivt å kunne bestemme slik ein sjølv ser det best. Slik sluttar dei frivillige opp om moderne verdiar; Dei gjer det for sin eigen del og av eigeninteresse først og fremst. Sjølv om arbeidet er noko dei er stolte av, trekk dei på skuldrene av dette. Det finst alltid andre ting ein også kunne tatt seg til, men no var det ein gong dette ein heldt på med. Om ein vil, og når ein vil, kan ein avslutte engasjementet. Så lenge aktiviteten er meningsfull, vil ein halde fram. Slik er arbeidet del av ein lengre plan av sjølvrealisering der seljarane er opptekne av å realisere eigne interesser og eigne behov. Rolla som frivillig er del av det å skape sin eigen person, sin individualitet.

Sjølv om individualitet kjenneteiknar seljarane, er ikkje dette berre erfart som noko positivt. Det at ein står ansvarleg for eige sal gjer til dømes at det kan bli meir arbeid enn ein ønskjer lagt på den einskilde. Sjølve gjennomføringa kunne vore lettare om ein kunne stole meir på dei andre og hadde eit tettare fellesskap seg imellom. Slik det er no kan ein sjølvsagt spørje andre om å halde auge med tinga medan ein til dømes flyttar ting inn i bilen som står parkert litt unna, men som Nina erfarer er ikkje dei andre heilt til å stole på: "[E]g stola ikkje heilt på de" (Nina, 47, komitémedlem).

Er det balanse i bytte-forholdet mellom frivillige og organisasjon?

Ingen av dei som sel har som motiv å hjelpe organisasjonen Miljø Noreg på noko vis, og er heller ikkje motivert av miljøspørsmål eller grønne verdiar – sjølv om fleire av dei har ei interesse for brukte ting som i seg sjølv er gjenbruk og slik ei miljøvenleg handling. Dei frivillige seljarane erfarer at deira eigne motiv for å delta er avgjerande for deltakinga. Dette gjer at seljarane forstår seg sjølv som individ heller enn del av eit kollektiv. Det ser slik ut til at relasjonen mellom seljar og organisasjon er eit reint bytte-forhold der seljaren bidrar til ein aktivitet i organisasjonens regi, slik at aktiviteten vert heldt ved like, medan dei frivillige seljarane på si side oppnår eigne individuelle mål for deltakinga slik som sosialt samvær og pengeinntening.

Organisasjonens tilbod om bruktmaknad vender seg til individet i lokalsamfunnet som unikt og som handlar på vegne av seg sjølv. Slik har Miljø Noreg eit individualistisk utgangspunkt for bruktmaknaden. I sjølve utforminga av bruktmaknaden som aktivitet byggjer Miljø Noreg opp under ein sjølvrealiseringsdiskurs. Miljø Noreg meiner dei ”tener” på denne diskursen ved at den støttar deira målsetjing om å knyte individet til kollektivet, men i praksis er det ikkje slik. Maknaden er likevel med og skapar ein møteplass, ikkje mellom seljarane kan hende, men mellom seljarar og kundar, og støttar slik Miljø Noreg si målsetning. Men dei frivillige sjølv fell utanfor måloppnåinga til organisasjonen ved at dei står i ein sjølvrealiseringsdiskurs som ikkje førar nærare kollektivet.

Miljø Noreg legg i stor grad føringar for maknaden ved å detaljkontrollere, og formar slik maknaden slik den vert gjort, det vil seie styrt, etter diskursen om sjølvrealisering. Ved å detaljkontrollere har Miljø Noreg makt over brukthandlarane. Denne makt-ubalansen vert opprettheld ved at organisasjonen er einaste link til kommunen.

Då brukthandlarane på eit tidlegare tidspunkt likevel gjekk i mot denne ordninga ved å ta direkte kontakt med kommunen og dei ulike partia, utløyste dette litt ”kaos”, men situasjonen vart snart roa ned av Miljø Noreg sin tilsette. Dei frivillige seljarane let seg underordne mykje på grunn av eit ønsket om å vere med. Men dei gjer det også sidan dei seier seg samd i diskursens premiss. Like fullt er relasjonen mellom frivillige og tilsett i organisasjonen prega av ubalanse i makt, noko som tvingar individet til å innrette seg på ein bestemt måte. Dette strider mot diskursen både organisasjonen ved den tilsette og dei frivillige meiner å støtte opp om.

Kapittel 9: Avslutning og diskusjon

Samanfatning av oppgåvas hovudfunn

Utgangspunktet for oppgåva var korleis frivilligheit blir organisert i møte mellom frivillig og organisasjon. Eg starta med eit ønskje om å sjå frivilligheita ut frå dei frivillige sin ståstad, og nytte dei frivillige sine erfaringar og opplevingar som inngangsport til frivilligheita slik den blir *gjort* innan to ulike kontekstar. Derfor har eg sett nærare på frivilligheita slik den vert utforma gjennom faktisk praksis. Eit premiss for denne oppgåva var slik at frivilligheita vert skapt og skapast i dei kontekstar den inngår i.

Meir spesifikt har eg undersøkt det frivillige arbeidet med brukt- og loppemarknad i høvesvis Miljø Noreg og Misjonsforeininga gjennom problemformuleringa: *Kva betyding har det frivillige arbeidet for dei som deltek i dette arbeidet, og korleis er spenningsforholdet mellom organisasjonen og den einskilde slik det kjem til uttrykk i den frivillige praksis i ulike kontekstar?*

I møte med feltet viste det seg at dei frivillige og dei tilsette i organisasjonane hadde ulike syn på korleis frivilligheita best kunne organiserast. Denne spenninga mellom partane er likevel skjult ved at ein i begge organisasjonskontekstar let styre den frivillige praksis etter institusjonelle diskursar - diskursar både tilsett og dei frivillige tilsynelatande var samde om. Erfaringane til dei frivillige i møte med tilsett i organisasjonen, og ikkje minst motiva deira, gav like fullt innblikk i at frivilligheita etter deira syn kunne vore annleis organisert. Dette visar at det er arbeidskunnskapen heller enn egne erfaringane som er linka til diskursane.

Spenningsane mellom dei frivillige og organisasjon er, slik eg ser det, heldt ved like gjennom dagens organisering og den relasjon som er mellom frivillig og tilsett – dette gjeld i begge organisasjonskontekstar. I kva grad relasjonen forpliktar, og korleis makt-balansen er, er likevel svært ulik i dei to ulike kontekstar. Like fullt, både dei frivillige hjå Misjonsforeininga og Miljø Noreg, samt dei tilsette, er forplikta gjennom frivilligheita, men på forskjellig måte.

Organisering av frivilligheit

Som eg har vist i oppgåvas ulike analysekapittel, er organisasjonane direkte involvert i det frivillige arbeidet, men på ulikt vis. Misjonsorganisasjonen organiserer og koordinerer det frivillige arbeidet ved at den tilsette samlar saman folk og deler ut oppgåver. Den tilsette legg til rette for dei frivillige på best mogleg vis, og ønskjer å ha tett oppfølging av den frivillige aktiviteten og det frivillige arbeidet. Miljø Noreg på si side tilbyr bruktnarknaden som ein aktivitet folk sjølv dek del på eige initiativ. Kontakten mellom dei frivillige seljarane og Miljø Noreg sin tilsette er heldt til eit minimum ved at den tilsette berre har kontakt med ein av dei frivillige – forutan om planleggingsmøta der alle registrerte seljarar kan ta del.

I arrangering av både brukt- og loppemarknad får dei frivillige bidra i planlegging og i gjennomføring av marknad. Det er positivt at dei tilsette gjev rom for dei frivillige i planlegging av marknad – her kan dei frivillige medvirke til organiseringa av frivilligheit. Dei frivillige hjå Misjonsforeininga følgjer like fullt tidlegare praksis, og let vere å ta del i spørsmål om korleis frivilligheita skal vere organisert og innretta. Hjå Miljø Noreg er det tvert om. Her ønskjer dei frivillige å innverke i organiseringa i større grad enn det gis rom for. Dette er det like fullt ikkje rom for sidan handlingsrommet er avgrensa som følgje av streng styring frå den tilsette gjennom detaljkontrollering av planlegging av marknad.

Sjølv om dei frivillige i Misjonsforeininga ikkje motsett seg organiseringa slik den er, har dei likevel ønskje om endring, slik som dei frivillige hjå Miljø Noreg også har. Dei frivillige i begge organisasjonar vel likevel å ta del i ordningane på trass av usemje om ulike styringsspørsmål. Dei frivillige hjå Misjonsforeininga uttrykker ønskje om å kunne ha det komfortabelt, det vil seie vere litt mindre aktive som frivillige og ikkje så knytt til fellesskapet slik dei er i dag, medan dei frivillige hjå Miljø Noreg skulle ønskje at organisasjonen viste meir handlingskraft, eventuelt late dei frivillige sleppe til i større grad. Dei frivillige som kjenner seg forplikta, Misjonsforeiningsfolka, ønskjer altså å gjere plikta mindre, medan dei frivillige som ikkje er forplikta, Miljø Noreg-folka, *ønskjer* å forplikte seg i sin relasjon til tilsette. Her synast to motstridande prosessar som rammar inn erfaringane til kvar av gruppene av frivillige.

Frivilligheita hjå Misjonsforeininga er knytt til det fellesskap dei frivillige er del i, medan det hjå Miljø Noreg spring ut frå individet sjølv. Eg har vald å kalle desse måtane å forstå frivilligheit på for institusjonelle diskursar i tråd med institusjonell etnografi. Den institusjonelle diskursen hjå Misjonsforeininga, misjonsdiskursen, forstår individet ut frå dets

plassering i trusfellesskapet. I dette fellesskapet er folk saman om arbeidet om misjon. Frivilligheita blir sett som eit uttrykk for dette engasjementet, og som uttrykk for tru. Den institusjonelle diskursen hjå Miljø Noreg, miljødiskursen, ser på si side den einskilde som individuelt forankra. Individet er her del av eit forbrukarsamfunn der kvar og ein kan handle etter individuelle ønskjer. Erfaringane til dei frivillige visar slik at dei institusjonelle diskursar dei tilsette arbeidar innanfor, er styrande for organiseringa. Dei frivilliges erfaringar visar også at dei frivillige ikkje utelukkande støttar opp om diskursane; Oppfølginga hjå Misjonsforeininga kan slik dei frivillige ser det bli i meste laget, medan den oppfølginga hjå Miljø Noreg blir av dei frivillige erfart som for lita.

Misjonsforeiningas misjonsdiskurs

Misjonsdiskursen kjem til uttrykk i den frivillige praksis i Misjonsforeininga gjennom det eg har kalla ein hjelpediskurs. Denne diskursen set organisasjonens situasjon og behov i fokus. I arbeidet med loppemarknaden kjem hjelpediskursen fram ved at den tilsette organiserer slik som han gjer, og ved at dei frivillige følgjer denne organiseringa. Altså: Slik situasjonen er på Bjørknes, er ein avhengig av frivillige for å halde drifta på ønska nivå. Store delar av arbeidet ved leirstaden tilfelle dei frivillige. Dei frivillige er vande med å arbeide frivillig. Dei deltek i denne samanheng på førespurnad frå den tilsette. Det er slik den tilsette, gjerne i lag med styret, som delegerer oppgåver. Oppgåvene er likevel ikkje avgrensa, men har tvert imot ein utflytande karakter, i alle høve for dei kvinnelege frivillige.

At praksisen til dei kvinnelege frivillige hjå Misjonsforeininga er knytt opp til hjelpediskursen, kjem til uttrykk gjennom kva motiv dei har for å ta del i arbeidet. Motiva er først og fremst knytt til inntening som går til leirstaden der marknaden blir heldt og ikkje til dei sjølv. Det er dessutan ikkje berre pengar dei frivillige ønskjer seg når dei deltek som frivillige på marknaden – dei ønskjer nemleg å misjonere. Dei misjonerer ved å vere til stades og gje folk moglegheita til å ta turen til Bjørknes leirstad der dei blant anna kan høyre det gode budskap forkynt under appellen. Men dei ønskjer også at folk skal få ønskje om å kome igjen. Det er av den grunn viktig at dei opptrer imøtekomande, og at dei heldt det ryddig slik at folk skal få eit godt inntrykk. Desse omsyna er typisk kvinnelege, noko som har gjort at eg har vald å kalle diskursen *kvinneleg*. Men dei frivillige er også med fordi dei ønskjer å arbeide for saka dei trur på – noko som kan seiast å vere ein kjønnsnøytral motivasjon og tilnærming til frivilligheit.

Dei altruistiske verdiar synast slik å vere framtreddane. Det er like fullt verdt å merke seg at dei frivillige også har egoistiske motiv for å ta del. Når dei får høve til det organiserer dei frivillige seg slik at dei arbeidar saman med vener og kjende. Det gjer at arbeidet blir givande også for ein sjølv. Og i arrangement av marknaden har mange av dei frivillige sjølv interesse for brukte ting og får gjennom frivillig-rolla dyrke denne interessa.

Miljø Noregs miljødiskurs

I møte med tilsett i Miljø Noreg får dei frivillige eit tilbod om aktivitet. Denne aktiviteten vel dei frivillige å nytte dersom det skulle passe inn i deira sjølvrealiseringsprosjekt.

Miljødiskursen blir slik ein sjølvrealiseringsdiskurs i møte med faktisk praksis. Denne diskursen set individets situasjon og behov i fokus, motsett frå misjonsdiskursen hjå Misjonsforeininga med andre ord. Også her kjem diskursen fram ved at den tilsette styrar som han gjer, og ved at dei frivillige godtek denne styringa. Slik situasjonen er no utgjør ikkje bruktnarknaden ei viktig side ved Miljø Noreg og den tilsette sitt arbeid. Ein er interessert i å ha med deltakarar, men har i lita grad med frivillige. Slik er bruktnarknadsgjengen å rekne som eit unntak. Frivillige som er med har gjerne vore frivillige tidlegare. Dette har eg likevel ikkje data om. Det som er visst er at dei ikkje er tilknytt anna frivillig arbeid i regi Miljø Noreg. Dei deltek på marknaden på eige initiativ. Om ein vil kan ein registrere seg og ta del i planleggingsaktivitet. Dei som er med i bruktnarknaden har likevel moglegheit til å avgrense det frivillige arbeidet så mykje dei måtte ønskje. Dei står i utgangspunktet berre ansvarleg overfor seg sjølv. Dei eg har intervjuja framheld då også at dei nyttar seg av denne moglegheita.

Dei frivillige seljarane ved Miljø Noreg sine motiv visar korleis sjølvrealiseringsdiskursen gjer seg gjeldande i praksis. Motiva for å ta del er noko annleis enn dei hjå Misjonsforeininga. Den viktigaste skilnaden er inntektsdimensjonen. Dei frivillige i Miljø Noreg tener i regelen til inntekt for seg sjølv. Somme er likevel representantar for frivillige organisasjonar og samlar slik inn pengar til andre. Fokuset på pengar kjem tydelegare fram i denne organisasjonsteksten, kan hende sidan salet er ein individuell aktivitet, men også sidan sjølve salsaktiviteten er av interesse; Fleire av dei som sel likar å selje. Men også her er det sosiale ei side ved engasjementet – ein kjem saman for å nyte stemninga, eller prate med folk. Marknaden er på eit vis eller eit anna erfart som ein sosial arena og som eit positivt gode for

dei fleste som tek del.

Motiva har preg av å vere egoistisk orientert ved at fokuset ligg på kva den frivillige sjølv får ut av aktiviteten. Det einaste unntaket er dei som stillar opp på vegne av andre og som med det kan synast altruistisk motivert. Dette er situasjonen, men dei frivillige skulle gjerne ønskje det var annleis. Dersom ein også kunne ha ønskje om å hjelpe kvarandre, ville aktiviteten vore lettare å gjennomføre.

Maktubalanse

Dei frivillige i mine to case erfarer ikkje diskursane som noko utelukkande positivt for eiga deltaking, noko som synar motsetnadsfylte sider ved forhold mellom frivillige og organisasjon. Dei tilsette i organisasjonane snakkar annleis enn dei handlar, og har ulike grunnar for dette. Miljø Noreg meiner at bruktmaknadsgjengens skal vere eigenorganisert så langt som råd. Det meiner den tilsette støttar opp om organisasjonens visjon; Ved å ta del i ein bruktmaknad støttar dei eit sosialt arrangement, og får høve til sjølv å vere sosiale. Slik kjem folk saman og erfarer at dei er del av eit kollektiv og, etter Miljø Noreg sine teoriar, vil på grunnlag av dette ønskje å endre forbruksmønsteret til det meir miljøvenlege. Like fullt tek Miljø Noreg stor styring over bruktmaknadsarrangementet. Dette er noko den tilsette ikkje synast å ha reflektert over. Misjonsforeininga sin tilsette har, derimot, gjort seg opp ei meining om korleis han styrar frivilligheita, om meiner han må vere varsam i handsaminga av dei frivillige. Sjølv om han frå organisasjonens side blir pressa til å nytte dei frivillige grunna den økonomiske situasjonen samt ønskje om å halde drifta som den er, ønskjer han å ivareta dei frivillige. Dette er fordi han ser dei som noko meir enn frivillige – han ser dei som del av fellesskapet.

Motsetnadsforholdet mellom frivillige og tilsette er godt kjend av begge partar i begge organisasjonar. Det rommar ein ubalanse i forholdet der dei frivillige må innordne seg den organiseringa organisasjonane legg seg på. Ubalansen er ikkje synleg ved første augneblink sidan partane inngår i eit samarbeid ved ein type dugnadsaktivitet. Begge partar får på kvar sin måte noko ut av relasjonen. Men ved at den tilsette i Miljø Noreg har kontaktar bruktmaknadsgjengen ikkje har, er det Miljø Noreg som set premiss for den frivillige handling. Den tilsette hjå Misjonsforeininga styrer også i relasjonen tilsett-frivillig, men her som følgje av det fellesskap han og dei frivillige inngår i.

Maktubalansen følger av dei frivilliges individuelle motiv på somme punkter er knytt opp mot diskursar som ikkje er retningsgivande innan organisasjonen og for dei tilsette. I Misjonsforeininga er dei frivilliges motiv ikkje utelukkande knytt til fellesskapet, men også til deira eigen person og personlege ønskjer og meiningsfull aktivitet. Dette samspillet i motivasjon blir til ei viss grad møtt i organiseringa av loppemarknaden til Misjonsforeininga ved Bjørknes, men berre om den tilsette ordnar det slik i samråd med dei frivillige. Hjø Miljø Noreg er dei individuelle motiva til dei frivillige i stor grad eigennyttige, men her ønskjer dei frivillige at også altruistiske motiv skal vere del. Slik ønskjer dei frivillige i Misjonsforeininga å lukke opp fellesskapet, medan dei frivillige i Miljø Noreg ønskjer å bli meir som nett det fellesskap som er innan Misjonsforeininga.

Det om individa i organisasjonane skal oppleve endring i relasjonen til dei tilsette og med det organisasjonen, avhenger av om organisasjonane ønskjer å endre dei strukturar dei har per i dag. Ønskjer den tradisjonelle organisasjonen å innrette seg meir som den meir moderne og vice versa? Dette er eit spørsmål eg ikkje har data til å svare, men som eg meiner denne studien har opna opp for.

Innan Misjonsorganisasjonen er i dag dei tradisjonelle verdiane retningsgjevande for arbeidet. Ein skal stå saman og kjempe mot same mål. Hjø Miljø Noreg er verdiane moderne og gjev individet stor fridom. Individet kan her setje sine eigne mål som dei vil forfølge. Individualisering som prosess er tilstade i begge formar for organisering, men på ulikt vis. Hjø Miljø Noreg pregar denne organisasjonen og dei institusjonelle diskursar, medan endringsprosessen hjå Misjonsforeininga ser ut til å liggje hjå individa i organisasjonen og særskilt dei frivillige. Hjø Misjonsforeininga er det organisasjonen som kjempar mot ved å halde organiseringa slik den er, medan dei frivillige nyttar dei høva dei har til sjølv å motsetje seg den tradisjonelle ordninga. Hjø Miljø Noreg på si side er det organisasjonen som er forkjempar for individualismen, medan dei frivillige som ønskjer seg eit tettare fellesskap. I tråd med Tönnies ([1887] 2001) analyse av samfunnet, visar både vesensvilja og viljeshandlinga seg innan begge organisasjonar, men i ulikt monn.

Forpliktande frivilligheit

Med bruk av gåveomgrepet som eit sensitivt omgrep i analysen, har eg opna opp for at frivilligheita i begge dei to kontekstane romma ei form for forplikting. Dei frivillige i

Misjonsforeininga er, som sagt, i stor grad forplikta overfor det trusfellesskap dei inngår i, og frivillig arbeid er noko dei gir inn til fellesskapet. Dette fellesskapet gjev også mykje att, slik motiva for å delta visar, og gåvas runddans med å gi, få og yte tilbake ligg til grunn for frivilligheita. Hjø Miljø Noreg finst ikkje dette trusfellesskapet. Dei frivillige her er ikkje del av organisasjonen og kjemper ikkje om måla til Miljø Noreg. Dei er tvert om lausrive frå organisasjonen i stor grad, og er del av ein organisasjon heller enn eit fellesskap.

Desse to typane fellesskap glir over i einannan i ønska til dei frivillige. Dei har kan hende underordna seg gjennom å ta del i styringa til organisasjonane, men erfaringane deira står fri frå desse diskursar. Likevel, mine informantar er knytt til den kontekst dei står i og det er synleg gjennom praksis korleis dei vel å handle.

Dei frivillige i Misjonsforeininga og Miljø Noreg synast slik å forplikte seg til andre frivillige og til organisasjonen i ulik grad. Titmuss (1970) sin analyse om gåva visar at gåva er styrt av dei sosiale relasjonar. Dei frivillige i Misjonsforeininga si deltaking kan slik sjåast som styrt av sosiale, kulturelle og økonomiske relasjonar som organisasjonen inngår i. Men også frivilligheita innan Miljø Noreg kan sjåast som forpliktande dersom Titmuss si innsikt nyttast til fulle. Den frivillige innsatsen hjå Miljø Noreg kan, med Titmuss, forståas som ei gåve der ein gir *utan* at ein er styrt av moral eller sosiale forventningar – utan ytre forpliktingar med andre ord. Ved å gje av eigen vilje, nett slik som dei som frivillige i Miljø Noreg, forpliktar ein seg sjølv. Dette, gåva til framande, kan sjåast som den reinaste fom for gåve, og, i tråd med Titmuss, som den høgst æra gåva i det moderne.

Litteraturliste

- Aakvaag, Gunnar C. (2005). "Sosiologi og frihet". *Sosiologisk Tidsskrift*. Nr. 2, 2005. s. 157-180. Oslo, Universitetsforlaget.
- Bauman, Zygmunt og Tim May (2004). *Å tenke sosiologisk*. Oslo, Abstrakt Forlag.
- Bauman, Zygmunt ([1988] 2003). *Frihed*. København, Hans Reitzels Forlag
- Bauman, Zygmunt (2004) *Flydende kærlighed*, København, Hanz Reitzels Forlag
- Blumer, Herbert (1969). "What is Wrong with Social Theory?". S. 140-153. I Blumer, Herbert *Symbolic Interactionism. Perspective and Method*. Berkely. Los Angeles, London, University of Californian Press.
- Christensen, Karen (1998). "I skyggen af Hellevik. Om udfordringer ved at arbejde Empirinært". s. 67-88. I Christensen, C., E. Jerdal, A. Møen, P. Solvang og L. J. Syltevik, *Prosess og metode*. Oslo, Universitetsforlaget.
- DeVault og McCoy (2006). "Using Interviews to Investigate Ruling Relations". I Smith, Dorothy E. (red.). (2006). S. 15-44. *Institutional Ethnography as Practice*. Oxford, Rowman and Littlefield Publishers.
- Fangen, Katrine (2004). *Deltakende observasjon*. Bergen, Fagbokforlaget.
- Gulbrandsen, Trygve og Guro Ødegård (2011). *Frivillige organisasjoner i en ny tid. Udfordringer og endringsprosesser*. Nr.1, 2011. Oslo/Bergen, Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Habermann, Ulla (2007). *En postmoderne helgen. Om motiver til frivillighet*. København, Museum Tusulanums Forlag.
- Kvale, Steinar og Svend Brinkmann (2009). *InterViews. Learning the Craft of Qualitative Research Interviewing*. 2. utg. Los Angeles, London, New Delhi, Singapore, SAGE Publications.
- Lindbekk, Tore (2001). *Samfunnsteori. Fra Marx til Giddens*. 2.utg. Trondheim, Tapir Akademisk Forlag.
- Lorentzen, Håkon og Jon Rogstad (1994). *Hvorfor frivillig? Begrunnelser for frivillig sosialt arbeid*. Nr.11, 1994. Oslo, Institutt for samfunnsforskning.
- Lorentzen, Håkon (2007). *Moraldannende kretsløp. Stat, samfunn og sivil engasjement*. Oslo, Abstrakt Forlag.
- Mauss, Marcel ([1950] (1995). *Gaven : utvekslingens form og årsak i arkaiske samfunn*. I serie Cappelen's upopulære skrifter. Oslo, Cappelen Akademiske Forlag.
- Mjøset, Lars (2003). "Sju teser om positivismekritikkens utfordringer ved århundreskriftet". *Sosiologisk tidsskrift*. Nr. 2, 2003. s. 23-44. Oslo, Universitetsforlaget
- Nicolaysen, Bente Blance (2007). *Giving, Receiving, Rendering. A study of Volunteering in Local Housewife Associations in the Bergen and Midt-Hordaland Region, Norway*

- 1950-2000. Doktorgradsavhandling ved Universitetet i Bergen, 2007. Bergen, Universitet i Bergen.
- Rapport, F.L. og C.J. Maggs (2002). "Titmuss and the gift relationship: altruism revisited". *Journal of Advanced Nursing*. Vol. 40, No. 5, 2002. s. 495-503. Henta 10.05.2012 frå <http://onlinelibrary.wiley.com/doi/10.1046/j.1365-2648.2002.02406.x/full>
- Selle, Per og Bjarne Øymyr (1995). *Frivillig organisering og demokrati: Det frivillige organisasjonssamfunnet endrar seg 1940-1990*. Oslo, Samlaget.
- Sherry, John F. Jr. (1990). "A Sociocultural Analysis of a Midwestern American Flea Market". *Journal of Consumer Research*. Vol. 17, 1990. Henta 09.10.2011. <http://www.nd.edu/~jsherry/pdf/1990/A%20Sociocultural%20Analysis%20of%20a%20Midwestern%20American%20Flea%20Market.pdf>
- Silverman, David (2006). *Interpreting Qualitative Data*. 3. utg. London, Sage Publications
- Silverman, David (2011). *Interpreting Qualitative Data*. 4.utg. London, Sage Publications
- Smith, Dorothy E (2005). *Institutional Ethnography. A Sociologi for People*. Oxford, AltaMira Press.
- Titmuss, Richard M. (1970). *The Gift Relationship. From Human Blood to Social Policy*. Oxford, George Allen & Unwin.
- Tönnies, Ferdinand og Harris, Jose (red.). ([1887] 2001). "Ferdinand Tönnies. Community and Civil Society". I serie *Cambridge texts in the history of political thought*. Cambridge, Cambridge University Press.
- Wadel, Cato (1991). *Feltarbeid i egen kultur: en innføring i kvalitativt orientert samfunnsforskning*. Flekkefjord, SEEK A/S.
- Wollebæk, Dag og Karl Henrik Sivesind (2010). *Fra folkebevegelse til filantropi? Frivillig innsats i Norge 1997-2009*. Nr.3, 2010. Oslo, Senter for forskning på sivilsamfunn og frivillig sektor.
- Wollebæk, Dag, Per Selle og Kristin Strømsnes (2008). *Endringsprosesser i norsk frivillighet. En kunnskapsoversikt*. Nr.6, 2008. Bergen/Rokkansenteret, Kultur- og kirke departementet

Andre kjelder

- St.melding nr 39 2006-2007. *Frivillighet for alle*. Oslo, Kultur- og kirke departementet. Henta 02.02.2012 frå <http://www.regjeringen.no/pages/1998147/PDFS/STM200620070039000DDDPDFS.pdf>

Vedlegg 1: Førespurnad om deltaking

Kjære tilsett ved [namn på organisasjon] Dato:

Mitt namn er Gunnhild Nag, og eg er mastergradstudent i sosiologi ved Universitetet i Bergen. I hovudfagsoppgåva mi skal eg skrive om friviljug arbeid og bruktmaknaden. I det høve ønskjer eg kontakt med folk som kan dele sine erfaringar med meg.

Ein stor del av Noreg si befolkning er med i friviljug arbeid til inntekt for velgjerande eller samfunnstenelege føremål, og eg ønskjer å finne ut meir om motivasjonen som ligg bak og som gjer at folk engasjerer seg i bruktmaknad/loppemarknad. Så fram de arrangerer bruktmaknad i år, vil det vere interessant å nytte dei verdiane som [organisasjonen] representerer som bakgrunnsteppe for studien om friviljug arbeid og bruktmaknaden.

Eg er interessert i å få fram perspektiva til ulike røyster, og ønskjer med det å intervjuje både deg som tilsett, ein "eldsjel" og ein av seljarane på bruktmaknaden. Eg vil nytte intervju som metode for å få fram den einskilde sine tankar og erfaringar. Intervjuet vil omhandle kvifor ein har vald å arbeide som friviljug, og om korleis det friviljuge arbeidet kan sjåast som eit uttrykk for ulike verdjar. Eg ønskjer også, om det er opning for det, å delta på planleggingsmøte for å få nærare kjennskap til arbeidet.

Intervju og notat frå observasjon vil bli anonymisert og alle opplysningar handsama konfidensielt. Prosjektet er meldt til Personvernombudet for forskning hjå Norsk Samfunnsvitenskapelig Datatjeneste AS. Alt av opplysningar som kan identifisera dei som deltek vil vere fjerna i det endelege resultatet av oppgåva. Bandopptak frå intervju vil bli sletta når masteroppgåva er ferdigstilt, seinast i januar 2013. Deltaking i prosjektet er friviljug, og ein kan trekkje seg når som helst utan å måtte grunngje dette.

Dei som skulle ønskje å delta vil få ein kopi av den ferdige oppgåva.

Eg tek kontakt om nokre dagar for å høyre om du har motteke dette brevet. Eventuelle spørsmål før den tid kan sendast til meg på e- post: gna061@student.uib.no, eller du kan ringe meg på mobilnummer: 95243018.

Venleg helsing

Gunnhild Nag

Vedlegg 2: Intervjuguide

Intervju med frivillige og tilsette.

Introduksjon:

Målet med dette intervjuet, og intervju med andre friviljuge, er å få innsikt i korleis det frivillige arbeidet med loppemarknaden / bruktmarknaden opplevas for dei involverte.

Eg vil nytte bandopptakar under intervjuet for sidan å skrive ned det som er blitt sagt. Det er berre eg som vil ha tilgang til dette opptaket, og det vil bli sletta straks det er nedskrive. Alt av informasjon kring dette intervjuet vil bli handsama konfidensielt. Har du nokre spørsmål før vi byrjar?

Presentasjon:

Kjønn og alder, type organisasjon, tilknytning - og varigheit av denne - til organisasjonen, form for arbeid og utdanning, bustad i by eller bygd no og i oppveksten, familiesituasjon.

Tema: Beskriving og grunngjeving for loppemarknaden / bruktmarknaden

- Korleis vil du beskrive loppemarknaden / bruktmarknaden du er med og arrangerer?
- Kva eigenskapar med loppemarknaden / bruktmarknaden set du mest pris på?
- Det følgjande spørsmålet er berre til tilsette: Kva er det som skil loppemarknaden / bruktmarknaden frå andre arrangement i regi av [organisasjonen]?
- Kva kan du fortelje om di oppleving av å vere på marknaden? Kva er marknaden for deg? (Kikke, leite, handle og sosialisere.)
- Kva tenkjer du dei som kjem til loppemarknaden for første gong sit igjen med?
- Kva oppleving vil du gjerne at dei skal sitje igjen med?

Tema: Erfaringar kring, og bakgrunn for engasjementet knytt til loppemarknaden / bruktnarknaden

- Kva er di første erfaring som friviljug på bruktnarknad / loppemarknad? Kva hende då?
- Kva var det som gjorde at du engasjerte deg? I organisasjonen? I arbeidet med loppemarknad / bruktnarknad?
- Kan du trekkje fram ei inspirasjonskjelde som har vore av særskilt betydning for at du no er engasjert i dette arbeidet / denne organisasjonen?
- I kva grad er motivasjonen for arbeidet den same no som det du hadde då du byrja?
- I tillegg til dette engasjementet knytt til loppemarknaden / bruktnarknaden, er du engasjert også på andre områder? I same organisasjon, i andre organisasjonar eller anna?
- Kva tenkjer du om den tida du brukar på friviljug arbeid?

Tema: Haldningar til, og verdien av friviljug arbeid

- Kva trur du andre meiner, og kva meiner du sjølv om viktigheita av friviljug arbeid?
- Kva tenkar du gjorde deg om friviljug arbeid / organisasjonslivet før du sjølv blei del av det?
- Kva betyr det for deg å få gjere eit arbeid utan å få løn for det / kva betyr det for det å gjere eit friviljug arbeid og få løn for det?
- Kva vil du seie er dei viktigaste skiljelinjene mellom frivillig (løna eller ikkje løna) og andre formar for arbeid?
- Kva betydning har det at loppemarknaden / bruktnarknaden er i regi / blir arrangert av friviljuge i regi friviljuge organisasjonar?

Tema: Arbeidsoppgåver og arbeidsfordeling

- I arbeidet med loppemarknaden / bruktnarknaden: Kva består arbeidet ditt i? Kva er dine arbeidsoppgåver? Eventuelt: Har du hatt andre oppgåver tidlegare? Kva?
- Skulle du ønskje ei anna form for oppgåve? Eventuelt: Kva er grunnane til det?
- Korleis vert arbeidsoppgåvene fordelt? Kven avgjer dette?
- I kva grad har dei ulike som er med og arrangerer sine egne ansvarsområder?

- Kor mykje tid går med til førebuing? Kva går det mest tid til under arrangementet?
- Kan du trekkje fram nokre gode erfaring frå arbeid med loppemarknad / bruktmaknad?
Nokre dårlege?

Tema: Samhandling mellom ”arbeidskollegaer”

- Kor godt kjenner du dei som er med?
- Korleis er det å jobbe saman med dei?
- I kva grad består arbeidet ditt i å arbeide saman med andre, og i kva grad arbeidar du åleine?
- Kjenner du fellesskap med dei andre du arbeidar saman med / rundt?
- Korleis spelar dette (ovanfor nemnde) (fellesskapet / samarbeidet / konflikten / anna) inn på innsatsen?

Tema: Føremål og hensikt med marknaden

- Kva meiner du at er det viktigaste føremålet med marknaden?
- Kan marknaden ha ulike føremål for den einkilde som deltek? Kva for føremål?
- Det følgjande spørsmålet er berre til tilsette: Er marknaden del av eit større arbeid med eit overordna mål? Eventuelt: Kva er det overordna målet med marknaden?
- Det følgjande spørsmålet er berre til tilsette: Kva kan vere eventuelle hindringar i arbeidet mot målet? Og kva skuldast desse hindringane?
- Kva eller kven pengane går til? Kvifor gje til dette / desse?
- Er det inntektene som kjem i fokus på / for arrangementet, eller er det andre fokuspunkt som står sentralt / stikk seg fram?
- Kva er det mest sentrale som står i sentrum av marknaden?

Avslutning

- Kva skal til for at du held fram med dette arbeidet vidare?
- Kva kan eventuelt hindre deg i å halde fram med dette arbeidet i tida som kjem?
- Har du meir du vil føye til før vi sluttar av intervjuet?

Vedlegg 3: Observasjonsguide

Observasjon av planleggingsmøter og marknad.

Protokoll:

Dato og klokkeslett (frå-til):

Arena: Marknad / planleggingsmøte

1. Fysisk arena

Lokalitet

- Type, lokalitet og storleik på arenaen (hall, m / u parkering / torg, pent eller shabby)? (Nb: Tegn kart.)
- Er lokalet delt inn i ulike områder? Korleis? (Avdelingar bestemt etter aktivitet / type varer / personar / anna?) (Forut bestemt?)
- Finst det noko bakrom / rom som berre er tilgjengelege for visse grupper? (Forut bestemt?) Kven er her, og kva skjer her? Korleis er tilgangen til desse romma? Kva er avstanden mellom desse romma? I kva grad, og korleis, bevegar ein seg inn og ut av desse romma og lokalet ellers? Nøklar?
- Kvar går sal og kjøp føre seg? (Forut bestemt?) (Over disk?) (Faste eller flytande grenser?)
- Formar for symbolbruk og eventuell plassering. (Banner? bilete?)

Menneska i lokala

- Kven er tilstade? (Yrkesgrupper, aldersgrupper, familiar, lokalebefolkning. Erfarne/ nye friviljuge / besøkjande? Kven høyrer naturleg til i settinga? "Utanforståande" som kjem til?)
- Kva kjenneteiknar dei ulike? (Beskriving av dei viktigaste personane.)
- Kor mange?
- Kvar er dei friviljuge?
- Kven grupperar seg saman, kven er åleine? Plassering.

- Kva gjer nærværet deira for situasjonen?
- Korleis er stemninga? (Musikk? Velkomsthelsingar?)

2. Beskriving av samhandling og sosiale relasjonar

Avgjersler

- Kven leiar, er det ein bestemt person / gruppe / kjønn, eller ikkje? Eventuelt korleis varierer dette? Etter situasjon eller aktivitet? (Kva konsekvensar har dette?)
- Korleis vert handelen ordna (til forskjell frå i butikk) (ettersom det er få eller mange friviljuge / besøkjande)? (Avhengig av kjønn?) (Pruting? Service og ”kunden har alltid rett”?)

Andlet - til - andlet kommunikasjon

- Korleis samtalar dei friviljuge med dei besøkjande i dei ulike situasjonane (opning på samtalen, lengde, avslutning), kva samtalar dei om? Ulikt etter kjønn?
- Kva form for tilbakemeldingar får dei / spør dei etter? Kven spør / gjev tilbakemelding, og i kva situasjon?
- Kven er dei mest aktive i interaksjonen?
- Samhandling (formell, uformell, kven?, kroppsspråk, avstand, ansikts- uttrykk, posisjon i settinga, kommunikasjonsmedium (noterer, penn og papir, datamaskin, telefon)).

Flyttingar / endringar

- I kva grad, og korleis (forsiktig eller rett fram?) beveg dei friviljuge seg ut og inn av ulike settingar?
- Samarbeid mellom kven? Konflikt? (Bytte av roller, overtaking av arbeid, friviljug eller tvang? Aktiv søking, passiv eller uunngåeleg?)

3. Aktivitetar

- Kven gjer kva? (Parkering...)
- Typar av aktivitetar og tid brukt på desse.
- Høgdepunkt?
- Kva gjer dei friviljuge når dei ikkje gjer sine spesifikke arbeidsoppgåver? (Samtalar?)
- Korleis nyttar dei ressursane som er tilstade når dei utfører desse (ovannemnde) aktivitetane?

- Kva brukar dei friviljuge mesteparten av tida si på?

4. Organisasjon og rutiner

- Utsegn / påbod / hendingar som handlar om kva leiarar eller andre ”predikerar” om til dømes organisering av arbeid
- Skil dei friviljuge seg ut av mengda? (Uniform, skilt, tilnamn?)
- Kva typar arbeid blir utført av kven? Kor og korleis?
- Kva typar av sosialt finn stad? Korleis tek det form, og kva innhald har det?

Vedlegg 4: Rettingar

Gjennomgåande rettingar:

«Miljø Norge» er retta til «Miljø Noreg» og hermeteikn er bytt til ein bestemt teikntype i staden for to ulike.

Rettingar til dei ulike kapitla:

SAMANDRAG

I avsnitt to, første setning er det sett inn eit komma bak «samfunn».

Avsnitt 2, linje 6, det presisert «*faktisk* frivillig aktivitet».

Andre avsnitt: dei to siste setningane er slått saman.

I tredje avsnitt, første setning, tredje ledd er ordet? «slik» teke ut.

Avsnitt 3, linje 7, «dei sams forståingsrammer» korrigert til «desse sams forståingsrammer».

Fjerde avsnitt, linje 4, «tekstleg formidlar» retta til «tekstleg *formidla*».

I fjerde avsnitt, linje 6, er uttrykket «vert koordinerande for handling» retta til «*samordnar handling*».

I fjerde avsnitt, linje sju, er første setning «organisasjonanaes» retta til «*organisasjonanes*».

I sjette avsnitt er første setning «Det er interessant å sjå korleis dei frivillige hjå dei ulike organisasjonane trekk mot einannan og kvarandre sine diskursar» retta til «*Eit viktig funn er korleis fri frivillige hjå dei ulike organisasjonane trekk mot einannan og kvarandre sine diskursar*» og punktum er bytt ut med semikolon.

I avsnitt seks, linje 3 sto «i større grad» to stader like etter einannan og det eine er teke bort.

I avsnitt seks, siste setning er «kontekstar» spesifisert til «*organisasjonskontekstar*».

I siste avsnitt, første linje, «per i dag» er presisert til «anno 2013».

I siste avsnitt, siste setning er «andre» presisert til «*organisasjonsfellesskapet*».

Sist på sida er antal ord korrigert.

INNHALDSLISTE

«*Innhaldsliste*» er sett inn som tittel på tekst, somme sidetal er korrigert, «kontekst» er retta til «*Frivillig organisering i Noreg*», det er sett inn tankestrek i staden for ... i setninga «Ståstad – egne erfaringar frå frivillig arbeid», «tilgang til feltet» er korrigert til «tilgang til felta» og kapitteloverskrifta «Avslutning» er presisert til «Avslutning og diskusjon».

KAPITTEL 1: INNLEIING

Innfallsvinkel:

Avsnitt 1, linje 7: komma i setninga er teke bort.

Andre avsnitt, linje 8: referansen «Wollebæk og Sivesind 2010; Gulbrandsen og Ødegård 2011» er sett inn.

Frivilligheit som sosiologisk tema:

Avsnitt 1: Setninga «Staten har hatt interesse av frivillig sektor blant anna på bakgrunn av sektorens viktige rolle for demokratiet» var ei gjentakning og er teke ut av teksten.

Avsnitt 1, linje 9: «den demokratiske strukturen» er retta til «den demokratiske strukturen i organisasjonane».

Avsnitt 1, linje 10: «kritiske samfunnsaktør» er retta til «*kritisk* samfunnsaktør».

Avsnitt 2, første setning, «men» er teke bort i starten på setninga.

Andre avsnitt, linje 4: «møter stor motstand» er retta til «møter likevel stor motstand».

Tredje avsnitt, første linje: setninga startar no med bestemt pronomen.

Tredje avsnitt, linje 6: «måtar å frivilligheit på» er retta til «måtar å *gjere* frivilligheit på».

I fjerde avsnitt første setning er «Dette organisasjonsteoretisk synet retta til «Dette *organisasjonsteoretiske* synet» og «gjev forskinga som» er retta til «gjev *forsking* som».

I fjerde avsnitt, linje fire er siste setning retta til: «Endringar i relasjonen mellom frivillig og organisasjon med utgangspunkt i den frivillige fell *med det* utanfor tidlegare forskings problemområde».

Femte avsnitt, linje 7 er «endringane» presisert til «*endringsprosessane*».

Femte avsnitt, linje 7 er «endringane har innverknad» retta til endringane *kan tenkjast å ha* innverknad».

I femte avsnitt, siste setning er det sett inn verbet «vere» som tidlegare mangla.

I åttande avsnitt, linje 3 er endra frå «komplekst» til «samansett».

Avsnittet nedst på sida er ei samankopling av to.

Dei to siste avsnitt er kopla saman, og referanse «Blumer 1969» er flytta opp.

Tematisk avgrensing og problemstilling:

I andre avsnitt, linje 4 er uttrykket «i høve til dette» kutta ut før semikolon.

I første avsnitt under «tematisk avgrensing og problemstilling», linje 2-3 er det sett inn presiseringa «*det ein kan kalle*» framfor «den tradisjonelle» og «den moderne frivilligheit», og i andre ledd i setninga er «og har vald» presisert til «og *eg* har *derfor* vald».

I første avsnitt, siste setning er «representerar» retta til «*representerer*».

Fjerde avsnitt, tredje linje, er «tal regionar» endra til «tal *på* regionar».

I 7. avsnitt, linje 2 er «Norge» retta til «Noreg».

I 7. avsnitt, linje 4 er «heime» spesifisert til «i Noreg».

I 7. avsnitt, linje 4 er komma teke bort etter «nettverksskaping».

Starten på åttande avsnitt er endra frå «Eg vil studere... og sjå nærare på» til «*Ved å studere..., vil eg sjå nærare på*».

Oppgåvas disposisjon:

I andre avsnitt, linje 5, er «innan dette feltet» sløyfa etter «handling».

I tredje avsnitt skal det stå det no at den metodiske hovudtilnærminga er *institusjonell etnografi* slik den er utforma av Dorothy Smith.

Sist i tredje avsnitt mangla denne siste delen: «og dei institusjonelle diskursar for det frivillige arbeidet slik dei kjem til uttrykk i materiell tekst».

Sist i femte avsnitt mangla det også tekst som no er sett inn: «fordi det gir eit innblikk i ulike institusjonelle diskursar i kvar av organisasjonane som eg i dei neste kapitla vil sjå om kjem til uttrykk i praksis».

KAPITTEL 2: FRIVILLIG ORGANISERING I NOREG

I første avsnitt er setninga «Heilskapsbiletet visar at det norske organisasjonssamfunn som vitalt og framgangsrikt» er retta til «Heilskapsbiletet *presentert gjennom tidlegare forskning samt Stortingsmeldinga «Frivilligheit for alle» (St.meld nr 39 2006-2007)* visar det norske organisasjonssamfunn som vitalt og framgangsrikt».

Første setning i andre avsnitt er flytta ned frå slutten på førre avsnitt og «organiseringa» er presisert til «frivilligheitas ulike formar».

Omfang og utbreiing:

I første setning er tittelen på Stortingsmeldinga sett inn i hermeteikn.

I første setning i andre avsnitt er «Frivillig sektor I Noreg» retta til «Frivillig sektor *i* Noreg».

Andre avsnitt, linje 5/6: «Rapporten» er retta til «Rapporten *deira*».

Andre avsnitt, linje 8: «frå perioden» er retta til «*i* perioden».

Siste setning i andre avsnitt, siste ledd er «ei svak nedgang i frivillig innsats» presisert til «ei svak nedgang i frivillig innsats *i dette tidsrommet*».

